

«Black Lives Matter: motivasjon, identitet og retten si rolle»

Ein retts sosiologisk studie av Black Lives Matter demonstrasjonane i Noreg



Anna Gangeskar Paris

Masteravhandling i rettssoiologi
Institutt for kriminologi og rettssoiologi
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I OSLO
Haust 2022

Masteravhandling:

**Black Lives Matter: motivasjon, identitet
og retten si rolle.**

Ein rettsososiologisk studie av Black Lives Matter
demonstrasjonane i Noreg

© Anna Gangeskar Paris

2022

Black Lives Matter: motivasjon, identitet og retten si rolle.

Ein rettssosiologisk studie av Black Lives Matter demonstrasjonane i Noreg

Anna Gangeskar Paris

<https://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Tittel: Black Lives Matter: motivasjon, identitet og retten si rolle.

Undertittel: Ein rettssosiologisk studie av Black Lives Matter demonstrasjonane i Noreg

Forfattar: Anna Gangeskar Paris

Rettleiar: Sveinung Sandberg

Levert ved: Institutt for kriminologi og rettssosiologi (UiO), september 2022

Samandrag

Den sosiale rørsla Black Lives Matter (BLM) skapte stor merksemd med demonstrasjonar i byar over heile verda i løpet av våren 2020. I Noreg var det eit engasjement knytt til den antirasistiske kampen som ikkje er sett liknande til i moderne tid. Den utløysande faktoren var drapet på afroamerikanske borgaren George Floyd som dermed opna opp for ein verdsomspennande kritikk retta mot det amerikanske politivesen for å ikkje beskytte borgarane, men tvert i mot bli brukt til rasistisk motivert vald mot personar. I tillegg blir det belyst ei manglande rolle av rettssystemet til å kunne sikre rettssikkerheit og beskyttelse mot valdsmonpolet til staten. Det kontekstuelle rammeverket i USA er ikke noko som enkelt kan overførast til ein norsk kontekst, men under BLM-demonstrasjonane brukte deltakarane kjølvatnet av dei globale demonstrasjonane til å sette antirasisme i debatt og på agenda, også i det norske samfunn. Dei juridiske, sosiale og politiske utfordringane knytt til rasisme og diskriminering i Noreg, krever løysingar som blir forma ut frå den samfunnsmessige konteksten den tilhøyrer. Formålet med denne avhandlinga grunnar i ein tredelt intensjon. Ved å ta utgangspunkt i motiv som ligg bak deltaking i demonstrasjonane vil det kunne belyse problematikken som rasisme og diskriminering utgjer i dagens samfunn. Fokuset på deltakarane sine perspektiv vil også vektlegge korleis sosial mobilisering saman kan utgjer ei innflytelsesrik eining med påverknadskraft til å løfte problematikken i fellesskap under ein kollektiv identitet under fellesnemnaren BLM. Til slutt vil det rettssosiologisk rammeverket nyttast for å undersøke i kva grad ulike aspekt av rasisme som blir uttrykt gjennom mobilisering, blir forstått i rettsstatens perspektiv på konflikt i samfunnet.

Kapittel 2 vil vere eit bakgrunnskapittel som vil reiegjere tema for avhandlinga i lys av tidlegare forskning. Kapittelet vil sette oppgåva i ein kontekst ved å kort introdusere dei overordna tematikkane i tidlegare forskning for å belyse kva eg vil tilføre forskingsfeltet med avhandlinga. Dette inneberer å kontekstualisere BLM som rørsle; sosiale rørsler i samfunnsvitskapen; utviklinga av samfunnsforskning om rasisme og diskriminering; og retten si rolle i samfunnet.

Vidare vil kapittel 3 presentere det teoretiske rammeverket som legg grunnlaget for analysen av datamaterialet. Dette inneberer ei omgrepsforklaring av BLM som ei sosial rørsle; rasisme og diskriminering slik det vil bli forstått i denne avhandlinga; kva som ligg i omgrepet motiv og dens rolle for mobilisering; korleis identitet blir forstått i form av individuell og kollektiv identitet, samt rørsleidentitet; korleis rettssosiologiske perspektiv blir nytta som verktøy for å tolke sosial mobilisering og rørsleidentitet i vekselverknad mellom samfunn og retten.

I kapittel 4 vil eg gå inn på dei metodiske vala eg har gjort for å gjennomføre innsamling og behandling av datamateriale. Kapittelet vil ta for seg utforminga av avhandlinga frå start til slutt for å presentere det metodiske grunnlaget og reiegjere for forskningsetisk omsyn.

Kapittel 5 er første del av analysen, kor eg vil gå inn på kva som er dei hovudsaklege kategoriane for motivasjon for deltaking i BLM-demonstrasjonane. Fokuset vil vere på deltakarane si vektlegging av sosiale, kulturelle og politiske motiv som bakgrunn for sosial mobilisering.

Deretter vil kapittel 6 analysere erfaringane for deltakarane under demonstrasjonen med utgangspunkt i kjenslers betydning vil eg analysere ulike aspekt ved identitet og korleis det skapte fellesskapet formar ein kollektiv identitet. Hensikten er å undersøke kva som utgjeer det kollektive i demonstrasjonen og som har potensiale til å skape påverknad som går utover dei som deltar i demonstrasjonen.

I kapittel 7 vil analysen avslutte med å undersøke prosessen etter demonstrasjonen ved å trekke dei empiriske funna til om motiv og identitet bak sosial mobilisering til eit rettssosiologisk perspektiv for å undersøke vekselverkanden mellom retten og samfunnet i lys av deltakarane sine erfaringar med BLM-demonstrasjonane. Avslutningsvis vil eg gå inn på i kva grad retten kan imøtekome deltakarane sine perspektiv på og meiningar om å motverke rasisme og diskriminering, slik den er utforma i dagens norske samfunn.

Kapittel 8 vil oppsummere dei mest sentrale funn i analysen og reiegjere for i kva grad dei overordna tematikkane om bakgrunn for mobilisering, betydning av kjensler og kollektiv identitet og retten si rolle i motverking av rasisme og diskriminering vil bidra i samfunnsforskning.

TAKK!

Eg ser tilbake på dei siste åra som masterstudent med audmjuke og stoltheit om at eg har gjennomført masterprogrammet i rettssosiologi. Gjennom ein periode påverka av ein pandemi og lockdown, har det i tillegg til lange dagar med skriving endt opp med eit resultat som gir ei ekstra god kjensle av mestring. Dette er noko eg gjerne vil takke mine viktige støttespelarar som eg har hatt rundt meg heile vegen. Eg hadde ikkje klart dette utan alle dykk.

Først og fremst vil eg takke informantane for at de ville stille til intervju og dele tankar, kunnskap og erfaring. Avhandlinga hadde ikkje vore mogeleg utan det sterke engasjementet de har vist rundt tema.

Takk til rettleiar Sveinung Sandberg for gode innspel for gjennomføring, motivasjon og perspektiv. Til forskingsgruppa med Rune Ellefsen og Azin Banafesh vil eg sei tusen takk for å få vere ein del av forskingsprosjektet, og for gode samtalar og samarbeid med dykk.

Til min gode samtalepartner Amelia som har vore med på dette saman med meg. Eg setter utruleg pris på motiverande ord, diskusjon og hjelp frå start til slutt.

Takk til venner og familie for støtte heile vegen, takk for at eg har blitt heia på gjennom heile prosessen. De har vore viktige støttespelarar for meg heile vegen. Ekstra takk til Maggi for all hjelp undervegs og spesielt for moralsk støtte. Tusen takk til Marius for forståing og tolmod.

Til slutt vil eg takke dei fine medstudentane mine som eg har studert med dei siste to åra. Takk for at de har holdt ut med meg gjennom ei berg- og dalbane av kjensler som det har vore i masterskrivinga, både lunsj, latter og tårer.

Oslo, september, 2022

Anna Gangeskar Paris

Innholdsliste

Kapittel 1: Introduksjon og bakgrunn	1
1.0 Bakgrunn for avhandlinga	1
2.0 Problemstilling	2
3.0 Oppbygging av avhandlinga	3
Kapittel 2 Tidlegare forskning	5
1.0 Introduksjon	5
2.0 Sosial rørsle	5
2.1 Black Lives Matter	5
2.2 Utforming av sosial rørsle i samfunnsvitskapen	7
2.3 BLM sin plass i samfunnsforskning	8
3.0 Utvikling av rasisme og diskriminering i samfunnsforskning	11
3.1 Historisk perspektiv	11
3.2 Nyare perspektiv	12
4.0 Retten si rolle i samfunnet	13
Kapittel 3 Teoretisk rammeverk	16
1.0 Introduksjon	16
2.0 Sosial rørsle	16
3.0 Rasisme og diskriminering	18
3.1 Definerings av omgrepa	18
3.2 Strukturell rasisme	20
3.0 Motivasjon	22
4.0 Identitet	24
5.0 Retts sosiologiske perspektiv	26
Kapittel 4: Metodologisk rammeverk	31
1.0 Introduksjon	31
2.0 Kvalitativ tilnærming	31
3.0 Datainnsamling	33
4.0 Databehandling	37
5.0 Temaanalyse som analysestrategi	39
6.0 Forskingsetiske omsyn	41
Kapittel 5 Bakgrunn for mobilisering	44
1.0 Introduksjon	44
2.0 Sosial endring	44
2.1 Oppbygging og mobilisering	44

2.2 Solidaritet	47
3.0 Kulturell haldningsendring gjennom kunnskapsproduksjon	49
4.0 Politisk endring	53
5.0 Oppsummering	55
Kapittel 6 Kjensler og identitet	57
1.0 Introduksjon	57
2.0 Kjensler	58
3.0 Emosjonell bearbeiding etter demonstrasjonen	61
4.0 Kollektiv tilhøyrse	63
5.0 Nedtrapping av engasjement	66
6.0 Oppsummering	69
Kapittel 7 Retten si rolle	71
1.0 Introduksjon	71
2.0 Avstand til retten	71
3.0 Årsaker til at rettsleg veg ikkje blir brukt	74
4.0 Manglande kunnskap om kva rettslege verkemiddel som er tilgjengelege	76
5.0 Oppsummering	79
Kapittel 8 Avslutning	80
Vedlegg 1: Samtykkeskjema	85
Vedlegg 2: Intervjuguide	88
Litteraturliste	93

Kapittel 1: Introduksjon og bakgrunn

1.0 Bakgrunn for avhandlinga

I løpet av våren 2020 var det demonstrasjonar i byar over heile verda under fellesnemnaren Black Lives Matter (BLM).¹ Bakgrunnen for mobilisering var at amerikanske George Floyd blei halden nede av ein politimann med eit kne på nakken i åtte minutt og 46 sekund som resulterte i at Floyd døde av skadane i kort tid etter. Han er ein av mange mørkhuda menneske som har blitt drepen av politi i USA. Filmen av hendinga spreidde seg på sosiale medium og starta ei rekke demonstrasjonar mot politivald og for antirasisme over heile verda. Utover sommaren var det eit nyvekkande fokus på antirasisme som ikkje har samanlikning i norsk historie. Over heile landet skapte Black Lives Matter merksemd ved at tusenvis av unge norske menneske samlast i solidaritet for å sette rasisme og diskriminering på agendaen.

Den sosiale rørsla Black Lives Matter blei starta i kjølvatnet etter drapet på 17-år gamle Trayvon Martin i 2014. Den sosiale rørsla omhandlar grupper som mobiliserast for å kollektivt kommunisere motstand mot etnisk diskriminering og rasisme. I dei følgjande åra har det vore fleire tilfelle med demonstrasjonar som følgje av framheva dødsfall av svarte menneske i USA. Blant anna har Eric Garner, Breonna Taylor og Michael Brown vore sentrale namn i utforminga av den sosiale rørsla, men det var ikkje før dødsfallet på George Floyd i 2020 at BLM slo rot i det norske samfunn. Det sosiale og politiske engasjementet som var tilstede under demonstrasjonane for Black Lives Matter er den største mobiliseringa for antirasisme i Norge og er derfor interessant å undersøke kvifor det ved dette tilfellet førte til mobilisering.

Det kontekstuelle rammeverket i USA er ikke noko som enkelt kan overførast til ein norsk kontekst, men under BLM-demonstrasjonane brukte deltakarane kjølvatnet av dei globale demonstrasjonane til å sette antirasisme i debatt og på agenda, også i det norske samfunn. Dei juridiske, sosiale og politiske utfordringane knytt til rasisme og diskriminering i Noreg, krever løysingar som blir forma ut frå den samfunnsmessige konteksten den tilhøyrer. Det sosiale engasjementet som blir vist av deltakarane er noko som er sentralt i seg sjølv å undersøke som politisk verkemiddel. Følgjande vil eit rettsosjologiske perspektiv blir nytta som verktøy for å tolke sosial mobilisering og rørsleidentitet i vekselverknad mellom samfunn og retten. Dette vil innebere eit kritisk perspektiv på rettspositivisme i den grad den juridiske profesjon og

¹ Black Lives Matter vil bli omtalt med forkortinga BLM

rettsapparat sin apolitiske og autonome utforming kan påverkast av rørsledynamikken. Vidare vil det dermed stillast spørsmål i kva grad det rettslege rammeverk kan vurderast å vere eigna til å motverke rasisme og diskriminering i form av ein sosial, politisk og dynamisk samfunnskonflikt.

2.0 Problemstilling

Avhandlinga vil ha som utgangspunkt i å undersøke i kva grad deltakarane brukte BLM-demonstrasjonane i kjølvatnet av drapet på George Floyd til å sette tema antirasisme i debatt og på agenda i det norske samfunn. Avhandlinga vil ta utgangspunkt i å undersøke tre ulike forskingsspørsmål:

1. *Kva motiv ligg bak deltaking i BLM-demonstrasjonane i Noreg?*
2. *I kva grad er BLM som sosial rørsle eit sentralt verktøy for å kunne mobilisere deltakarane i ein felles eining mot rasisme og diskriminering?*
3. *Kva rolle har retten i motverking av rasisme og diskriminering og i kva grad reflekterast denne i deltakarane sin motivasjon?*

Ut frå BLM-demonstrasjonane sin samfunnskritikk ønsker eg med denne oppgåva å bidra med eit rettssosiologisk perspektiv til korleis tematikken om rasisme og diskriminering blir problematisert av deltakarane. Gjennom ein induktiv framgangsmåte for gjennomføring av eit kvalitativt forskingsprosjekt, vil eg undersøke kvifor deltakarane meiner det er eit behov for å uttrykke motstand mot rasisme og diskriminering i det norske samfunnet. Deretter vil eg analysere datamateriale i lys av deltakarane sine perspektiv for motiv og intensjon for å delta i BLM-demonstrasjonane. Formålet er å trekke empiriske funn om motiv og identitet bak sosial mobilisering til eit rettssosiologisk perspektiv, ved å undersøke vekselverkanden mellom retten og samfunnet i lys av deltakarane sine erfaringar med BLM-demonstrasjonane. Følgjande i kva grad retten kan imøtekomme deltakarane sine perspektiv og meiningar for å motverke rasisme og diskriminering, slik den er utforma i dagens norske samfunn.

3.0 Oppbygging av avhandlinga

For å svare på dei tre overordna forskingsspørsmåla er avhandlinga bygd opp på denne måten:

Kapittel 2 vil vere eit bakgrunnskapittel som vil reiegjere tema for avhandlinga i lys av tidlegare forskning. Kapittelet vil sette oppgåva i ein kontekst ved å kort introdusere dei overordna tematikkane i tidlegare forskning for å belyse kva eg vil tilføre forskingsfeltet med avhandlinga. Dette inneberer å kontekstualisere BLM som rørsle; sosiale rørsler i samfunnsvitskapen; utviklinga av samfunnsforskning om rasisme og diskriminering; og retten si rolle i samfunnet.

Vidare vil kapittel 3 presentere det teoretiske rammeverket som legg grunnlaget for analysen av datamaterialet. Dette inneberer ei omgrepsforklaring av BLM som ei sosial rørsle; rasisme og diskriminering slik det vil bli forstått i denne avhandlinga; kva som ligg i omgrepet motiv og dens rolle for mobilisering; korleis identitet blir forstått i form av individuell og kollektiv identitet, samt rørsleidentitet; korleis rettssosiologiske perspektiv blir nytta som verktøy for å tolke sosial mobilisering og rørsleidentitet i vekselverknad mellom samfunn og retten.

I kapittel 4 vil eg gå inn på dei metodiske vala eg har gjort for å gjennomføre innsamling og behandling av datamateriale. Kapittelet vil ta for seg utforminga av avhandlinga frå start til slutt for å presentere det metodiske grunnlaget og reiegjere for forskningsetisk omsyn.

Kapittel 5 er første del av analysen, kor eg vil gå inn på kva som er dei hovudsaklege kategoriane for motivasjon for deltaking i BLM-demonstrasjonane. Fokuset vil vere på deltakarane si vektlegging av sosiale, kulturelle og politiske motiv som bakgrunn for sosial mobilisering.

Deretter vil kapittel 6 analysere erfaringane for deltakarane under demonstrasjonen ved å undersøke prosessen kor individuelle deltakarar blir å utgjere ein kollektiv eining. Hensikten er å undersøke kva som utjger det kollektive i demonstrasjonen og som har potensiale til å skape påverknad som går utover dei som deltar i demonstrasjonen. Med utgangspunkt i kjenslers betydning vil eg analysere ulike aspekt ved identitet og korleis det skapte fellesskapet formar ein kollektiv identitet.

I kapittel 7 vil analysen avslutte med å undersøke prosessen etter demonstrasjonen ved å trekke dei empiriske funna til om motiv og identitet bak sosial mobilisering til eit rettssosiologisk perspektiv for å undersøke vekselverkanden mellom retten og samfunnet i lys av deltakarane sine erfaringar med BLM-demonstrasjonane. Avslutningsvis vil eg gå inn på i kva grad retten kan imøtekome deltakarane sine perspektiv på og meiningar om å motverke rasisme og diskriminering, slik den er utforma i dagens norske samfunn.

Kapittel 8 vil oppsummere dei mest sentrale funn i analysen og reiegjere for i kva grad dei overordna tematikkane om bakgrunn for mobilisering, betydning av kjensler og kollektiv identitet og retten si rolle i motverking av rasisme og diskriminering vil bidra i samfunnsforskning.

Kapittel 2

Tidlegare forskning

1.0 Introduksjon

I denne delen av avhandlinga vil eg sette lys på tre overordna tematikkar for å plassere BLM-demonstrasjonane i eit samfunnsvitskapleg rammeverk. Formålet er å vise korleis tematikkar som BLM tar opp, mellom anna sosial mobilisering, rasisme og diskriminering, har blitt forska på tidlegare og dermed avklare korleis denne avhandlinga har som mål om å bidra i kunnskapsproduksjonen. Første forskingstema inneberer å kartlegge BLM som ei sosial rørsle individuelt og i lys av eit større forskingsfelt av sosiale rørsler. Følgjande, vil kapittelet gå inn på korleis sosiale rørsler har blitt forska på innan samfunnsvitskap, for å trekke fram dei dominerande teoriane for korleis sosial mobilisering blir til og kva verknad dei har på samfunnsutviklinga. Andre forskingstema vil ta for seg utviklinga av det samfunnsvitskaplege forskingsfeltet innanfor rasisme og diskriminering. Dette vil ha med hensikt å undersøke ei utvikling av korleis rasisme og diskriminering har blitt forstått i ein fagkunnskapeleg kontekst. Det tredje tema vil innebere å kontekstualisere avhandlinga sitt overordna bidrag i den rettsosjologiske fagkunnskapen.

2.0 Sosial rørsle

2.1 Black Lives Matter

Sett i eit historisk perspektiv blei Black Lives Matter som ei sosial rørsle starta i 2013, i kjølvatnet av drapet på Trayvon Martin, ein sytten år gammal afroamerikansk gut i USA. I åra etterpå har fleire tilfelle av drap av mørkhuda gutar i henda til kvite drapsmenn, som oftast politimenn, ført til ein enorm rørsle som organiserer protestar mot (politi)vald mot svarte menneske. Merkelappen «Black Lives Matter» er ikkje avgrensa eller eksklusiv til ei gruppe, men nytta som eit varemerke av eit breitt utval av grupper og organisasjonar sidan det blei starta i 2013. Folk har mange ulike grunnar til å delta i ei sosial rørsle som BLM, men ein grunnleggande fellesoppfatning bygger på å motverke politibrutalitet og rasemotivert vald og forskjellsbehandling av svarte menneske. Dermed rommar det eit omfattande mangfald av organisasjonar som jobbar for ulike endringar retta mot svart liberalisme over heile verda. Ulike motiv innanfor rammeverket av BLM er difor kontekstuellt avgrensa i geografisk og

samfunnspolitisk rammeverk. Organisasjonen Black Lives Matter sjølv skildrar si grunnlegging og formål på denne måten:

“#BlackLivesMatter was founded in 2013 in response to the acquittal of Trayvon Martin's murderer. Black Lives Matter Foundation, Inc. is a global organization in the US, UK, and Canada, whose mission is to eradicate white supremacy and build local power to intervene in violence inflicted on Black communities by the state and vigilantes. By combating and countering acts of violence, creating space for Black imagination and innovation, and centering Black joy, we are winning immediate improvements in our lives”. (Black Lives Matter, n.d.b)

Mange deltakarar vel å stille seg bak denne felles målesetninga, men individuell autonomi og uavhengigheit til organisasjonar i ei sosial rørsle lagar rom for personlege motiv. BLM har vokse til ein sterk organisasjon, særleg synleg i sosiale medium med 4.2 millionar følgjarar på Instagram og 1. million følgjarar på Twitter. Black Lives Matter er ei sosialpolitisk rørsle som mobiliserte millionar menneske til å demonstrere i solidaritet til George Floyd mot rasisme og diskriminering på ein nasjonal og internasjonal arena. Personlege erfaringar med rasisme og diskriminering er utfordrande å skulle passe innanfor eit avgrensa rammeverk, fordi det kan opplevast på så ulike måtar. BLM har ei open utforming, som gir fordelar og ulemper med ekspandering av den sosiale rørsla, som skapte ei moglegheit for å kunne knytte saman personlege motiv og intensjonar til ein felles målretta aktivisme.

I forskning har det vore eit fokus på utforming og rekruttering til sosiale rørsler, men det er relativt lite kjent om kva som overtaler folk til å delta i sosiale protestar «før rørsleorganisering med strategisk rekruttering har blitt etablert» (Poletta, 2006: 28). Motivasjon har som regel blitt tatt for gitt og gitt ingen merksemd (Jasper, 1998: 410). Forsking om sosial rørsler har i liten grad konsentrert seg på individnivå, men har heller hovudsakleg sett på makroprosessar og sosiale rørsleorganisasjonar innanfor ramma av strukturanalyse (Fillieule & Neveu, 2019). I tillegg er analyse på mikronivå framleis svært opptatt av korleis individuell erfaring i sosiale rørsler er grunnleggande for livet til deltakarane etter rørsla, som går på kostnad av det større bilete om kva som er i stand til å produsere faktorane og kreftene som mobiliserer den enkelte deltakaren. Avhandlinga vil ta utgangspunkt i BLM som sosial rørsle si opne utforminga og inkludering moglegheit for å undersøke dei ulike motiv som deltakarane tileigna demonstrasjonen og som førte til mobilisering.

2.2 Utforming av sosial rørsle i samfunnsvitskapen

Historisk sett har forskingsspørsmål om sosiale rørsler vore dominert av eit fokus på dei tidlegaste stadium i kollektiv handling, kor desse hovudsakleg har omhandla opphavet til kollektiv handling og rekruttering til aktivisme (Gurr 1970; McAdam 1982; Skocpol 1979; Smelser 1962; Tilly 1978). Fokuset her har vore på psykologiske, haldningsmessige eller sosialstrukurelle faktorar som forklarar inngangen for individet til aktivisme (Klandermans 1984; McAdam 1986; Oliver 1984; Snow, Zurcher, and Ekland-Olson, 1980). På mikronivå har dette fokuset tileigna mykje kunnskap om faktorane som skapar individuell aktivisme, men mindre om korleis rørsledeltaking er vikande og flyter over tid eller dei politiske og personlege konsekvensane av rørsledeltaking (McAdam, 1989).

Tiåra frå 60-talet og utover bydde på periode med mykje sosial, kulturell og politisk turbulens. Denne turbulensen ga grobott til eit litteratur og forsking på prosessar av sosiale rørsler, både makroutfordringar som framvekst og utvikling og mikroutfordringar som rekruttering og individuell aktivisme (Wilhelm, 1998). Utover 80-tallet var det ein overgang innan forskingsfeltet på sosiale rørsler som endra fokuset til dei biografiske konsekvensane av aktivisme (McAdam, 1988, 1989, 1992; Walen & Flacks, 1989), samt biografiske beretningar av aktivistane sine egne erfaringar (Wells, 1994). Desse studiane viser at politisk aktivisme har langsiktige effektar som strekker seg utover opplevinga til den individuelle aktivist og forbi dei uttalte måla til rørsle, særleg i form av individuelle livsløpshendingar (Wilhelm, 1998). Biografiske konsekvensar av erfaring med aktivisme, ettersom personleg endring påverkar nye generasjonar og politiske langtidseffektar, og dermed er sentral for å forstå sosiale rørsler sine effektar i samfunnets individ og deira påverknad på samfunnet i heilheit.

Bølgjene av mobilisering som var på 60- og 70-talet er vanskeleg å skulle samanlikne med hendingar som skjer i dagens samfunn. Samtidig har det lagt grunnlaget for å stille sentrale spørsmål (Bosi mfl., 2016: 24) for korleis vi kan prøve å forstå sosial og politisk endring; Når og korleis gjer mobilisering ei endring? Når og korleis oppnår deltakarar sine mål? Har sosiale rørsler langsiktige konsekvensar på samfunn? Vil dei endre livsval til dei som deltar i protestane? Korleis varierer dette på tvers av kontekst og forskjellige rørsler? Dette er spørsmål som ikkje er nye, men fram til 70-tallet tok forskarane lite omsyn til konsekvensane av sosiale

rørsler, då protestar hovudsakleg blei sett på som ein irrasjonell handling utan instrumentale mål (Buechler, 2004).

Ein kritikk til den strukturfunksjonalistiske tilnærminga, inspirert av Marx, starta eit «nytt sosiale rørsle» perspektiv, som gjekk vekk frå «the how» av kollektiv handling til å fokusere på «the why» av handling (Melucci, 1982). I dei siste tiåra har perspektiv av mindre strukturalistisk og rørslesentrert tilnærming til sosialt engasjement på den eine sida har utviding av det analytiske fokuset til andre aktørar enn sosial rørsleorganisasjonar i deira forhold til staten; og på den andre sida, fornya interesse for mikrofundamentane i kollektiv handling (Filieule & Neveu, 2018: 3). Mellom anna inneberer dette ei ny konseptualisering av rom til sosiale rørsler (Fligstein & McAdam, 2012; McAdam & Schaffer-Boudet, 2012) og effektane av individuelt sosialt engasjement frå eit strategisk perspektiv (Jasper, 2006 ; Jasper & Duyvendak, 2015), er spesielt nyttige for å tilby midlar til å ta i bruk ein meir sosiologisk tilnærming til protestmobilisering (Filieule & Neveu, 2018: 3). Avhandlinga vil ta utgangspunkt i å undersøke sosiobiografiske effektar frå politisk involvering, det vil sei måtar politisk engasjement generer eller modifierer tilbøyelegheit til å handle, tenke og oppfatte, anten i samsvar med eller i motsetning til resultatata av tidlegare sosialisering, kor det er eit skifte frå å finne ut kva involvering fører til, heller enn kva som produserer involvering (Filieule & Neveu, 2018: 3).

2.3 BLM sin plass i samfunnsforskning

For å kartlegge BLM-demonstrasjonane sin plass i samfunnsforskning vil avhandlinga forsøke å belyse korleis politisk engasjement og mobilisering har potensiale til å skape endringar og konsekvensar i det kontekstuelle rammeverket det opererer i. I Tidsskrift for samfunnsforskning var tema for 2021 ein fagsymposium om strukturell rasisme som resulterte i ei samling av ulike faglege perspektiv på korleis BLM-demonstrasjonane blåste nytt liv i debattane om rasisme og diskriminering i Noreg. Det har vore ein sentral arena for debatten om korleis rasisme kan og bør definerast og utforskast, som har lange røter i norsk samfunnsforskning (Haugsgjerd & Thorbjørnsrud, 2021: 78). Debatten har vore prega av ei polarisering og motstridande sider i innvandrings- og migrasjonsforskning, som det også i kjølvatnet av protestane mot politivald og rasisme våren 2020 var prega av ueinigheit og polarisering (Haugsgjerd & Thorbjørnsrud, 2021). I Noreg var Obiora-saka frå 2006 det mest openberre referansepunktet, men også dei rasistisk motiverte drapa på Arve Beheim Karlsen i 1991, Benjamin Hermansen i 2001 og Johanne Zhangjia Ihle-Hansen i 2019 blei trukke fram som relevante hendingar i vår nære

historie (Midtbøen, 2021: 106). Meir enn noko anna blei midlertidig den offentlege debatten i etterkant av drapet på George Floyd prega av at unge med synleg minoritetsbakgrunn i Noreg delte erfaringar frå kvardagslivet med forskjellsbehandling, mistenkeleggjering og stadige påminning om at dei ikkje eigentleg høyrer til i det norske samfunnet (Regjeringen, 2019).

Sosiale rørsler har av forskarar blitt studert hovudsakleg i ein av tre kategoriar; personlege og sosiale endringar i haldningar, politiske konsekvensar eller kulturelle utfall (Bosi, mfl., 2016: 4). Ofte er dei mest varige konsekvensane av rørsler kulturelle, og kan innebere innverknad på måtane vi lever på ved å gjere nokre åtferd sosialt uakseptabel medan annan åtferd blir forventa eller i det minste akseptert (Amenta & Polletta, 2019). Dette inneberer endringar i normer og åtferd innanfor samfunnet eller kulturen som den sosiale rørsla utfolda seg i. Framgangsmåten til avhandling har søkt å forstå både kulturelle konsekvensar av BLM i form av offentleg debatt om rasisme og diskriminering som tematikk, men også personlege endringar i haldningar og erfaringar ved å delta i demonstrasjonane. Deltaking i sosiale rørsler er også kjent for å ha betydelege effektar på individ som deltar i dei, ved å forme deira haldingar, identitetar og politiske engasjement – konsekvensar som kan vedvare sjølv etter at rørsler eller dens stordomstid er over (McAdam, 1989).

Sørvoll (mfl., 2010) påpeiker at få sosiale fenomen har satt sitt preg på samfunnsutviklinga i så høg grad som dei kollektive rørslene. Men det vil ikkje tilsvarende bety at alle sosiale rørsler kan seiast å ha påverka historias gang. Det som kjenneteiknar rørsler nokså uavhengig av tid og stad er at dei står for demokrati og søker å jamne ut bana der maktspelet i samfunnet har føregått (Helle mfl., 2020). Rørslenes demokratiske utforming bygger på allereie eksisterande nettverk og tradisjon for samarbeid og jobbar mot mektige motstandarar i samfunnet. Sosiale rørsler blir brukt som ein protestkultur med brodd mot maktelitane, som pregast av å vere ein reaksjon mot det etablerte samfunnets politiske, økonomiske og kulturelle autoritetar (Sørvoll mfl., 2010). Sosiale rørsler påverkar ikkje nødvendigvis samfunnet forbi individuelle aktivistar i rørsla, men nokre gongar blir kultur generert av ei sosial rørsle diffus utanfor rørsla, som produserer vidspreidd endringar i individuell identitet, praksis, organisasjonar og institusjonar og det større samfunn “the culture generated by a social movement diffuses beyond the movement, producing widespread changes in individual identities and practices, organizations and institutions, and the wider society” (Van Dyke & Taylor 2018: 484). I nyare studie har ein bevegdd seg vekk frå enkel analyse av rørsler suksess eller fiasko, og retta merksemd mot

mekanismer og prosessar som kan, og gjer, forårsake ein eller annan form for endring (Uba & Ramonos, 2016).

Det er ei rekke studie av sosialt og politisk engasjement, der eg vil trekke fram «Kritiske hendleser -nye stemmer» som belyser korleis minoritetsetnisk unge engasjerer seg i ulike case-studie, som omhandla korleis ulike formar for engasjement blir vekka i ei rekke ulike miljø (Andersson mfl., 2012). Forfattarane tar for seg kven dei nye stemmene er i innvandringsdebatten, som belyser ein kompleksitet, mangfald og tvityde i forholdet mellom minoritet- og majoritetsgruppene. Dei gir ei rekke ulike eksempel på «kritiske hendingar» som karakteriserast av å kunne påvise at det har blitt etablert eit skilje før og etter den aktuelle hendinga. Slik som man såg under demonstrasjonane etter drapet på Benjamin Hermansen var der markeringar kor det i Oslo aleine gjekk rundt 40.000 menneske i fakkeltog (Greger, 2017: 4). Dåverande statsminister Jens Stoltenberg uttalte etter Benjamins død «vi står ovanfor eit tidsskilje i Noreg dersom det er slik at drapet er rasistisk motivert» (Røkke, 2001). Det stiller spørsmål om kva endringar mobilisering under BLM ønsker å føre vidare, tjue år etterpå er ein mobiliseringa.

Drapet på Benjamin Hermansen skapte ei viktig endring når det gjeld forståinga av rasisme, kor mellom 1997 og 2000 diskuterte myndigheitene biologisk rasisme som ein moralsk trussel, men som blei endra til å bli sett på som både ein moralsk og fysisk trussel (Greger, 2017). Dette skiftet resulterte i føretaket av stadig fleire normative debattar sentrert rundt spørsmåla om kulturell rasisme og mikroaggresjonar. I 2004 og 2005 gjekk stortingsrepresentantane inn for ei sentralisert tilnærming, med spesiell vekt om lov bør vere hovudverktøyet for å motverke rasisme. Grunnlova §100 blei endra for å ha ein meir funksjonell tilnærming til menneske som ble utsett for ytringar av hat basert på deira hudfarge, kultur, religion eller sosiale klasse. I NOU 2002:12 Rettsleg vern mot etnisk diskriminering er det også framsett forslag til endringar av straffelova § 135 a, stort sett med sikte på å skjerpe det vernet avgjersla gir mot rasistiske og andre hatefulle ytringar (Innst. S. nr. 270 – 2003-2004: 20). Det er særleg interessant å kunne sjå korleis BLM kan vere katalysator for å ta rasismedebatten vidare, og om loven er eit verktøy som kan nyttast i denne konteksten også.

3.0 Utvikling av rasisme og diskriminering i samfunnsforskning

3.1 Historisk perspektiv

Eit bilete av nasjonen som er ønskeleg er at Noreg er eit rasismefritt land, blei med BLM rørsla ei vekking av rettferdigheitssansen til nordmenn som tok til gatene for å gå i demonstrasjonstog over heile landet. Orupabo (2021) påpeiker at det er først når kritiske hendingar oppstår «der ute», at vi tvingast til å reflektere rundt vår eigen posisjon, spørsmål vi stiller eller ikkje stiller, og dei analytisk verktøya vi bruker for å forklare den sosiale verda med. Debatten om korleis rasisme og diskriminering har blitt forstått i ein norsk kontekst av samfunnsvitarar, har påverka korleis rasisme blir forska på og behandla i ulike tidsperiode. I dag er det ikkje mange samfunnsvitskapelege forskingsfelt som ikkje har med innvandring eller etnisitet som i alle fall ein dimensjon i dag, derav tematikken studerast i samtlege samfunnsvitskapelege disiplin og nyttar heile spekteret av metode (Midtbøen, 2017). Slik har det ikkje alltid vore, og til trass for innvandrings- og migrasjonsforskning -og alt det inneberer, er forskingsfeltet relativt nytt i norsk kontekst, med ein forskingstradisjon som starta ved slutten 1960-talet. Aud Korbøl var ei av dei første til å studere innvandringsfenomenet i 1970, med fokus på dåtids største innvandrargruppe som var pakistanarane, kor ho slo fast at den norske innvandringspolitikken i så stor grad var dominert av interessa for pakistanarane at innvandringspolitikk var lik pakistanarpolitikk (Midtbøen, 2017: 132). Vidare var utvikla av migrasjonsforskninga på 1970- og -80-tallet prega av aktivisme, engasjement for innvandrarane si sak og eit ønske om å forstå innvandrarane på deira kulturelle premiss (Midtbøen, 2017: 143).

Rasismeomgrepet tok ei vending i norsk samfunnsforskning og blei utover 1990-talet gjenstand for mykje debatt i norsk samfunnsforskning, også kritisk retta innad samfunnsforskning i seg sjølv (Rogstad & Midtbøen, 2009). Orupabo (2021) skriv at den viktigaste konklusjonen i forskingsrapporten «Svart på hvitt» var at «Norge består av en ikke rasistisk befolkning», som blei utgitt på 90-talet (Hernes & Knudsen, 1990: 132). Jenssen bygger på dette med artikkelen «Rasisme? Hvilken rasisme? Eller hvorfor vi ikke finner det vi ikke leter etter» (Jenssen, 1994). I artikkelen konkluderte han med at desse perspektiva er verdifulle fordi dei forklarar korleis diskriminering kan rettferdiggjera av menneske som oppfattar seg sjølv som tolerante, i samfunn som fordømmer diskriminering (Jenssen 1994: 353). Dette perspektivet på Noreg som ein rasismefri nasjon, blei møtt med stor motstand som kritiserte konklusjonane som feilaktig representasjon av rasismefeltet (Bronx, 1997., Lien, 1997., Gullestad, 2002a, referert i Midtbøen, 2017: 136). Dette førte til eit skilje innad samfunnsforskning, mellom to sider som

ga motstridande argument på korleis rasisme er posisjonert i ein norsk kontekst. Boka «Jeg er ikke rasist, men...» av Bronx (1991) hevda at den innvandringspolitiske debatten i Noreg tok form av eit moralmeisterskap, der alle som fremma kritiske ytringar om innvandrarar i Noreg blei stempla som rasistar av ei «moralsk elite». Med andre ord, viser Bronx til ei polarisering mellom dei som er positive til innvandring og dei som rasisme og anti-rasisme, som går på kostnad av diskusjon og å legge til rette for nyansar i representasjon av rasisme som fenomen. Også i kjølvatnet av demonstrasjonane mot politivald og rasisme våren 2020 har diskusjonen vore prega av ueinighet og polarisering (Haugsgjerd & Thorbjørnsrud, 2021). Med utgangspunktet i deltakarane si erfaring når dei fortel om erfaringar med rasisme, er det interessant å undersøke i kva grad det blir møtt med forståing eller ueinighet.

3.2 Nyare perspektiv

Debatten om rasisme fekk ei ny vending i form av det strukturelle rasialiseringsperspektivet (Rogstad & Midtbøen, 2009) når Gullestad (2002) kritiserer forskarane for å vere fastlåst i den klassiske definisjonen av rasisme, som vektlegg den biologiske definisjonen av rasisme. Ho fortel at med ambisjon om å finne kven som er rasist «blir konklusjonen lett at det finnast få rasistar og lite rasisme i Noreg» (Gullestad, 2002: 156). Ei ny undersøking av Tyldum i 2019 kom fram til at ein av fire nordmenn er rasistar, som gir eit heilt nytt bilete på den norske befolkninga (Orupabo, 2021: 116). Eksperimentelle studiar har over ei tiårsperiode dokumentert at norskpakistaniske jobbsøkarar har vesentleg lågare sannsyn for å kallast inn til jobbintervju samanlikna med likt kvalifiserte søkarar med norske namn (Birkelund, Heggebø, & Rogstad, 2016; Larsen & Di Stasio, 2019; Midtbøen & Rogstad, 2012). Tilsvarende studie har funne etnisk diskriminering i bustadmarknaden (Andersson, Jakobsson, & Kotsadam, 2012). Ei rekke surveyundersøkingar og kvalitative studiar har dessutan dokumentert at innvandrarar og etterkomarar opplev diskriminering i arbeidslivet, i utdanningsinstitusjonar, i helsevesenet og i møte med politiet og i det offentlege (for eksempel Andersson mfl., 2012; Dalgard, 2018; Erdal mfl., 2019; Fangen & Paasche, 2012; Orupabo, 2008; Solhjell mfl., 2019; Vrålstad & Wiggen, 2017).

Til saman danna forskning på rasisme, diskriminering og sosial mobilitet eit temmeleg samansett bilete av både ekskludering og inkludering, endring og stabilitet (Midtbøen, 2021: 112). Rasismedebatten gir forskjellige og motstridande resultat om i kva grad rasisme er ein relevant og legitim problematikk i det norske samfunn, då særleg spørsmål rasisme sin posisjonaltet innan samfunnsforskning. Rogstad og Midtbøen (2009: 1) omtalar dette som den tviiegga nekting

i Det nye Noreg: kor det på eine sida er ei majoritetsbefolkning som gjennomgåande ikkje seg på seg sjølv som rasistisk, men som samtidig har klare førestillingar om nokre norske verdiar som eget samfunn er tufta på; på den andre sida, ei minoritetsbefolkning som i avgrensa grad ser seg sjølv som utsett for rasisme, men sine personlege livshistorier tydar på at erfaringane med rasisme er utbreidd. Dette belyser grunnlaget for korleis rasismedebatten er ein kompleks samansetning av samfunnsverdiar og normer som opererer i eit dynamisk samfunn.

Mediebildet utover sommaren 2020 har vore prega av unge nordmenn som delar sine erfaringar med kvardagsrasisme. Felles for mange av desse historiene er at dei peiker på rasismen sin subtile og strukturelle karakter, derav er det ikkje først og fremst ekstremt negative haldningar og handlingar som trekkast fram, men snarare summen av alle dei små krenkingane og erfaringane med å ikkje bli sett på som norsk nok, som løftast fram som problemet (Orupabo, 2021: 116). Hovudsakleg i debatten om korleis rasisme og diskriminering er utfolda i det norske samfunn, er det den strukturelle og subtile karakter som blir vektlagd, samtidig som det stiller spørsmål om korleis vi best kan studere og forstå rasisme dersom det er vevd inn i samfunnsstrukturar og oppbygging. Samfunnsforskinga som er gjort dei siste ti åra, viser at diskriminering også førekjem i Noreg, at den kan arte seg på ulike måtar for ulike kategoriar minoritetar, og at den kan ta ulike formar (Orupabo, 2021: 119). Det vi derimot veit mindre om er korleis minoritetar responderer på og handterer denne realiteten og kva konsekvensar erfaringar med diskriminering, rasisme og eksklusjon får for dei som rammast (Orupabo, 2021: 119). Avhandlinga vil med analysen belyse korleis ulike eksempel på korleis rasisme og diskriminering kan arte seg i ein norsk kontekst, og følgjande utfordrar rasismedebatten eit ytterlegare hakk i forhold til korleis rasisme og diskriminering blir forstått.

4.0 Retten si rolle i samfunnet

I forhold til forskingsfeltet om sosiale rørsler, især om rasisme og diskriminering, er det mykje som er blitt endra, både politisk, sosialt og rettsleg, som kan bli sett i lys av det rettslege perspektiv. For å avgrense forskingsfeltet i lys av avhandlinga sitt rammeverk, vil utvalde eksempel bli trukke fram for å belyse viktige hendingar kor retten har spelt ei særleg rolle for samfunnsutvikling. Etter implementeringa av FNs menneskerettskonvensjon i 1948 som slo fast at alle menneske har same menneskeverd og dei same menneskerettane (Strand, 2021), har det skjedd ei stor forandring av det norske samfunn fram til BLM-demonstrasjonane tok stad i

våren 2020. Eit av dei særleg sentrale eksempel er borgarrettsrørsla på 50- og 60-talet som spreidde seg utover Vesten som følgje av endringane i USA. Den langvarige diskrimineringa som går tilbake hundrevis av år, blei gjennom det juridiske rammeverket ein markering på segregeringspolitikk og forskjellsbehandling som avskaffa gjennom borgarrettslova (Civil Rights Act) som blei vedtatt i 1964 (Godbolt, 2022). Denne sosiale mobiliseringa for likestilling og inkludering av afro-amerikanske sette ein viktig fot ned for den urettferdige forskjellsbehandlinga på grunn av etnisitet, hudfarge, seksualitet og liknande. Retten var sentral for å sikre politiske og sivile rettar for å skape likestilling og skape like føresetnadar for alle menneske.

Eit anna eksempel på sentrale hendingar i rettsleg historie i samfunnsutvikling er at etter FNs rasediskrimineringskonvensjon frå 1965 om avskaffing av alle former for rasediskriminering blei det gjeldande som norsk lov (Likestillings- og diskrimineringsloven, 2017 kap 1, § 5). I løpet av dei nesten seksti åra har diskrimineringslova blitt endra fire gonger, og seinast i 2017 blei den erstatta av ei samla likestilling- og diskrimineringslov, som i formålsskildringa § 1 tar særleg sikte på å fremme stillinga til kvinner og minoritetar (Likestillings- og diskrimineringsloven). Sosiale rørsler var elementære for grasrota sin suksess i å vedta lova, men som ikkje tok slutt ved lova si innsetting, men heller gjorde det mogeleg for aktivistar å fortsette arbeidet til ein praksis som reflekterte lova sin lydord. Lover er i og seg sjølv eit effektivt og elementært verkemiddel for å forme det samfunnet som er ønskeleg. Utøving av rettspraksis gjer det mogeleg å fastsette Spørsmålet om kva (på)verknad eller innflytelse lova, reglar, doktrine eller rettslege institusjon har på samfunnet, er vanskeleg å skulle måle ettersom samfunnet er i stadig utvikling i veksilverknad med retten (Friedman, 2016). Vekselsverknadar inneberer at både samfunnet og retten kan legge føresetnadar for korleis den andre skal innrette seg etter den andre.

På same tid som retten legg føresetnadar for korleis samfunnet må innrette seg, fører ei endring i samfunnsdynamikken at retten må tilpasse seg den kontekstuelle settingen den tilhøyrar. Slik som ein ser resultat av med FNs menneskerettskonvensjon, borgarrettslova og likestilling- og diskrimineringslova. Samtidig er det viktig at retten representerer ein autonomi frå politisk innverknad og skapar stabilitet for samfunnsstrukturen. Slik dei rettslege institusjonane har utvikla seg i Vest-Europa gjennom århundrer, består dei av eit rettsapparat og ein juridisk profesjon som har behandla retten som eit eget område med uavhengigheit frå dei politiske myndigheitene (Graver, 2020). Rettsstatens kjerne er at staten er bunden av reglar, og at den er

underlagt kontroll med at den held seg til reglane, derav individuelle rettar er ein type rettsreglar som ikkje kan endrast eller avgrensast gjennom vanlege politiske vedtak (Graver, 2020). Berre gjennom rettslege prosedyrar, og dermed er den avgrensa av retten. Retten kan legge grunnlag for kva samfunn som er ønskeleg, og gjennom lovverket forby handlingar som man ikkje vil tolerere. I tråd med den endrande samfunnsdynamikken vil rettspraksisen variere i kva grad reglane blir handheve og kva område dei er meint til å vektlegge.

Forhaldet retten har til ei minoritetsbefolkning er i eit historisk perspektiv er ei relativt moderne problematikk. Det var ikkje før på 60-talet at ein såg ein merkverdig innvandring og migrasjon til Noreg. Dette påverkar representasjonen som befolkninga som har innvandrarbakgrunn ikkje har vore lagt vekt på tidlegare. I tillegg er det verdt å merke at etter EU-utvidingane i 2004 og 2007 førte det til den største innvandringa til Noreg nokon gong (Midtbøen, 2017: 142). Denne utviklinga opna opp for nye problemstillingar, både når det omhandla integrering av ei internasjonal gruppe menneske i samfunnet og arbeidsmarknaden (Midtbøen, 2017: 142).). I tillegg til at den norske rettsstaten implementerer EU-regelverket i ein rettspluralistisk sfære. Med andre ord, korleis eksistensen av ulike og parallelle rettssystem, som overlappande kan vere relevant for det same rettssubjektet (Sand, 2017: 151).

I samfunnsforskning og rettsvitenskap er det sentralt for kvar av dei korleis den eine legg føresetnadar for den andre. Dei demokratiske grunnverdiane som rettsstaten er bygd på er verktøy for å sikre at samfunnsutviklinga, og alle dei tilhøyrande prosessar som det offentlege, retten og det politiske er inkludert, går i ei retning som folket er med på å bestemme på. Det er ein av styrkane til demokratiet at folket skal kunne bestemme korleis framtida ser ut, deriblant kor grunnverdiane gitt av mellom anna Grunnlova og FN's menneskerettskonvensjon skal sikre ein solid grunnmur for å bygge vidare på. Avhandlinga har som hensikt å stille spørsmål om korleis vi kan sikre at denne framtida inkluderer alle stemmene, også til minoritetsbefolkninga som under BLM-demonstrasjonane tar opp problematikkar knytt til inkludering, rasisme og diskriminering, til tross for å ha regelverk som skal beskytte dei. Innlemminga av BLM-demonstrasjonane blir i denne avhandlinga sett i lys av eit rettssosisologisk perspektiv for å presisere vekselsverknaden sosial mobilisering kan ha for rettspraksisen.

Kapittel 3

Teoretisk rammeverk

1.0 Introduksjon

Det teoretiske grunnlaget vil inkludere ei forklaring av dei omgrepa eg skal bruke i analysen av datamateriale. Først vil det bli tatt for seg kva som ligg i omgrepet sosial rørsle og korleis det er kontekstuelst forstått i BLM-demonstrasjonane. Deretter vil rasisme og diskriminering definerast og legges fram korleis omgrepa blir forstått i denne avhandlinga. Vidare vil eg gå inn på korleis motivasjon blir brukt for å kunne representere perspektivet for deltakarane i mobiliseringsprosessen ved BLM. Så vil eg gå inn på kjenslers betydning for utforming av ein kollektiv identitet. Hensikten med å kombinere desse to perspektiva er å vektlegge bruk av kjensler i utforming av ein kollektiv identitet som er sentral for å skape og oppretthalde ei sosial rørsle. Til slutt vil avhandlinga ta for seg ei omgrepsforklaring av korleis retten og samfunn blir forstått i eit rettsosnologisk perspektiv.

2.0 Sosial rørsle

Før avhandlinga går inn på kva som betegner Black Lives Matter i kontekst av å vere ein transnasjonal plattform for antirasistisk mobilisering, vil den ta føre seg korleis termen «sosial rørsle» blir forstått innan rammeverket for avhandlinga. Omgrepet sosial rørsle (social movement) har i sosiologisk historie blitt utforma og definert på forskjellige måtar, ettersom rammeverket for omgrepet forståing og vektlegging av utforming og eigenskapar har variert i tråd med forskingsrammeverket. Sosiale rørsler i sosiologien skuldar mykje av si innsikt til studie av kollektiv oppførsel, der kollektiv rørsler er definert som meningsfulle handlingar for første gang, føring av ofte nødvendig og gunstig sosial endring (della Porta & Diani, 2006:13). Det er viktig å presisere eit skilje mellom Black Lives Matter som politisk organisasjon og som ei sosial rørsle. Sosiale rørsler er ikkje organisasjonar, dei er nettverk som kan inkludere formelle organisasjonar eller ikkje, avhengig av endrande omstende og kontekst over tid (della Porta & Diani, 2006). Sentralt for ei sosial rørsle er at det ikkje er eksklusiv til ein organisasjon, politisk parti eller kulturell gruppe, derav individuelle deltakar har rom til å legge sine egne motiv og målsetningar for mobilisering. Det er ofte desse er lett å veksle med kvarandre og

utgjer eit ustabil forhold mellom organisasjons- og rørsleidentitet, som konsekvensvis betyr at rørsler er av definisjon eit flyktig fenomen (della Porta & Diani, 2006: 26).

Mario Diani (1992; 2003; 2004; Diani & Bison 2004) har i fleire tilfelle konstatert at sosiale rørsler er ein distinkt sosial prosess, som består av mekanismar der aktørar som er engasjert i kollektiv handling; er involvert i konfliktforhold med klart identifiserte motstandarar; er knytt saman av tette uformelle nettverk; deler ein distinkt kollektiv identitet. Slik eg tolkar det forfattaren meiner er at deltakarar i sosiale rørsler er engasjert i politiske og/eller kulturelle konflikt meint å fremme eller motarbeide sosial endring. I tillegg kan ingen organisert aktør, uansett kor mektig, hevde å representere ei rørsle i heilskap. Ein rørsledynamikk på plass i den grad at både individuelle og organiserte deltakarar kan behalde sin autonomi og uavhengigheit mot eit felles mål (della Porta & Diani, 2006: 21). Sosiale rørsler er ikkje summen av protestar om spesifikke målsetningar, derav kollektive identitetar utviklar seg ved å gå utover spesifikke hendingar og initiativ (della Porta & Diani, 2006: 21). Som vist i kapittel 2, punkt 3.2 er det ei hensikt med avhandlinga å undersøke BLM sin posisjon som sosial rørsle i ein norsk kontekst. Med grunnlag i det teoretiske perspektivet til Diani om sosiale rørsler er formålet å belyse korleis sosiale rørsler ikkje er eit fastsett fenomen som går ut frå bestemte rammeverk, men heller er kontekstuellt avhengig av tid og stad. Derfor er det interessant å undersøke kva deltakarane legg til grunn for å mobilisere til demonstrasjonane, samt kva det har å bety for oppfatninga av BLM som ei sosial rørsle i heilheit.

Eit anna grunnlag for analysen i forhold til sosiale rørsle-teori er korleis sosiale rørsler blir utforma av deltakarane sitt engasjement, derav, korleis det utformast ein tilknytning og fellesskap mellom mangfaldet av deltakarane. Innanfor sosiale rørsler er medlemskriterium ekstremt ustabile og til sjuande og sist avhengig av gjensidig anerkjenning mellom deltakarar, med andre ord ved å definere kven som er og kven som ikkje er ein del (Melucci, 1996, kap. 3). I fasa for utforming og konsolidering, råder ei kjensle av kollektiv tilhøyrsløse for tilknytning av solidaritet og lojalitet som kan eksistere mellom individ og spesifikke grupper eller foreiningar (della Porta & Diani, 2006: 26). Tilknytninga som er viktig for utforming av rørsle er også ei årsak til ei nedtrapping av engasjement, dersom denne tilhøyrsla ikkje lenger er like sterk. Ei rørsle har ein tendens til å brenne ut når organisasjonsidentitetar tar tilbake dominans, eller når det «å føle seg som ein del av det» først og fremst referer til ein organisasjon, snarar enn til eit breiare kollektiv med uklare grenser (Diani, 2003). Fellesskapet som formast under demonstrasjonane er ikkje tatt for gitt, især ettersom deltakarane tileignar personleg årsaker for

mobilisering under fellesnemnaren «Black Lives Matter». I tillegg vil utforminga av den kollektive tilhøyrsla vil dette også legge grunnlaget for å undersøke nedtrappinga av det sosiale engasjementet.

3.0 Rasisme og diskriminering

Mykje av det som ligg til grunn for ei ulik forståing av rasisme og diskriminering utfoldar seg i samfunn, er knytt til korleis både forskingsfeltet og den generelle samfunnsoppfatninga definerer omgrepa. I utviklinga av rasismedebatten har det i tråd blitt satt spørsmål med korleis omgrepa skal kategoriserast, som har stor betydning for behandling og betydning av tematikken. Fangen (i Rogstad & Midtbøen, 2009: 20) vektlegg rasisme som ein historisk konstruksjon i betydning av at rasisme sin form endrast i takt med samfunnet. På den eine sida, vil det at omgrepet kan endre seg ettersom rammeverket for samfunnet er i endring og omfatte den betydninga som er relevant avhengig av tid og kontekst. På den andre sida, kan det vere problematisk å skulle reflektere den generelle befolkninga, derav, korleis skal ein sikre at den stemma blir representativ for alle partar. Ei omgrepsforklaring vil ha med hensikt å presentere korleis dei ulike omgrepa vil bli nytta innanfor avhandlinga sitt rammeverk.

3.1 Definerer av omgrepa

Diskriminering brukast oftast som eit omgrep på systematisk forskjellsbehandling på grunnlag av individuelle kjenneteikn som hudfarge, kjønn, etnisk bakgrunn etc., kor det i forskning blir brukt som ei forklaring på kvifor gruppe med visse karakteristikkar kjem meir uheldig ut samanlikna med andre (Rogstad & Midtbøen, 2002:13). Diskriminering skil seg frå rasismeomgrepet, som kan argumenterast for at diskriminering tar for seg visse typar handlingar som har til felles at dei leier til systematisk ulikskap, medan rasisme gjerne har blitt betrakta som ein form for ideologi (Rogstad & Midtbøen, 2009:3). Behovet for ein definisjon tener ei rekke funksjonar, mellom anna i forhold til eit rettsleg rammeverk er ein definisjon nødvendig i den grad det kan etablere eit skilje mellom handlingar og ytringar som ikkje er ønskeleg i samfunnet.

Likestilling- og diskrimineringslova (2017, §1) erstatta i 2017 diskrimineringslova og som i formålsskildringa tar særleg sikte på å fremme stillinga til kvinner og minoritetar. Likestilling- og diskrimineringslova (2021, §6) forbyr diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon

ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av disse grunnlaga er forboden. Med etnisitet meinast mellom anna nasjonal opphav, avstamming, hudfarge og språk (Likestilling- og diskrimineringslova, 2021, §6). I §24 av Likestilling og diskrimineringslova er det presisert at offentlege myndigheiter skal i all si verksomheit arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Omgrepet rasisme og tiltak mot rasisme er ikkje forankra i lov på same måte som omgrepet diskriminering og arbeidet mot diskriminering. Derimot omfattar straffelov at hatefulle ytringar og hatkriminalitet også grov rasistiske ytringar og rasistiske handlingar er straffbart, men utover dette er ikkje rasisme definert i lovverket (Regjeringen, 2019: 15).

Definering av rasisme og diskriminering i norsk samfunnsforskning er eit omfattande aspekt å gå inn på, som dei fleirsidige rasismedebatten frå 1990-talet indikerer (kap. 2, pkt. 4.0). For å definere rasisme som fenomen, er det hovudsakeleg to former for forståing eg vil trekke fram som relevant til denne avhandlinga: I ei tradisjonell forståing av omgrepet, kan rasisme definerast som ein ideologisk overbevisning om at det finnast menneskerasar i form av biologiske skilnadar, og at det er ein direkte samanheng mellom desse kjenneteikna og mentale og moralske skilnadar – der den «kvite rasen» vanlegvis betraktast som overlegen andre raser (Gullestad, 2002). Rogstad og Midtbøen (2009: 8) poengterer at mange vil meine at rasisme har endra karakter, dels som ei følgje av erkjenninga om at biologi ikkje kan forklare distribusjonen av menneskelege eigenskapar, dels ved at den vitenskaplege avvisinga av den biologiske rasismen har gjort slike tankar umogelege å framhalde i eit offentleg rom.

Skjult bak ein annan og vikarierende retorikk som opprettheld tankegodset i vestlege samfunn er omgrepet nyrasisme (Rogstad & Midtbøen, 2009). Nyrasisme kan «omfatte både menneske som ansjåast som synleg forskjellige, og menneske som ikkje ansjåast som synleg forskjellige, men sin kultur og religion ansjåast for å vere framand» Gullestad (2002: 149). Sjølv om det eksisterar mange ulike syn på, og ikkje minst omgrep for, korleis rasismen har endra ansikt i seinare tid, er ei fellesoppfatning at det har skjedd eit retorisk skifte på den politiske høgresida, der "kultur" har erstatta "rase" som viktigaste ordnande kategori (sjå f.eks. Barker 1981; Rex 1986; Balibar 1991; Stolcke 1995, referert i Rogstad & Midtbøen, 2009: 8). Ved å forstå rasisme og førestillinga om "rase" som foranderleg og historisk situert skapar det utfordring med å ikkje etablere ein fastsett omgrepsavklaring. Samtidig opnar det opp for å forstå korleis og på kva måtar sosiale relasjonar får ein rasialisert karakter i forskjellige tider og på

forskjellige stadar (Solomos og Back, 2000). Slik eg forstår det teoretiske grunnlaget, meiner mange at det ikkje lenger er snakk om éin bestemt form for rasisme som kan definerast klart etter visse kriterier, men at man frå 1980-tallet kan snakke om eit heilt sett av ulike rasismar (Goldberg, 1993, referert i Rogstad & Midtbøen, 2009: 9).

3.2 Strukturell rasisme

Skilje mellom ulike forståingar av rasisme kan verke som å skilje mellom handlingar på individnivå og rasisme på samfunnsnivå i form av ideologi og sosiale strukturar, men som omgrepet nyrasisme belyser vil det å etablere kategoriserte rammer gå på kostnad av omgrepa si utfolding i praksis (Rogstad & Midtbøen, 2009). Strukturell rasisme er eit omgrep utvikla frå postkolonial tenking, som argumenterer for at rasisme er veva inn i institusjonar og skil seg både frå den gamle og den nye rasismen ved at den ikkje synleggjerast gjennom ein eksplisitt ideologi, men gjerne er ubevisst og uttrykkast gjennom kategoriseringar av «oss» og «dei andre» (Rogstad & Midtbøen, 2009). Medan både den gamle og nye rasismen, og dei fleste formene for diskriminering er individualisert i den forstand at eit hovudpoeng er å adressere kven som er rasistar eller utfører diskriminerande handlingar, er strukturell diskriminering derimot fenomen på samfunnsnivå (Rogstad & Midtbøen, 2009). Teoriar om strukturell rasisme har som formål å flytte perspektivet frå enkeltmenneske eller grupper sine eksplisitte haldningar og ideologiske overbevisningar til samfunnet sine underliggende strukturar som formar grupperelasjonar og påverkar minoritetar si makt og moglegheit i samfunnet, på meir subtile, i blant ubevisste, måtar (Midtbøen, 2021: 107). I tillegg til at det skapar rom for å inkludere og representere korleis fenomen utfoldast ettersom samfunnet endrar seg. Strukturell rasisme belyser at det er mindre openberre og meir subtile enn den tradisjonelle forståinga av begge omgrepa, viser korleis det ikkje er lett å skilje mellom rasisme og diskriminering, men heller ikkje at det som er det sentrale med debatten. Ved bruk av strukturell rasisme blir det sett eit nytt lys på dei to omgrepa saman kan bli brukt for å løfte diskusjonen frå eit individorientert nivå og fokusere på ein kvardagsrasisme som på subtile måtar bidrar til å oppretthalde eksklusjonen av etniske minoritetar i det norske samfunn.

Samtidig er nettopp den strukturelle rasismen sitt fokus og oppbygging basert på sin subtile karakter, er det vanskeleg å skulle definere innanfor eit rammeverk. Subtile former for rasisme i kvardagen fører ofte til at oppfatninga av handlinga kan vere misvisande, forvirrande og vanskeleg å respondere til. Tilfelle med mikroaggresjonar er korte og daglegdagse verbale, åtferdsmessige eller miljømessige, anten det er forsettleg eller utilsikta, kommuniserer

fiendtlege, nedsettande eller negative fornærmingar av rase eller mot farga menneske (Sue mfl., 2007). Opplevinga av mikroaggresjonar er ofte situasjonar som er uklare å skulle definere med rasistisk eller uvitande intensjonar. Orupabo (2021: 117) påpeikar at dette påverkar korleis hendingane blir uklare, både for dei som utfører handlinga og dei som blir ramma, om kva som faktisk skjedde i den gitte situasjonen. Rasisme er ikkje berre om vonde individ med dårlege hensikter, men hudfarge og etnisitet kan også skape ulikskap i ordinære kvardagslege møter mellom folk som vil kvarandre vel. Å vinne fram med ei forståing av rasisme og diskriminering som strukturelle fenomen inneberer at omgrepa må hevast over moralsk kritikk av enkeltindivid for at dei skal kunne tene sin egentlege funksjon: Å sette søkelyset på usynlege eksklusjonsmekanismar som bidrar til underordning av etniske minoritetsgrupper i samfunnet (Rogstad & Midtbøen, 2009: 22).

Arneback og Jämte (2022: 197) vel å definere rasisme med å legge vekt på handling og funksjon, heller enn ut frå eit spesifikt sett av idémessige konstruksjonar (som ein klart avgrensa teori eller ideologi). Ved å fokusere på handlingar opnar ein opp for ei brei forståing som anerkjenner den historiske kontinuiteten til rasistiske praksisar, for å gå vekk frå perspektivet på rasisme som har fungert på å skilje gruppe av menneske basert observerbare eigenskapar ved eit individ, eksempelvis hudfarge eller etnisitet. Vidare presiserer forfattarane at desse kategoriseringane har forenkla rasistiske handlingar som utfoldar seg på eit individuelt, sosialt eller strukturelt nivå (Arneback & Jämte, 2022: 197). Rasisme som opplevast på individnivå som er bevisste eller ubevisste handlingar, vere tilsikta eller utilsikta, og ta både subtile og eksplisitte former. Forfattarane presiserer at dette spenner får sosial ekskludering, latterleggjing og anna, til mikroaggresjonar, truslar og vald. På eit sosialt nivå er handlingar med diskriminering og ekskludering institusjonalisert gjennom regler og føreskrifter, kvardagspraksis og sosiale normer. Til saman produserer og reproduserer rasistisk praksis strukturar i samfunnet der visse etniske, rasemessige og religiøse grupper har ein høgare risiko for å bli utsett for trakassering eller diskriminering og har redusert tilgang til makt, ressursar, status, privilegium så vel som moglegheiter i livet (Behtoui and Jonsson 2013; Jämte 2013; SOU 2005: 56 referert i Arneback & Jämte, 2022: 197).

Med utgangspunkt i Arneback og Jämte sin definisjon på rasisme som vektlegg handlingar i ulike samfunnsnivå vil avhandlinga ta sikte på å belyse korleis deltakarane vektlegg sine erfaringar. Den ulike vektlegginga og endringa i definering av fenomen legg grunnlaget for ei undersøking av i kva grad deltakarane si oppfatning av omgrepa speglar slike tungtvegande

definisjonar. Konsekvensvis, vil forståinga av fenomenene legge grunnlag for korleis problematikken blir møtt og behandla i samfunnet. Med BLM-demonstrasjonane som sette tematikken om rasisme og diskriminering på agendaen, blir rasismedebatten sett i nytt lys kor deltakarane skapar rom for å få si stemme representert i diskursen.

3.0 Motivasjon

Eit motiv fleste forskarar innan sosiale rørsler er einige om er ifølgje Turner og Killian (1987: 242) «the common element in the norms of most, if not all, movements is the conviction that existing conditions are unjust». Rammeverket for urettferd er ein måte å sjå på ein situasjon eller tilstand som uttrykker indignasjon eller forargelse over ei opplevd urettferd, samt finne ein menneskeleg instans til å klandre for overtredinga (Jasper, 1998). Generelt for deltakarar er det ein kombinasjon av motivasjonar, tvangshandlingar og ønsker, nokre av dei bevisste og andre ikkje, som fører til mobilisering av deltakarar (Jasper, 1997: 214, referert i Filieule & Neveu 2019: 1). Enkle modellar for menneskeleg motivasjon, enten det er rasjonalistisk eller publikumsbasert, mister brorparten av verkelegheita, på same måte som teoriar som ser etter motiv til heile protestrørsler i staden for dei til individa som utgjer dei (Jasper, 1997: 214). Denne avhandlinga vil derfor sette individuelle deltakarar i fokus, ettersom det i stor grad er fråverande i sosiale rørsleorganisering i rammeverk av strukturanalyse (Filieule & Neveu 2019: 1). Strukturell tilgjengelighet må filtreres gjennom ein prosess med "kognitiv frigjering" for å sleppe laus uro (McAdam, 1986). For at demonstrasjonar skal dukke opp, må aktivistar tru at det finnst ei moglegheit, at dei har makt til å få til endring; og må gje systemet skulda for problemet (della Porta & Diani, 2006). Å sjå på strukturelle moglegheiter utan å vurdere dei kognitive prosessane som griper inn mellom struktur og handling kan vere svært misvisande (Gamson og Meyer 1996, Diani 1996). Det er derfor viktig å analysere aktivistane sine forståingar av tilgjengelege moglegheiter, linsene som dei ser på potensielle moglegheiter for sine rørsler (McAdam, McCarty og Zald, 1996). Med utgangspunkt i perspektiv til enkeltindivid i rørsle vil ein kunne undersøke mikroperspektivet på kva som utgjer individuell motivasjon, for å deretter bruke desse til å kunne undersøke heilheita i BLM som ei sosial rørsle.

I avhandlinga har eg vald å bruke deltakar for å omtale personane som tok del i BLM-demonstrasjonane for å vektlegge mangfaldet av folk som spenner frå uerfarne

førstegangsdeltakarar til politisk engasjerte og aktivistar. Dette er gjort med hensikt om å Noko av det sentrale med BLM-rørsla og grunnlag for denne oppgåva er å undersøke korleis unge (og eldre) personar -for mange var det første gang dei deltok i ein slik demonstrasjon, valde å ta del i akkurat denne sosiale rørsla. Følgjande, er fokuset å undersøke motivasjonen bak dei fleste deltakarane som stilte opp utan tilhøyrsløse til organisasjonar, politiske parti og/ eller grupper eller erfaring med aktivisme. På den eine sida kan ein argumentere for at i forsøk om å suksessfullt påverke større politiske og organisatoriske miljø, er organiseringsferdigheiter i sosial rørsler avhengig av deira målsetningar. Blandinga av motstand og støtte som blir nytta av ei sosial rørsle er avhengig av trusseloppfatninga og moglegheitene som er gitt i målsetninga til gruppa. Ved å ha konkrete målsetningar, anten politisk eller rettslege, vil det vere moglegheit for å mobilisere alle kreftene i den sosiale rørsla mot eit (eller fleire) direkte mål. På den andre sida, kan ein ved å skape openheit rundt sosiale rørsler inkludere fleire enkeltindivid og deira individuelle forutsetningar og målsetningar med å delta i rørsla. Faren med å forkaste eller undergrave individuell motivasjon på kostnad av ei omfattande global rørsle er at ein risikerer å oversjå endringar som ikkje er målbare i eit makroperspektiv. Ved å knytte saman desse to perspektiva vil eg med denne oppgåva fokusere på individuell motivasjon i lys av sosial mobilisering i heilheit under fellesnemnaren BLM-demonstrasjonane.

Forskarar innanfor sosiale rørsler har gitt mykje kunnskap om kvifor individ deltar i aktivisme, men mindre om dei personlege konsekvensane for deltaking i rørsle (McAdam, 1989: 744). I tillegg til at individ kan delta i demonstrasjonane utan å vere knytt til saken i relativ stor grad, som fører til at forplikting og engasjement kan vere kortvarig (van Dyke mfl., 2000). Det stiller spørsmål om sosiale rørsle skal forklarast av strukturelle og prosessuelle trekk ved samfunnssituasjonen, eller er det rørsla som kulturelt fenomen som må analyserast. Sosiale rørsler kan bli forklart utifrå eit felles utgangspunkt som er at det må finnast motiv, handlingsrom, eit handlande subjekt og ein formulert bodskap. På same tid er det eit medverkande problem å skulle avgrense og etablere kva ulike eigenskapar og kriterium som ligg til grunn for å skape sosiale rørsler utifrå historiske omstende. Utgangspunktet for avhandlinga er å kartlegge motivasjonen til deltakarane for å undersøke kva som karakteriserte BLM som ei sosial rørsle i ein norsk kontekst. Ut i frå datamateriale er formålet å kartlegge dei ulike hovudkategoriane som representerer mangfald og ulikskap i motiva som under fellesnemnaren «Black Lives Matter» mobiliserte deltakarane. Dette viser seg å bli eit meir omfattande spørsmål ettersom det i datamateriale har mange forskjellige motiv og bodskapar i ein felles rørsle. Dette belyser avhandlinga si kompleksitet ved å undersøke korleis kan ein

forstå ei sosial rørsle med så mange ulike utgangspunkt og korleis vil dette kunne få fram ein felles bodskap som sosial rørsle ved eitt breitt spekter av motiv.

4.0 Identitet

Motivasjon kan bli sett på utifrå eit perspektiv som vektlegg det omfattande, og til dels openberre, formålet med ei sosiale rørsle eller korleis dei individuelle deltakarane sine personlege motivasjonar utgjer ei sosial rørsle. Det vil alltid vere ein overlapping mellom individet og formålet som rørsle fremmar, men det gir to ulike forutsetningar for forståinga av korleis ei sosial rørsle blir utforma, oppretthaldt og avtar. I ulike tidsperiode innanfor forskning på sosiale rørsler har det vore ei variert vektlegging av strukturelle eller biografiske eigenskapar som teoretisk årsaksforklaring. Kollektiv identitet definerast som ein kognitiv, moralsk og emosjonell kopling ved eit individ til eit breiare fellesskap, kategori, praksis eller institusjon (Polletta & Jasper, 2001: 285). Det er ei oppfatning av ein delt status eller relasjon, som kan vere førestilt snarare enn opplevd direkte, og det er forskjellig frå individuelle identitetar, sjølv om det kan utgjere ein del av ein kollektiv identitet. Kollektiv identitet har blitt behandla som eit alternativ til strukturelt gitte interesser i å reiegjere for påstandane som folk mobiliserer på vegne av, eit alternativ til å forstå kvifor menneske deltar, eit alternativ til instrumental rasjonalitet i å forklare taktiske val aktivistar tar, og eit alternativ til institusjonelle reformar ved vurdering av verknaden til rørsler (Polletta & Jasper 2001: 283).

Frå å vere eit individ til ein del av eit fellesskap som utgjer ei sosial rørsle er det nødvendig med ei skaping av ein forbindelse mellom deltakarane. Solidaritet og kjensle av fellesskap er noko av det mest sentrale for sosiale rørsler. Jasper (1998) poengterer at strukturelle rammeverk for mobiliseringsprosessar som rekruttering og organisering har blitt kritisert for å mangle tilstrekkeleg djupne i kva som skapar handlingsbehovet til deltakarane. Ein nøkkelfaktor for mobilisering har blitt vektlagt i nyare studie om at det nesten er umogeleg å førestille mobilisering i fråvær av sterke kjensler (Jasper, 1998: 414). Frustrasjon, sinne og framandgjerung var ikkje ein tilfeldig karakteristikk og forklaring på protest. Slike bilete blei fortrent av metaforar om rasjonelløkonomisk kalkulatorar og formålsretta formelle organisasjonar, som sosiale rørsler kun var eit middel til å oppnå eit ønska mål (Jasper, 1998: 398). Slike instrumentale metaforar har blitt utfordra frå eit kulturelt perspektiv der deltakarar har ei rekke grunner til å forfølge ei rekke mål. Ikkje berre er kjensler ein del av våre reaksjonar

på hendingar, men dei formar også - i form av djupe affektive tilknytingar - måla for våre handlingar (Jasper, 1998: 398).

Det er positive kjensler og negative, beundringsverdige og foraktelige, offentlege og skjulte, er særleg sentrale for utforming av sosial handling. Å kategorisere dei som rasjonelle eller irrasjonelle (mykje mindre å avfeie dei alle som forstyrning av rasjonalitet) er djupt feilaktig (Jasper, 1998: 398). Spørsmålet er om deltakarar er emosjonelle, kva gjer dei til irrasjonelle? Kjensler gir idear, ideologiar, identitetar og interesserer deira kraft til å motivere. Motivasjon blir mobilisert når det appellerast til allereie eksisterande kjensler som frykt, sinne og kjærleik. Nokre av desse kjenslene er midlertidige reaksjonar på hendingar, andre er langvarige affektive band. Ved å undersøke kva rolle kjensler spelar for deltakarane for mobilisering og i tida under demonstrasjonen og etterpå, er hensikten å undersøke korleis kjensler er vesentleg for korleis sosiale rørsler blir danna, vedvarer og avtar.

Kollektiv identitet skildrar førestilte og konkrete fellesskap, involverer ein konstruksjon og oppdaging av allereie eksisterande band, interesser og grenser (Polletta & Jasper, 2001: 298). Det er flytande og relasjonell og kjem ut av interaksjonar med ei rekke forskjellige deltakarar, snarar enn ein bestemt eining. Det tilbyr kategoriar som individ delar opp og gir mening om den sosiale verda. Polletta og Jasper (2001: 284) argumenterer for at kollektiv identitet har blitt tvungen til å gjere for mykje analytisk, ved å skildre fleire forskjellige dimensjonar og dynamikkar i sosial protest. Den analytiske utfordringa er å identifisere omstende der ulike relasjonar mellom interesse, strategi og politikk til identitet, omstende som inkluderer kulturelle prosessar så vel som strukturelle. Formålet med å vektlegge (kollektiv) identitet i undersøkinga av BLM som sosial rørsle, bygger på grunnlaget av at kvar enkelt deltakar kan ha ulike motiv, som i tillegg kan bestå av fleire målsetningar, men som til saman utgjer det eit samansurium av personlege og kollektive mål for den sosiale rørsla. I tillegg er det ein føresetnad om at deltakarar har ein varierende kapasitet til disposisjon for å nå sine mål, mellom anna økonomiske eller politiske midlar. I fellesskapet av BLM-demonstrasjonane er hensikten å undersøke i kva grad utforminga av ein kollektiv identitet spelar for å forme dei individuelle mobiliseringsfaktorane inkluderer (og utgjer) rørsla i heilheit.

5.0 Retts sosiologiske perspektiv

5.1 Retten

Retts sosiologi definerast som det sosiale samspelet mellom retten og retten si betydning for samfunnet (Hammerslev & Madsen, 2013). For å bryte opp kva dette inneberer vil det vere formålmessig å definere kva som omhandlar omgrepa, retten, samfunn og retts sosiologi i lys av Matheisen (2011). Mathiesen (2011: 38) definerer rett som «det samla systemet av formelt vedtatte reglar i eit samfunn, dei institusjonane som i siste instans har ansvaret for utøving av desse reglane eller kontrollen med at dei blir fulgt, og de ikkje formelt vedtatte reglar basert på såkalla ulovfesta rett». Vidare forklarar Mathiesen (2011: 38) at ulovfesta rett er den rettsforståinga som fungerer som ein sosial praksis, men ikkje er del av rettssystemet. Frå eit retts sosiologisk synspunkt er det viktig å studere institusjonane i rettssystemet, med vinkel mot indre åtfersnormer som dannea den indre kulturen i institusjonane, samt indre sosiale strukturar, konflikt og maktforhald; derav utgjør retten eit system (Mathiesen, 2011: 39). Slik eg forstår Mathiesen sin definisjon av retten, blir det vektlagt korleis er eit system som er utgjort av formelt vedtatte rettsreglar, rettslege institusjonar og ulovfesta rett. Det blir følgjande klare retningslinjer for retten si utforming og funksjon i samfunnet, og kva desse interne prosessane skal bestå av.

Sand (2017: 128) definerer retten som rettslege normer som skapast gjennom anvending og tolkinga av ei lang rekke ulike rettskjelder som grunnlov, lover, føreskrifter, traktatar, dommar, forvaltningspraksis, kontraktpraksis og mange fleire». Sand vektlegg ei forståing av språket si rolle i forholdet mellom retten og samfunn. Ho problematiserer det juridiske språk fordi det alltid vil vere ein langt større kompleksitet i det samfunnsområdet ei lov skal regulere enn det ordlyden i ei lov vil vere i stand til å uttrykke (Sand, 2017: 122). Det er juristane si oppgåve å tolke rettsreglane i samfunnskonteksten, altså i tråd med endringar i samfunnsmessige verdiar, normer og formål. Det rettslege språket skal ideelt vere sakleg og rasjonelt, derav har det over tid blitt danna eit eget juridisk språk. Sand argumenterer for at språkets sjølvstendigjering innanfor jussen, gjer at språket blir frigjort frå dei faktiske forhold i samfunnet (Sand, 2017: 133). Slik Sand vil bli forstått i denne avhandlinga, er at språket er avhengig av tolking, som belyser samfunnsprosessar si innverknad i rettspraksis, som på den eine sida reproduserer og forsterkar jussens autonomi og legitimitet, og på den andre sida viser ein kompleksitet i retten si tolkingsmakt.

Christie (1977) eksemplifiserer dette ved å bruke konflikt som eksempel på korleis rettssystemet har blitt spesialisert og profesjonalisert i vestleg kontekst. Juristar er profesjonelle til å stele konflikter, ettersom dei er trena opp til å førebyggje og løyse konflikter, derav konflikter som tidlegare var andre menneske sin eigedom, har blitt overtatt av juristane (Christie, 1977). Juristar blir dermed spesialistar som er villige til å ta konfliktane, samtidig som menneske er villig til å gi dei frå seg, noko som speglar endringar i den grunnleggande samfunnsstrukturen (Christie, 1977). Olaussen (2015) tilbyr eit kritisk perspektiv på makta som juristen har, ettersom dei har ein sentral posisjon som rådgjevarar for slutningstakarar med stor makt, både i offentleg og privat sektor. Han påpeiker at norske juristar gjennom to hundre år har utgjort ein sosial elite (Olaussen, 2015: 158). Rettsvitskap som eliteprofesjon har stor påverknad på myndigheitsavgjersler, samtidig som rekruttering til juristprofesjon har klar sosial skeivskap. Juristen sin sosiale bakgrunn stiller spørsmål om vi bør ha tillit til at det ikkje er stor sosiale skeivskap i kven som sikrast rettssikkerheit (Olaussen, 2015: 134). Slagstad (2014) problematiserer i likskap med Olaussen, at juristane sin ekspansjon var foreint med kontroll over statlege apparat, men ikkje bidrog til forståing mellom klassene. Den juridiske profesjon i form av individ, institusjon og profesjon utgjer rettsstaten som er inkorporert og har ei sentral rolle i alle utøving av makt frå myndigheitene på alle nivå. I avhandlinga vil dette teoretiske grunnlaget bli nytta for å undersøke retten si rolle i sosial mobilisering, ved å kunne bruke sin sentrale posisjon i samfunnet til å bidra til å motverke rasisme og diskriminering.

5.2 Samfunn

Med samfunn vil det i denne avhandlinga bli forstått ut frå definisjonen av samfunnsforhold som er dei interaksjonsforhold eller sosiale samspel som gjer seg gjeldande mellom menneske i og mellom smågrupper til omfattande sosiale apparat og inndelingar i samfunnet -innbefatta maktforhold – noko meir enn summen av individ som lev i samfunnet (Mathiesen, 2011: 40). Vidare presiserast det at sosiale strukturar blir skapt og oppretthaldt av individ som kontinuerleg treff valg og avgjersler. Samfunn blir i denne avhandlinga avgrensa for BLM-demonstrasjonane sin innverknad i samfunnsdynamikken. I tråd med Habermas' utvikling av det moderne samfunn er noko som har skjedd i ulike faser, frå til den noverande velferdstatsfasen som forsterkar tendensen til å lage lovar som forbetrar borgarane sine rettigheitsposisjonar, ikkje minst på det sosiale og økonomiske område (Dahlberg-Larsen, 2013: 302-303). Velferdsstaten er forstått som eit kompromiss mellom ein demokratisk styrt

stat med velferd som høgaste mål og eit kapitalistisk samfunn der den økonomiske sfæren kun i svært avgrensa grad er underlagt demokratisk kontroll (Dahlberg-Larsen, 2013: 305). Det Habermas omtalar som den moderne stats krise er i tråd med Webers rasjonalitetsførestilling prega av ei rasjonalisering av retten (Dahlberg-Larsen, 2013: 302).

Problemet som Habermas legg fram er at det er opphavleg eit behov for å skilje mellom to sfære i samfunnet. Der det i systemverd omhandlar makt og stat og avgjerande krav for handlingsmåte er at den er funksjonell og effektiv og formålet er bestemt av pengar eller makt, medan i livsverda blir omgivnadane, familien og samfunnet det som påverkar korleis ein tenker og føler (Dahlberg-Larsen, 2013: 302). men det har skjedd ei kolonisering kor systemverda med sine logikkar og måte å tenke på andre menneske på har bevega seg inn i livsverda og blitt ein del av den (Dahlberg-Larsen, 2013: 307-308). Det er eit problem fordi dei tinga som skal legge til rette for å produsere ein meningsfull kultur og identitet og sosialisering opplev eit kulturelt meiningstap. Han sklidrar rettsutviklinga som ein kollektiv tendens til å rettferdiggjere levevilkår, kor lovregulering utvidast til fleire livsområder, samt reguleringa på dei enkelte områda blir stadig tettare og meir detaljert formulert (Dahlberg-Larsen, 2013: 308). Habermas vil bli brukt i denne avhandlinga for å vurdere problematikkar knytt til ei auka rettsleggjering av samfunnet. Dette vil ha utgangspunkt for å undersøke korleis rasisme kan vere eit eksempel på ei utfordring knytt at folk kjem med ei livsverdoppfatning av eit problem som skal løysast i møte med systemet.

5.3 Vekselsverknadar

Dei rettslege institusjonane i Noreg består i eit rettsapparat og ein juridisk profesjon som har behandla retten som eit eige område med uavhengig av dei politiske myndigheitene (Graver, 2020: 49). I eit rettssosiologisk perspektiv er det sentrale å undersøke korleis rettslege normer, institusjonar og profesjonar skapast i samspel med politiske, kulturelle og økonomiske forhold. Conaghan (2013: 15) problematiserer retten som ein autonom og apolitisk institusjon, ved å argumentere for at den dominerande tendensen til å behandle retten som eit systematisk rammeverk av normer som kan bli forstått uavhengig av den breiare konteksten den opererer i. Ho påpeiker at rettspositivisme som behandlar lova som «a pure theory of law», ikkje speglar skilnaden mellom lova i teori frå lova i praksis (Conaghan: 2013: 11). Retten har mykje makt for korleis samfunnet er bygd opp, og det fungerer både som ei beskyttelse for å sikre at makta

ikkje blir uregulert eller tatt i politiske hender. I tillegg skal retten si utforming sikre rettssikkerheit og grunnleggande rettar for individ som høyrer til den norske stat, derav Grunnlova og menneskerettskonvensjonen legg grunnlag for denne utforminga av individuelle og kollektive rettar. Rettspraksisen skal vere autonom får politiske prosessar og fremme verdiar som vektlegg habilitet og upartiske eigenskapar.

Grunnleggande for rettssosiologisk teori er å undersøke vekselsverknaden mellom retten og samfunnsprosessar, og korleis desse påverkar kvarandre i tid og rom. Mathiesen (2011: 39) argumenterer for rettssosiologiske perspektiv som sentral for å studere institusjonane i rettssystemet, med vinkel mot indre åtferdsnormer som dannar den indre kulturen i institusjonane, samt indre sosiale strukturar, konflikt og maktforhold. Retten er innvevd i alle samfunnsprosessar, og vice versa, det legg grunnlag for rettssikkerheit, demokratiske verdiar, politisk makt og sosial planlegging. Max Weber (Hammerslev, 2013: 213) er den første som forsøkte å utvikle ein systematisk rettssosiologi som ein del av eit større fokus på utvikling av modernitet og kapitalisme i Vesten. Weber er sentral for eit konsensusperspektiv på retten si sentrale rolle i samfunnet, der lovgiving er eit uttrykk for samfunnet sine fellesinteresser. For at retten skal ivarta sin funksjon og oppfattast som legitim må dei rettslege normene reflektere det samfunnet dei er en del av, og dei verdiane som er aksepterte (Sand, 2017).

Forholdet mellom retten og samfunnet kan bli undersøkt i eit vekselsverkande forhold mellom dei to partane. Retten sin sosiale funksjon er å ivareta forutsigbarheit på mange samfunnsområder ved bruk av rettsreglar, kor det er viktig for samfunnsorganisering at vi har felles lovreglar og normer som vi i utgangspunktet kan stole på at etterlevast (Sand, 2012). Det er på ein måte ikkje klare grenser for kor retten sitt handlingsrom er i samfunnet, eller vice versa, ettersom dei påverkar kvarandre i stadig utvikling. For at retten skal ivareta sin funksjon og oppfattast som legitim må dei rettslege normene reflektere det samfunnet det er ein del av, og dei verdiane som er aksepterte. Retten sitt dilemma og tvitydigheit inneberer at retten sin funksjon er å skape stabiliserte og generaliserte (felles) normative forventingar som bidrar til normativ forutbergegnelighet, rettssikkerheit og forutsigbarheit for borgarane, samtidig som grunnlova gir Stortinget kompetanse til kontinuerleg endring av loven, og mogleggjer dermed kontinuerleg rettsleg endring av samfunnet (Sand, 2011). Det peiker dermed på eit paradoks om at retten er eit reiskap for forandring, samtidig som rettsstaten skal sørge for stabilitet.

For BLM-demonstrasjonen er det interessant å undersøke i kva grad retten lytter på sosialt engasjement. Samtidig som det då føreset at sosialt engasjement ønsker å endre rettsleg praksis

i samfunnet. Eit rettsosociologisk perspektiv kan tilby eit perspektiv på korleis retten handterer og forstå rasisme opp mot intervjupersonane sine forståingar om rasisme. Hensikten er å undersøke i kva grad sosial mobilisering for antirasisme kan bli tatt opp i ein juridisk sfære. Rogstad og Midtbøen (2009: 17) argumenterer for at dersom man derimot vil halde på diskrimineringsomgrepet som eit paraplyomgrep og så konkretiserer innhaldet avhengig av kva for eit perspektiv man tilskriver, vil ein oppdage at ein eigentleg snakkar om ulikskap innanfor rammene av tre forskjellige sfærar: Samfunn, lovverk og politikk. Hovudpoenget er likevel at dei ulike perspektiva eksisterer side om side i debatten om diskriminering, utan at det gjerast reie for at dei forskjellige aktørane har ulike målsettingar. Slik som Rogstad og Midtbøen (2009: 17) poengterer at subjektiv oppleving kan vere ein god nok dokumentasjon dersom målsettinga er å synleggjere at diskriminering hender i Norge. Vidare problematiserer r forfattarane at dersom ein søker politiske løysningar på eit samfunnsproblem, er ikkje synleggjering – eller eit lovverk – tilstrekkeleg. Analysen vil følgje Rogstad og Midtbøen (2009: 17) som argumenterer at for å utvikle treffsikre politiske verkemidlar må man kunne differensiere mellom ulike motiv. Med utgangspunkt i deltakarane vil det vere sentralt å undersøke kjennskapen dei har til det rettslege rammeverket for å forstå retten si rolle i mobilisering av deltakarane, samt i kva grad rettslege verkemiddel er tilgjengelege eller imøtekomande for deltakarane å ta nytte av i BLMs oppgjær med rasisme og diskriminering i det norske samfunn.

Kapittel 4: Metodologisk rammeverk

1.0 Introduksjon

Dette kapittelet vil belyse prosessen som er gjennomgått for kartlegging, innsamling og bearbeiding av datamaterialet som er nytta i denne avhandlinga. Dette er overordna eit metodologisk rammeverk som inneberer ein gjennomgang av ulike verktøy som er sentrale for denne prosessen frå start til slutt. Ei kvalitativ tilnærming er nytta med hensikt om å vektlegge deltakarane sine perspektiv, meiningar og forståing av den sosiale rørsle. Forskingsprosjektet omhandlar ein brei tematikk ved å gå inn på Black Lives Matter som sosial rørsle, samt rasisme og diskriminering i ein norsk kontekst. Difor vil dette kapittelet presentere dei metodiske vala som er gjort frå starten av prosjektet med avgrensing av tema, deretter til val av verktøy for innhenting av datamateriale, og til slutt til behandling og analyse av datamateriale som resulterer i det endelege sluttproduktet. Avslutningsvis vil det bli tatt for seg etiske refleksjonar som har blitt vurdert om forskarrolla og i løpet av forskingsprosjektet sitt utforming og gjennomføring.

2.0 Kvalitativ tilnærming

Kvalitativ forskning er ei tilnærming som gir ein moglegheit til å undersøke menneske sine opplevingar i detalj som vektlegg ein tolkande paradigme som inneberer å forstå subjekt eller deira opplevingar, altså å prøve å forstå eller tolke fenomen i form av meining som blir gitt til dei menneska det gjeld (Hennink, mfl., 2020). For å vektlegge perspektiva til deltakarane si oppleving og forståing av BLM-demonstrasjonane og kva dei legg i den sosiale rørsle, er ein kvalitativ tilnærming noko som speglar denne visjonen. I tråd med den kvalitative tilnærminga, søker dette forskingsprosjektet å forstå fenomenet sett frå intervjupersonane si side, kor målet er å hente inn skildringar om den intervjuja si livsverd for å kunne fortolke betydinga (Kvale mfl., 2015: 20-22). Det å arbeide ut frå ei forskingsgruppe har gjort at datamateriale er tilrettelagt til alle deltakarane sine formål, kor det for denne avhandlinga si utforming har den hatt ein induktiv framgangsmåte (Tjora, 2017: 24). For å innhente kunnskap som vil kunne innsikt avhandlinga sitt formål og utforming, bygger datagenereringsmetoden på kvalitative djupneintervju med deltakarar som har deltatt i BLM-demonstrasjonane i Noreg. Fordelen med denne metoden er å kunne tileigne kunnskap direkte frå informantane, samt inkludere ein

breiare samtale som vektlegg moglegheita for informanten til å ta opp informasjon som den anser som viktig og relevant. Heller enn å ta utgangspunkt eit teoretisk rammeverk for å styre datainnsamling og analysen har målet for avhandlinga har vore å tilnærme den empiriske konteksten med openheit.

Refleksjon av eiga rolle som forskar er ei føresetnad for kvalitativ forskning, ettersom det vektlegg subjektive tolkingar av intervjuobjektet (Hennink mfl., 2020). Utforminga av avhandlinga er prega av deltaking i eit større forskingsprosjekt Black Lives Matter og Rasisme hos Instituttet for Kriminologi og Rettssosiologi ved Universitetet i Oslo. Den kvalitative tilnærminga og datagenereringsmetoden var bestemt av forskingsgruppa før eg tok del i prosjektet, som har lagt grunnlag for forskingsprosjektet si utforming. Mellom anna inneberer dette at vi alle har hatt utgangspunkt i same intervjuguide, målgruppe og forskningstematikk. Mi rolle i forskingsprosjektet var å bygge vidare på data som var samla inn, samt supplere med eiga datamateriale. Deltaking i eit prosjekt med fleire forskarar gir ei styrke i forhold til innsamling av datamateriale i eit større omfang og forsterkar djupne i materialet ved å ha tilgang til ei større gruppe av informantar og intervju. Valet om å delta i forskingsprosjektet grunna i stor grad at den tilnærminga eg søkte som vektla deltakarane sine perspektiv, var i samsvar med det overordna forskingsprosjektet si opne tilnærming til forskingsfeltet. Med utgangspunkt i eit rikt datamateriale, fekk eg moglegheit til å bygge mi individuelle avhandling basert på eigne vektleggingar og tolkingar, ~~som er i tråd med ein induktiv tilnærming.~~ I tillegg har eg kunne supplere med eigne intervju for å kunne bli ein del av forskingsgruppa sin framgangsmåte, som på denne måten inntar ei aktiv forskarrolle også i prosessen for innhenting av datamateriale.

Den metodologiske tilnærminga i forskingsgruppa har stilt krav til datagenereringsmetoden om at det så langt som det var mogeleg, for å etterstreve ein lik framgangsmåte for å sikre kvalitet i data samla inn av fleire forskarar. Gjennom kontinuerlege møter med dei andre forskarane har vi kunne gjennom prosessen kunne dele erfaringar og diskutere problemstillingar etter kvart som dukka opp under intervju. Deltaking i forskingsgruppa ga ein unik inngang til eit ferdig grunnarbeid, men som medførte ein balansegang for å finne mitt eget formål med avhandlinga innanfor dei etablerte forskingsrammene. Manøvrering av sjølvstende innanfor ei gruppe er også noko som er blitt vurdert undervegs i forskingsprosessen. Det var ikkje før eg samla inn data sjølv at avhandlinga tok form og forskingsspørsmåla blei presisert. Det var erfaringar frå

intervjuprosessen og gjennomgang av det samla datamateriale, kor det teoretiske perspektivet og den analytiske tilnærminga er bygd ut frå empirien som er generert.

3.0 Datainnsamling

3.1 Intervjuguide

Gjennom ein semistrukturert intervjuguide blei spørsmåla forsøkt utforma på ein måte som kartla dei overordna tema som vi ønskte svar på, og som er opne for at informanten fritt skal kunne fortelje om sine erfaringar og meiningar (Hennink mfl. 2020: 122). Intervjuguiden vil derfor vere ein måte å leie samtalen på, kor det i tråd med den induktive framgangsmåten er open for informanten til å styre innhaldet. Intervjuguiden var utarbeida av forskingsgruppa før eg blei inkludert, som var eit felles strukturelt utgangspunkt for alle som gjennomførte intervju. Justeringar av intervjuguiden og tillegg av spørsmål som var hensiktsmessige for mitt forskingsfokus blei gjort innanfor retningslinjene gitt av NSD for prosjektet. Dette inneberer at forskingsgruppa hadde eit felles informasjonsskriv som blei gitt til deltakarane, samtykkeskjema som blei gjennomgått i forkant av intervjuet og var likt for alle forskarane i behandling av persondata (NSD, 2022).

Intervjuguiden omhandla sju hovudtema som var grunnlag for alle intervju. Desse inneberer: 1. Bakgrunn og oppvekst av informanten, 2. Black Lives Matter demonstrasjonen, 3. Protestar etter BLM-demonstrasjonen og SIAN, 4. Spørsmål om bilete frå BLM, 5. Betydning av deltaking i protestar og antirasisme-bølgje etter BLM, 6. Rasisme og diskriminering i kvardagslivet, 7. Å motverke rasisme/diskriminering på kollektivt- og samfunnsnivå. Desse blei nytta som ei retningsssnor gjennom intervjuprosessen, kor den ved vere spesifikk og omfattande kunne sikre informasjonen som var relevant og nødvendig for forskingsprosjektet, samt vere open for at kvar tematikk kunne variere i rekkefølga og i grad dei blei djuptgåande.

For at intervjuia ikkje skulle verte for utmattande og lange, ettersom tema om rasisme og diskriminering kan opplevast som personleg og emosjonelt, var eg bevisst på at informanten skulle få styre lengda på intervjuet. Utforminga av intervjuguiden følgde i grove trekke tre fasar for oppvarming, refleksjon og avrunding (Tjora, 2017: 145), slik at intervjuia i meir eller mindre grad skulle avslutte seg sjølv. Gjennomsnittleg var intervjusamtalen mellom 60 og 120 minutt, men det varierte utifrå intervjusituasjonen med informantane. Ettersom målgruppa for informantane var relativt unge var det mange som aldri hadde hatt eit liknande intervju tidlegare. Erfaringa med intervjuia var at mange verka overraska over kor samtaleprega

situasjonen utvikla seg, når dei kanskje forventa ein meir formell intervjusituasjon (Tjora, 2017: 159). Eit eksempel på dette er at ein av deltakarane sa i etterkant av intervjuet at han var redd for å seie noko feil fordi det verka så alvorleg å skulle snakke om rasisme til eit forskingsprosjekt, men han fortalde at det var opplevd som ein samtale mellom to kjente der han til tider gløynde at det var eit intervju. I retrospekt var det på same tid ein personleg modningsprosess i ei ukjend forskarrolle å skulle skape denne uformelle atmosfæren i intervjusituasjonen. Djupneintervju har eit ideal om den frie og uformelle samtalen, som lett kan forstyrrast av intervjuguiden (Tjora, 2017: 158). Det var lettare å rive seg laus frå intervjuguiden etter kvart som fleire intervju blei gjennomført. Av dei sju intervju som blei utførte, merka eg særleg ei endring etter 3-4 gjennomførte intervju, kor eg erfarte ein betre flyt i dialogen mellom meg som forskar og informantane. Eit eksempel på dette er at eg blei tryggare på å lese an stemninga for kor utspørjande eg kunne tørre å vere om informasjon som dukka opp utan å vere påtrengande. Erfaringa og forbetringa av forskarrolla belyser viktigheita av å skape tryggleik, openheit og tillit mellom intervjuar og intervjuobjekt, også for kva grad informantane er villige til å dele sine meiningar og kjensler.

3.2 Rekruttering og utval

Forskningsprosjektet tar utgangspunkt i BLM-demonstrasjonane som utformar ein kontekstuell avgrensing for datainnsamling. Hovudregelen for utval i kvalitative intervjustudie er at man vel informantar som av ulike grunner vil kunne uttale seg på ein reflektert måte om det aktuelle tema (Tjora, 2017: 130). Forskningsprosjektet har følgd eit strategisk utval, «purposive sampling», kor forskaren vel informantar som er hensiktsmessige for studiet (Hennink mfl., 2020: 92). Utvalet av ungdom mellom 18 og 30 år som har deltatt i ein av BLM-demonstrasjonane i Noreg i juni 2020. Rekrutteringsprosessen starta for forskingsgruppa i Oslo, ettersom det var den største demonstrasjonen utgjør dei eit fleirtal av informantutvalet, men blei etter kvart utvida til å inkludere demonstrasjonane i andre norske byar som Bergen, Trondheim og Stavanger. Mitt utval av informantar var hovudsakleg frå demonstrasjonen i Bergen for å inkludere dei mindre demonstrasjonane for å betre kunne undersøke BLM i eit breiare nasjonalt perspektiv. Ettersom forskningsprosjektet omhandlar BLM-demonstrasjonen knytt til tema om rasisme og diskriminering, betrakta vi det som relevant at fleirtalet av informantane med minoritetsbakgrunn i Noreg. Med minoritetsbakgrunn blir det i denne avhandlinga forstått som personar med bakgrunn frå andre land, altså med foreldre som har

migrert til Noreg eller har immigrert til Noreg i ung alder. Det er omtrent ti av intervjuar som er gjennomført med informantar som er etnisk norske, som i denne avhandlinga blir forstått som personar av foreldre som er norske eller som har familie med tilhøyrse til Noreg over fleire generasjonar.

Ved rekruttering av informantar begynte den første framgangsmåten med snøballteknikken (Weiss, 1994, referert i Small, 2009: 14), for å komme i kontakt med potensielle informantar i vårt eget sosiale nettverk, for å deretter kunne bli anbefalt fleire kontaktar. Denne rekrutteringsmåten hadde stor suksess, som ofte er fordi folk blir meir mottakeleg til ein forskar når sistnemnde har blitt bekrefte av ein venn som påliteleg (Small, 2009: 14). Ei problemstilling som dukka opp undervegs med snøballteknikken var at denne framgangsmåten bryter ned grunnlaget for å sikre anonymitet mellom deltakarane, men dette blei avklart med informantane i forkant slik at dei visste det ville vere avgrensa til dei personane som dei foreslo. Ei anna framgangsmåte for rekruttering har vore gjennom sosiale medium plattformer for å komme i kontakt med folk som har deltatt via Facebook eller lagt ut bilete frå demonstrasjonen på sosiale medium. Denne rekrutteringsmåten hadde mindre suksess, i forhold til kor mange som responderte til vår etterspurnad. Samtidig er dei som blei rekruttert via sosiale medium ofte særleg engasjerte og interesserte i tema, som ga gode intervju grunna i deira openheit og villigheit til å dele sine meiningar og tankar. I kvalitative studier er det vanskeleg å skulle avgjere når det er tilstrekkeleg med informantar, ettersom det handlar om å komme djupt nok i ein tematikk til å kunne belyse fenomenet (Small, 2009). I vårt tilfelle har rekrutteringa resultert i femtifire djupneintervju, noko som gjer at datamateriale er omfattande. Ein klar fordel med fleire forskarar til å innhente data er at datamateriale har stort omfang og gir moglegheit til å forstå og forklare mønster, samt oppnå ein djuptliggande forståing (Hennink mfl., 2020).

3.3 Djupneintervju

Den mest utbreidde datagenreringsmetoden innanfor kvalitativ forskning er gjennom intervju (Tjora, 2017: 113). Valet av djupneintervju eller semistrukturerte intervju var mest hensiktsmessig med formål om å kunne skape ein relativt fri samtale om og gi rom for informantane til å reflektere over eigne erfaringar og meiningar knytt til forskningstema. Valet av djupneintervju bygger på metoden sin karakteristikk av eit fenologisk perspektiv (Spradley, 1979, referert i Tjora 2017: 114) som inneberer ein intervjuprosess som søker å utforske informantens sin subjektivitet, altså kjensler, meiningar og erfaringar. Tjora (2017: 115)

påpeiker at i eit såkalla sosialkonstruivistisk perspektiv er målet å studere korleis informantane skapar mening, eller ei forståing av si verkelegheit, på bakgrunn av subjektive erfaringar og oppleving, som i dette tilfelle er deltaking i BLM-demonstrasjonen. Formålet med å bruke djupneintervju som verktøy er å kunne få tilgang til eit breidde av informasjon, basert på deltakarane sine subjektive oppfatningar og refleksjonar, og dermed kunne ha utgangspunkt i sentrale tematikkar som deltakarane sjølv vektlegg som grunnlag for analysen. I tråd med den fenomenologisk tilnærminga med å søke informanten sitt perspektiv og realitetsforståing, er kunsten å stille gode oppfølgingsspørsmål (Kvale mfl., 2015: 171). Dette opplevast derimot ikkje som ei avsporing av intervjuguiden, men heller som ei innsikt i problemstillingar som eg ikkje kjende til frå før av. Gjennomføringa av djupneintervju var derfor retta mot å skape ei avslappa stemning kor informanten føler det er greitt å snakke opent, tenke høgt og kor digresjonar er tillat (Tjora , 2017: 118). Erfaringa med intervju var i stor grad prega av deltakarane sitt engasjement for tema og villigheit til å dele sine meiningar og tolkingar tematikken.

Med forbehold om at intervju blei gjennomført digitalt, vart erfaringa med djupneintervju erfart som eit godt metodeval, med aukande suksess utover intervjuprosessen i etablering av tillit til informanten og innhenting av datamateriale. Då intervju var ferdig, blei det gjentatt til informantane at dei til ein kvar tid har rett til å avbryte si deltaking, utan at dette vil få negative konsekvensar for dei. Som følgje av at intervju blei gjennomført digitalt var det særleg viktig for meg at intervju blei avrunda på ein god måte, slik at informanten ikkje brått sitter igjen med ein tom dataskjerm. I tillegg til at egne erfaringar og kjennskap til rasisme og diskriminering kan vere utfordrande å dele med ukjente, og i nokre tilfelle opplevast som ein retraumatisering av tidlegare erfaringar (sjå kapittel 6, punkt 4). Nokre blei engasjerte av å snakke om tema, andre opplevde det som utmattande eller blei opprørt av å fortelje om hendingar dei hadde opplevd. Intervjuguiden blei hensiktsmessig bygd opp slik at startfasa på intervjuet hadde ei gradvis oppbygging til å gå djupare om tema etter kvart som intervjuet blei utforma, samtidig som slutfasen av intervjuet inneberer ei nedtrapping. Dette blei gjort med hensikt om å kunne skape ein sirkulær dialog, kor det var eit fokus på å unngå ein brå start og slutt, samt kunne underbygge ein trygg relasjon mellom forskaren og deltakaren både undervegs i intervjuet og i etterkant. Etter lydopptaket blei avslutta, hadde vi ein dialog om korleis intervjusamtalen var opplevd og dermed fullføre møte med kvarandre på ein mest mogeleg uformell og avslappa måte. Det var viktig for meg å avrunde samtalen på ein god måte slik at informantens villigheit til å dele erfaringar, meiningar og refleksjonar blir verdsett.

4.0 Databehandling

4.1 Transkribering og koding

I datagenereringsprosessen er behandlinga av dei empiriske data neste steg i forskingsprosessen og utarbeiding av oppgåva. Styrken til den kvalitative tilnærminga kjem særleg til uttrykk i databehandling, ettersom den lar det empiriske grunnlaget avgjere kva spørsmål som er verdt å søke et svar på (Kvale mfl., 2015: 224). Når intervjua transkriberast frå munnleg til skriftleg form, blir intervjusamtalane strukturert og er i seg sjølv ein start på analysen (Kvale mfl., 2015: 206). Eg valde å skrive intervjua på bokmål, ettersom dei andre i forskingsgruppa hadde skrive sine i forkant på bokmål, men passa på å behalde dialektord som kan ha ein eigen betydning. Dette var òg gjort med tanke på å ikkje skape eit skilje i datamateriale mellom kven av forskarane som hadde gjennomført intervjua, men å behandle det som eit heilskapleg datamateriale. Transkribering blei gjort fortløpande etter kvart intervju, som var nyttig i forhold til å betre oppfølgingsspørsmål og ta opp tematikkar som gjekk igjen i dei komande intervju. Allereie under transkribering av 4-5 intervju var eg begynt å legge merke til mønster som var like hos fleire av informantane, som ga meg idear for korleis eg ville utforme avhandlinga vidare.

Koding blir brukt for å ytterlegare strukturere datamateriale for å forsøke å få fram det som allereie ligg i tekstane (Kvale mfl., 2015: 225-226). Kodeskjema blir spesifisert for å hente ut kunnskapen og meininga som finnast i intervjua og som er hensiktsmessig for å formulere dei overordna tema og problemstillingane for avhandlinga. Dette er i tråd med ein analytisk induksjon, kor induktiv koding av data er ein strategi for å identifisere mønster og formulere potensielle forklaringar på mønster (Kvale mfl., 2015: 224). Ei av utfordringane med å ta del i eit større forskingsprosjekt var at kodeskjema allereie var utforma, kor eg i ettertid måtte supplere med dei kodene eg meinte var sentrale for avhandlinga sitt formål. Samtidig gir dette også innsikt i korleis eit datamateriale er grunnlag for fleire ulike vinklingar, formål og mønster. Spesifikt for mi avhandling var koding gjort først med same framgangsmåte som dei andre intervjua i forskingsgruppa, slik at det var behandla som eitt samla datamateriale. Deretter, koda eg det komplette datamaterialet til underkategoriar til tre forskjellige kapittel som utgjer avhandlinga sin analyse. Det var i denne delen av datagenereringsprosessen at rammeverket for utforminga avhandlinga blei forankra.

4.2 Datakvalitet

Det å utforme forskings spørsmål og formål for avhandlinga ut frå eit rikt og omfattande datamateriale, gir innsikt i korleis eit forskingsprosjekt blir forma av forskaren i seg sjølv. I all kvalitativ forskning er det sentralt å reflektere om datakvaliteten ut frå grunnleggande kvalitetsindikatorar som reliabilitet og validitet. Reliabilitet referer til spørsmålet om ein annan forskar som brukar dei same metodane ville komme fram til same resultat (Thagaard, 2009: 198). Ein av styrkane med å jobbe som ei forskingsgruppe er at det kan heve datakvaliteten ettersom fleire forskarar samarbeider og diskuterer avgjerande slutningar i forskingsprosessen (Thagaard, 2018: 188). Reliabiliteten er knytt til kvaliteten av data prosjektet baserer seg på og til vurderingar av korleis forskaren anvender og videreutvikler data. Gjennomgåande i avhandlinga sitt teoretiske perspektiv, metodeval og analysestrategi presenterer eg grunnlag for avgjersla som blir tatt basert på tolkinga av empirien. Dette er gjort for å gi så god som mogeleg innsikt i forskinga for å etterstreve transparens i forskingsarbeidet legge til rette for at forskingsprosessen kan evaluerast (Tjora, 2017: 248).

Validitet vurderast ut frå spørsmålet om resultata av undersøkinga representerer verkelegheita vi har studert og omhandlar gyldigheit av dei tolkingane som forskinga presenterer (kjelde). Kvalitative studie har som målsetning å gå ut over det reint deskriptive, kor analysen representerer fortolking av dei fenomen vi studerer. For å styrke forskinga sin validitet blir transparens (Silverman, 2006: 282, referert i Thagaard, 2009: 201) brukt som verkemiddel for å tydeleggjere grunnlaget for fortolkingar ved å reiegjere for korleis analysen gir grunnlag for dei konklusjonane som er framlagt. Dette reflekterer også mi rolle som forskar ettersom forskinga er eit resultat av forskaren si bearbeiding og tolking av det empiriske datamateriale. Grunnlaget for dette er ein kunnskap om at empirisk data i seg sjølv ikkje kan være ei enkel spegling av verkelegheita, i tråd med det konstruktivistiske perspektivet på at kunnskap representerer verda heller enn å avspegle den (Berger & Luckmann, 1967; Searle, 1995, referert i Bukve, 2016: 29). Utover forskingsprosjektet har det heile vegen vore jamlege møter med medlemmane i forskingsgruppa, som har hatt formål om å oppdatere kvarandre om dei forskjellige prosessane si utvikling. I tillegg har det ført til at vi undervegs har kunne diskutere fortolking og mønster som blir observert av den enkelte i fellesskap. Dette har gjort at det kontinuerleg er vurdert legitimitet til resultat og slutningar i datamateriale, samt søke bekreftelse eller kritikk frå dei andre gruppemedlemmane.

4.3 Tidsperspektiv

Koronapandemien har satt grenser for planlegging og gjennomføring av datainnsamling og tvungen tilpassing av datagenereringsmetoder designa for bruk under pandemiens vilkår av Covid-19 (Nind, mfl., 2021). Rekrutterings- og intervjuprosessen var i ei periode frå hausten 2020 til hausten 2021, deriblant dei fleste intervju blei gjennomført digitalt. Det er vanskeleg å skulle vurdere konsekvensane av å gjennomføre intervju digitalt, men det er noko som har blitt diskutert fortløpande gjennom datagenereringsprosessen i forskingsgruppa. Ved å gjennomføre intervju over Zoom, forsvinn ein sentral styrke med den kvalitative forskingsmetode, kor ikkje-verbale hint som kroppsspråk formidlar og fortolkast vil gå tapt (Ellingson, 2012., Foucault, 1977. Goffman, 1967). På den andre sida, vil det ikkje det bety at data vil bli mista eller er mindre innhaldsrik på grunn av mangel på ikkje-verbale hint; tvert imot kan det leie til meir openheit og dermed til rikare data (Novick, 2008, referert i Thunberg & Arnell, 2021:2). Det at informantane kan sitte heime på sitt rom eller heim kan også ha effekt på informantane til å føle seg meir avslappa og roleg når dei kan delta i ein meir fleksibel setting og ikkje må møte ein framand for eit intervju, og dette kan gjere dei meir komfortable til å avdekke deira erfaringar (Alkhateeb, 2018; Sipes mfl., 2019; Weller, 2017, referert i Thunberg & Arnell, 2021). I tillegg spelar tidsrommet ei rolle for kor detaljrikt opplevinga med BLM-demonstrasjonen kunne bli reflektert over, ettersom det var ei varierende tid sidan demonstrasjonen for dei ulike deltakarane. Deltakarane blei oppfordra til å sjå på bilete som var tatt i samanheng med demonstrasjonen. Det erfarast som eit godt verkemiddel for å kunne reflektere om assosiasjonar og kjensler ved å sjå bilete i ettertid.

5.0 Temaanalyse som analysestrategi

Strategien for analysen er bygd på det Braun & Clarke (2006: 79) omtalar som tematisk analyse som metode for å identifisere, analysere og rapportere mønster eller tematikkar i datasettet. Tematisk analyse inneberer å ha eit heilskapleg perspektiv på datamateriale, der hensikta er å finne repeterande mønster, eller såkalla tematikkar, som har betydning og tilknytning til forskingsspørsmålet (Braun & Clarke, 2006: 86). Ein av fordelane med tematisk analyse er at det er ein fleksibel analysestrategi, gitt at Braun og Clarke (2006) viser til stegvise

retningslinjer, heller enn klare retningslinjer for å gjennomføre analysemetoden. Metoden kan brukast til å vise både likskapar og ulikskapar i datasettet (2006: 97).

Framgangsmåten bygger på seks ulike fasar som skapar ein rettleiande prosess, heller enn ei sjekklister av punkt som skal følgjast kronologisk (Braun & Clarke, 2006: 87). Fase ein omhandlar å få kjennskap til datamateriale, der det har innebore mitt eige produserte materiale, samt datainnsamlinga gjennomført av dei andre i forskargruppa. Meir spesifikt har denne delen av analysen omhandla transkribering av data og få ei oversikt over det totale datamateriale, og etablere dei første ideane for tematikkar. Fase to omhandlar koding, som dannar grunnlaget for ei oversikt på tvers av datamateriale, samt initierande koder som vil undersøkast vidare. I fase tre blir kodene sett saman i ulike tema, og deretter undersøkt korleis kodene belyser mønster og sentrale omgrep som går igjen i datamateriale. I fase fire går ein gjennom tema med eit meir kritisk perspektiv på forholdet mellom kodene og datamateriale i heilheit og genererer eit tematisk «kart» for analysen. I denne delen av analysen blei det synleg kva for nokre tema som var sentrale, og tilsvarande som fell ut frå prosessen vidare. I fase fem blir den pågåande analysen for å avgrense detaljane for kvart tema, og den generelle historia som analysen fortel, genererer definisjonar og namn for kvart tema. Fase seks omhandlar å presentere datamaterialet gjennom tema som er definert, kor det ikkje er avgrensa til å gjenfortelle og skildre data, men å argumentere og belyse funn som er relatert til forskingsspørsmåla. I avhandlinga si utforming har gjennom vegen vore ein rekursiv prosess, kor analysen ikkje har vore lineær, men heller fram og tilbake etter behov gjennom fasane (Braun & Clarke, 2006: 86).

Heile analysen føl ein induktiv framgangsmåte, som bygger på ein empiribasert logikk. For å peike på tre problemstillingar med analysen som utfoldar seg i retts sosiologisk metode når empiri betyr i utgangspunktet erfaringsbasert kunnskap og er basert på å danne kunnskap eller teori basert på erfaring i motsetnad til det som kan erkjennast rasjonelt eller reint teoretisk (Hammerslev & Madsen, 2013: 24). Mellom anna har det ført til at det har vore vanskeleg å utleie faktiske lover for menneskeleg handling som elles var eit av hovudformåla med moderne positivistisk vitskap og retts sosiologi. Eit anna hovudproblem har vore korleis man som forskar kan sette seg ut over sin eigen (for)forståing av verkelegheita, medførande, vil det ikkje vere mogeleg å lausrive seg heilt frå den teoretiske forforståinga ein har til forskingsfeltet frå før. Dette er gjort med ein bevisstheit om korleis forforståinga påverkar analysen si utforming (Braun & Clarke, 2006: 84). Ein av dei store utfordringane i retts sosiologi, samt samfunnsvitskap generelt, er korleis man kan observere eller undersøke fenomen som ikkje

umiddelbart er observerbare, slik som for eksempel omgrepet solidaritet. Framgangsmåten har i tråd med den induktive tilnærminga lagt vekt på å belyse kva deltakarane legg i slike omgrep som solidaritet, for å kontekstualisere fenomen innanfor rammeverket av demonstrasjonen og deltakarane sine vektleggingar. Framgangsmåten eg har vald er prega av ein pendling mellom data og teori, der ein steg for steg vekslar mellom å formulere generelle påstandar om samanhengar, og å sjekke dei mot data frå den aktuelle casen (Bukve, 2016: 145). I retrospekt har analysestrategien blitt forma av ein runddans mellom empiri, metode og teori.

6.0 Forskingsetiske omsyn

6.1 Personvern

Etter intervjuguiden var utarbeida og godkjent frå NSD, og rekruttering av informantar var suksessfull, var det neste steget å utføre sjølve intervjuet. I forkant av intervjuet, var det ein nøye gjennomgang av intervjuprosessen for å gi informanten ei oversikt og reiegjere for kva dei kunne forvente seg. Personvern er noko som blir lagt vekt på ved innhenting av data, kor det er eit sentralt etisk grunnprinsipp for kvalitativ forskning å sikre konfidensialitet for informantane (Hennink mfl., 2020: 79). Det blei gitt eit samtykkeskjema som informantane måtte gi verbal samtykke for deltaking i forskingsprosjektet. Dette skjema inneberer løyve til å ta opp intervjuet med lydopptakar og informasjon om å kunne trekke seg når som helst trekke tilbake samtykke utan å måtte forklare seg. Lydopptak blei nytta for å kunne fokusere fullt og heilt om det informanten fortalde, for å sørge for god kommunikasjon og flyt i intervjuet samt be om utdjuping og konkretisering der det trengs (Tjora, 2017: 166). Ved at lydopptaksprogrammet var på data, slik at det ikkje skapte uønska merksemd eller forstyrning av intervjuet. Deling av det transkriberte intervjuet mellom forskarane var gjort etter at teksten var blitt anonymisert, og sendt overført via USB eller ein passordbeskytta portal File Sender, for å oppfylle informantane sine rettigheter til konfidensialitet også innan forskingsgruppa. Dei anonymiserte namna er også endra mellom forskarane, slik at ved fleire publikasjonar basert på same datamateriale ikkje vil kunne sette saman sitat frå forskjellige publikasjon og dermed få tilgang til mykje informasjon om ein person. Oppbevaring av datamateriale har berre vore lagra på Universitetet i Oslo sin passordbeskytta portal. For å ha ein backup i tilfelle den digitale lagringsplassen skulle bli problem med, blei datamateriale også lagra på ein USB som er låst i eit personleg skap med kode på Det juridiske fakultet kor området er avgrensa til dei med åtgangskort. I tillegg er det informert i informasjonsskrivet at all data vil bli sletta ved

prosjektslutt. I løpet av prosjektperioden er det ein deltakar som har vald å trekke seg frå prosjektet, der dette intervjuet er fjerna frå datamaterialet.

6.2. Forskarrolla

Forskaren si rolle er avgjerande for kvaliteten av den vitenskaplege kunnskap og dei etiske slutningane som blir vurdert i kvalitativ forskning (Kvale mfl., 2015: 108). God forskingspraksis legg vekt på etiske prinsipp som forskaren må ta omsyn til når ein gjennomfører eit prosjekt, særleg for kvalitativ forskning (Hennink mfl., 2020: 71). Ei utfordring i kvalitativ forskingsintervju er eit asymmetrisk maktforhold mellom forskaren og den som blir intervjuet, ettersom det er ei utspørjing som berre går i éi retning og forskaren har monopol fortolking og rapportere kva den intervjuet verkeleg meinte (Kvale mfl., 2017: 52). Forskingsprosjektet har blitt gjennomført på ein måte som har prøvd å førebygge usikkerheitsområde som er prega av ein kvalitativ tilnærming, mellom anna om å gå få informanten til å snakke fritt om tema. Konfidensialitet mellom forskar og informant som sikrar ein fortruleg relasjon og ein bevisstheit om at risikoen for å skade ein deltakar er minst mogeleg. Gjennom heile prosjektet er det lagt vekt på at etiske retningslinjer blir brukt som rammeverk ved gjennomføring og behandling av denne avhandlninga (Kvale mfl., 2015: 110). Ei utfordring for å korleis sikre og skape tillit til deltakarane har vore å få dei til å opne seg, men samtidig ikkje føle at det dei fortel blir vurdert eller tolka på ein dårleg måte. Tilliten må komme ut i behandlinga av datamateriale kor det er ein balansegang mellom å kritisk analysere datamateriale og representere deltakarane på ein verdig måte.

Forskingsprosjektet tar ikkje for seg noko som kan skade informantane, men søker likevel at deltakarane skal reflektere om personlege erfaringar og meiningar med rasisme og diskriminering. Det blei gjort tydeleg undervegs i intervjuprosessen at deltakarane aleine bestemte kva den ville fortelje, og i tillegg om ein i ettertid skulle angre på noko ein hadde fortalt var det utan problem å fjerne delar eller heile intervjuet. I etterkant av intervjuprosessen er det ein deltakar som har vald å trekke sitt intervju og er dermed ikkje inkludert i datamaterialet. Søket etter subjektivitet, personleg erfaring og opplevingar må bli gjennomført ut frå det viktigaste etiske prinsippet «do no harm» (Hennink mfl., 2020: 71). Refleksjonar over mi rolle som forskar har gjennomgåande i forskingsprosjektet vore viktig.

Eg har brukt mykje tid undervegs i forskingsprosjektet på å finne min posisjon som forskar, korleis mitt utgangspunkt kan påverke data og kva eg kan bidra med innanfor ein tematikk som

omhandlar rasisme og diskriminering. Ettersom eg sjølv er ein kvit person vil eg ikkje ha dei same føresetnadane som deltakarane til å kunne relatere til problematikken. I tillegg til det å høyre om deltakarar fortelje om ein sårbar situasjon og valdelege hendingar, har vore utfordrande personleg å bearbeide i forskarrolla. Eit sentralt grunnlag for utforminga av avhandlinga har vore grunna i eit fokus på å tydeleg skilje mellom mitt perspektiv som forskar og presentasjonen av den forståinga informanten har av sin situasjon (Kvale, 1997: 98-100, referert i Thagaard, 2009: 212). Dette er særleg gjort med hensikt om å hindre at tolkinga blir framstilt som om den var informanten si forståing av situasjonen, kor hensikta ikkje er å snakke for deltakarane. Mi rolle som forskar er gjort med formål om at forskingsfunna vil kunne representere informantane på ein rettferdig måte.

Kapittel 5

Bakgrunn for mobilisering

1.0 Introduksjon

Dette kapitlet vil sette lys på motiv som ligg bak deltaking i demonstrasjonane i ein norsk kontekst og vise kva som ligg forut deltaking i ei sosial rørsle. Kapitlet vil derfor gå inn på sentrale kategoriar for motiv for dei enkelte deltakarane som står bak ei samla rørsle under fellesnemnaren «Black Lives Matter». Formålet er å gå tilbake til starten for å få innsikt i kva som utløyste denne omfattande mobiliseringa blant unge norske borgarar, og sjå kva som ligg til grunn før demonstrasjonane. Dette vil gjerast ved å kategorisere dei motiva som er mest representert av deltakarane i datasettet. Den første omhandlar å kartlegge oppbygginga til mobilisering med drapet på George Floyd som ein utløysande faktor. Deretter vil eg gå inn på tre motiv som blir vektlagt, desse inneberer mobilisering på grunn av sosial endring i ein norsk kontekst og eit fokus på solidaritet, kulturell endring i form av ei vektlegging på å auke kunnskapsproduksjon om rasisme og diskriminering i ein norsk kontekst og i form av politisk endring. Hensikten med å rette søkelys på fleire motiv for å delta i demonstrasjonane er å skape rom for eit nyansert bilete av BLM-demonstrasjonane, heller enn eit einseitig og avgrensa bilete av sosial mobilisering.

2.0 Sosial endring

2.1 Oppbygging og mobilisering

Mobilisering av deltakarane for å skape sosial endring kan vektlegge fleire grunnlag for å kunne skape endring på fleire måtar, mellom anna ved å endre sosiale normer og åtferd blant befolkninga eller skape dermed sosialt press til å påverke politikarar for å iverksette samfunnsendringar. Med ei vektlegging på å skape sosial endring var det eit sentralt motiv for mange av deltakarane å bruke sosial mobilisering som verkemiddel for å skape merksemd om rasisme- og diskriminerings tematikken. Den utløysande faktor for mobilisering var ein video av drapet på George Floyd som blei delt på sosiale medium. Den 46 år gamle svarte mannen blei drepen av ein kvit politibetjent under ein arrestasjon i Minneapolis. Det blei eit tydeleg

eksempel på den brutale realiteten av rasistisk motivert vald som minoritetsbefolkninga i USA blir utsett for. Ein av deltakarane frå studien denne avhandlinga operera utifrå Zahra (23) forklarar hendinga på denne måten:

Zahra (23): «Drapet [på George Floyd] synes eg var veldig urovekkande, eller oppsynsvekkande. Det var sjukt trist, men også ein veldig sann realitet for folk med minoritetsbakgrunn, spesielt mørkhuda menneske. Det er noko som har skjedd i Noreg også der ein svart person har blitt drepen. Så det var fint at folk endeleg har fått nok. Det var den eine dråpen som fekk begeret til å renne over. Men eg er takknemleg for at folk, hvert fall vår generasjon, tok grep da».

Det Zarha (23) peikar på det at drapet på George Floyd var ein utløysande faktor for BLM-demonstrasjonane, som var viktig for mobilisering av deltakarane. I løpet av demonstrasjonen var det gjennomført ei kneling i åtte minutt og førtiseks sekund. Dette var så lenge politibetjenten hadde kneet sitt på nakken til Georg Floyd, og som resulterte i hans dødsfall. Fleire av deltakarane fortel at å sjå 15.000 knelande i stillheit og solidaritet, det ga eit stort inntrykk på dei personleg. Ein annan deltakar Afia (23), fortalde hennar første tankar når ho såg videoen «var ikkje at nokon døde, men at det skjedde med endå ein svart person». I Afia (23) sitt tilfelle vekte det stor frustrasjon og sinne ved at videoen framstiller svarte menneske på ein ikkje-human måte i den grad at det blir delt på sosiale medium som ein «wokeness-video». Ho ville demonstrere for å «få svarte folk til å bli sett på som menneske og ikkje etter det blir endå ein video av ein død kropp». I likskap med mange av deltakarane illustrerer Afia (23) ei «normalisering» av sterke videoar frå USA kor ho fortel «vi har sett døde kroppar på sosiale medium gjennom heile oppveksten vår».

Fleire påpeikte at dei ikkje reagerte med overrasking eller sjokk ettersom dei opplever å vere desensibilsert til det Caroline (29) skildrar det som «ei lang rekke av drap på unge afrikanarar og då spesielt menn». Det er i store skilnadar mellom USA og Noreg når det handlar om rasisme og diskriminering som ikkje legg til rette for ei hensiktsmessig samanlikning. Ved å knyte hendinga i USA til overordna problem med rasisme, diskriminering og urettferd retta mot minoritetsbefolkning i Noreg, fører dette til eit breiare grunnlagsspekter for å delta i BLM-demonstrasjonen. Med utgangspunkt i Weber sitt syn på det nødvendige av å forstå sosiale fenomen frå aktørane sitt ståstad, der det er ei vektlegging på aktørar som handlande subjekt og ikkje objekt som er produkt av samfunnsstrukturar (Hammerslev og Madsen, 2013: 215). Aktørperspektivet legg grunnlag for å trekke trådar mellom problemstillingane som blir tatt

opp i den amerikanske konteksten, til å bli sett i lys av problemstillingar som deltakarane ønsker å ta opp. Eira (20) svarte på denne måten når ho blei spurt om korleis det var å kople hendinga som tok stad i USA til ein norsk kontekst:

«Fordi eg kjenner folk som har gått gjennom ting som man ikkje skal gå gjennom i møte med politiet og det har vore i forskjellige samanhengar, og det har vore på krenkande måtar. Folk har fordommar, og det skjønner eg. Men eg tenker dersom det er så mykje fordommar hjå dei som jobbar i politiet, så er det ikkje nok kunnskap eller kjennskap til desse menneska. Og eg seier ikkje at det er alle politifolk, men det er mykje av det, og eg føler også at i Noreg har man vore naiv med det. Så eg connected det også med ting her i Noreg og eg sjølv har gått gjennom mykje unødvendige situasjonar berre på grunn av hudfarge. I Noreg har det ikkje vore like mykje snakk om rasisme, så eg følte nokon var kanskje litt overraska. Det var ein del som meinte at det ikkje var reelt for oss. Så det var ein kombinasjonsgreie at eg ville dra også fordi eg veit at vi må snakke litt meir om det i Noreg òg».

Fleire av deltakarane understrekar at det var viktig å støtte George Floyd i demonstrasjonen, men det var i stor grad ein augeopnar for korleis rasisme vedvarer også i det norske samfunn. Sjølv om BLM-demonstrasjonar i 2020 blei styrka av drapet på George Floyd i USA, bidrog drap, undertrykking og vald mot svarte personar utført andre stader til protestar og solidaritet over heile verda under fellesnemnaren "Black Lives Matter" (Joseph-Salisbury mfl., 2020; Özbilgin & Erbil, 2021; referert i Bell mfl., 2021). I tråd med Webers metodiske individualisme er det ei trekning for å forstå at var det ei sentral føresetnad å «overføre» BLM til den norske konteksten for mobilisering av deltakrane (Hammerslev og Madsen, 2013: 215). Særleg viktig i moderne rørsler er det å formidle sine argument gjennom sosiale medium, som i sin natur tillèt ei brei befolkning å forme og endre rørsle sin bodskap (Ince, Rojas og Davis, 2017: 1815). Dette er ein måte deltakarane tileignar mening til det rammeverket som blir tilbydd av BLM som ei sosial rørsle (Ince, Rojas og Davis, 2017: 1815). Det sosiale engasjementet som spreidde seg globalt tok utgangspunkt i ei hending som oppstod i USA, men fleire av deltakarane følte eit behov for å belyse korleis rasisme og diskriminering opplevast i det norske samfunn. Følgjande, var det viktig for deltakarane å presisere at bakgrunnen for å delta under fellesnemnaren BLM-demonstrasjonane var kontekstuellet retta mot sosiale endringar som var ønskeleg å oppnå ein norsk kontekst.

2.2 Solidaritet

Ved at tusenvis av menneske samlast for å demonstrere legg det grunnlag for eit samhald mellom ukjente som møtes i støtte av ei felles sak. BLM-demonstrasjonane viste eit mangfald av menneske i forskjellig alder, kjønn og etnisitet. I kontrast til deltakarane som erfarer demonstrasjonen frå eit innsideperspektiv, vil det for andre som ikkje deltok i demonstrasjonen oppleve den sosiale rørsle utanfrå. Følgjande vil mangfaldet av menneske representere ei felles eining som er altomfattande av BLM som demonstrasjon og sosial rørsle. Den samla massen av menneske er bygd opp av tusenvis av enkeltindivid som medfører at deltakarane bidrar med ein individuell meiningsdanning i ein samla stemme utad. Oppfatninga utanforståande har av demonstrasjonen inneberer ein samla handling og kollektiv identitet som medfører at deltakarar blir vevd inn i større og altomfattande narrativ (Melucci, 1996). Utforminga av eit fellesskap blir for mange av deltakarane eit høgdepunkt fort demonstrasjonen:

Nadir (27): «Det viktigaste for meg med demonstrasjonen var kanskje oppmøte, det at så mange møtte opp sjølv når det var korona. Og det betydde at, det betydde mykje liksom. Og at det var så mange forskjellige typar menneske som måtte opp, det var ikkje berre svarte -og dei deltok aktiv i demonstrasjonen. Det var det største for meg eigentleg».

Det som ligg til rette for at deltakarane etablerer tilknytning til framande personar under slike omstende som BLM demonstrasjonar er blant anna kjensla av ei tilhøyrslø og fellesskap til kvarandre. Det var eit tydeleg fleirtal av deltakarane vi intervjuar som presiserte kor viktig solidaritet og kjensla av fellesskap for å delta i demonstrasjonane, der dei la vekt på ulike erfaringar med solidaritet. Mange av deltakarane var nyfikne om kor mange og kven som ville møte opp til ein antirasistisk demonstrasjon i Noreg som gjorde at dei valde å delta. Andre påpeikte at det var overraskande over engasjementet som så mange viste under demonstrasjonane. Særleg blant dei som deltok i den største demonstrasjonen i Oslo, der omtrent 15.000 deltakarar var samla, understreka deltakarane den overveldande kjensla av solidaritet. Ei tredje gruppe oppsøkte demonstrasjonane for å kunne vise solidaritet og vere vitne til fellesskap. Felles for desse tre gruppene er at solidaritet er den meiningsfulle faktoren som spelar inn i både opplevinga og motivasjonen for å delta i demonstrasjonane. Fleire presiserte å bli møtt med positiv overrasking og kjensler når dei opplevde så mange deltakarar.

Eira (20): «Det viktigaste var kanskje det å vere ein del av massen på ein måte, og vise at vi er mange som står for det same og kjempar for rettigheter [...] for eg følte poenget blei sterkare jo fleire vi var saman i det. Men å sjå at så mange sette av sine ting den dagen for å komme å stille opp, det hadde eg ikkje tenkt. Og når eg kom dit så blei det meir emosjonelt enn eg hadde tenkt. Eg tenkte eigentleg ikkje at eg skulle vere ein av dei som ropte og som var veldig på, men så blei det plutsleg til at det blei sånn og det viste meg igjen kor viktig det er for meg og kor mykje det betyr at vi blir sett og høyrd».

Det kom til eit punkt i det norske samfunn der tusenvis tok til gatene for å demonstrere til tross for ein pågåande pandemi. Ei stor del av drivkrafta var eit sterkt ønske om å gjere noko for å motverke rasisme dei sjølv eller venner og kjende opplevde (Wang mfl., 2020). For nokre var det til og med ein ekstra meiningsfull faktor i deltakinga i demonstrasjonen, når folk møtte i solidaritet med kvarandre trass i at myndigheitene frårådde å samlast på grunn av risikoen for å spreie Covid-19 (Sandholt mfl. 2020). Dette kan symbolisere ein form for protest mot myndigheitene frå deltakarane ved å vise ei ueinigheit med myndigheitenes prioriteringar og å påpeike at rasisme må takast like alvorleg. Det er ein tydeleg bodskap om at ein global pandemi ikkje stoppar personar til å delta i demonstrasjonen. Tvert imot, er det understreka av fleire deltakarar at det var enda større symbolsk betydning av fellesskap at så mange tusen samlast for å vise ein sak som er av større sårbarheit, risiko, og tidspress enn trusselen om Covid-19. Kontinuiteten av rasisme som blir synleggjort ved det brutale drapet av George Floyd belyser at problematikken ikkje stoppar opp i møte med ein global pandemi eller liknande.

Meyan (23): «Eg trur at demonstrasjonane hadde fått mykje meir støtte om det ikkje hadde vore under korona, fordi folk tenkte jo på smittevern, [...] men det var jo så mange personar som kom. For eg var jo på demonstrasjonen i Bergen og det var heilt nydeleg å sjå samhaldet. Det var alle ulike etnisitetar og det var alle ulike aldrar, og endeleg tenkte eg «Wow, endeleg står vi for det saman». Og det trur eg også mange følte og.»

Oppblomstringa rundt BLM blei et grunnlag for ein veksande motivasjon og entusiasme ettersom bølga av mobilisering spreidde seg nærmare Noreg. Deltakarane som møtte opp på demonstrasjonen skapte ei samla stemme som tok plass i samfunnet og sette tema om antirasisme på agendaen, gjennom fellesskapet. Påverknadskrafta ei sosial mobilisering har i form av offentleg debatt, faglege diskusjonar og samtaler mellom vennar, spirer ut frå ei eining som BLM-demonstrasjonane representerer. Den solidariske forbindinga var eit motiv for å

mobiliserast, og opplevinga under demonstrasjonen styrka tilhøyrsla mellom deltakarane. Solidaritet og fellesskap er sterke kjensler som deltakarar opplevde under demonstrasjonen og kjenslene har potensiale til å vare til initiativ, som BLM-demonstrasjonane, er avslutta.

3.0 Kulturell haldningsendring gjennom kunnskapsproduksjon

Når tusenvis av menneske samlar seg i gatene for å demonstrere medfører dette stor merksemd som strekk seg over heile landet. Om ein legg til bølga av demonstrasjonar som utfolda seg globalt, skapast det moglegheiter for påverknad når alle linser blir retta mot denne hendinga. Potensiale for å utnytte den endra maktbalansen er tidspressa når status quo blir utfordra i det vakuemet som opprettast via demonstrasjonane. Ein særleg reaksjon på demonstrasjonen var at det blei tvungen fram debatt om kva som er problematisk med rasisme og diskriminering i Noreg. Aarifa (16) fortalde om eit møte med ein som meinte at «rasisme finnes ikkje i Noreg. Viss du er svart i Noreg så har du like moglegheiter som kvite, og eg skjønna ikkje kvifor dykk protestarar i Noreg». Det er ein tydeleg tendens i datamateriale at deltakarane i BLM-demonstrasjonane understreka ein mangel på representasjon og anerkjening av rasisme som eit reelt problem i det norske samfunn. Av dei med minoritetsbakgrunn var det berre fire deltakarar som svarta at dei ikkje har erfart eller vore vitne til rasisme. Det å kunne skape rom for å sette diskusjon om rasisme på agendaen var eit sentralt motiv for eit fleirtal av deltakarane.

Aliyah (16): «Det viktigaste var å spreie informasjon eller vise kor viktig denne demonstrasjonen var til andre fordi når alt det oppstøtet kom opp så var det mange som var sånn «det er ikkje rasisme i Noreg og det er ikkje grunn til å gå å protestere», -folk på min alder. Eg synast det er veldig viktig å informere dei at det faktisk gjer ein skilnad å spreie informasjon».

Aliyah (16) påpeiker nødvendigheita av å endre forståinga av rasisme i det norske samfunn. For å kunne skape haldningsendringar er det sentralt at problemstillingar rundt rasisme blir tatt opp til diskusjon og blir anerkjent, ikkje berre av dei som opplever rasisme, men også av dei som utfører forskjellsbehandling, undertrykking og diskriminering, anten det er bevisste eller ubevisste handlingar. Mange av deltakarane uttrykte stor overrasking i forhold til kor mange som møtte opp til demonstrasjonane, særleg at så mange med norsk etnisitet deltok i solidaritet. Emil (26) var ein av dei som var sjokkert over kor mange kvite som var tilstade og påpeiker at

det er nødvendig for å skape kulturelle haldningsendringar. Han fortel «fordi det handlar om haldningar og dersom ikkje kvite deltar korleis skal folk bli bevisste, det er dei du vil skal bli bevisst. Det er der du vil det skal skje ei haldningsendring». BLM-demonstrasjonen var ei oppfordring til å ta tak i utfordringar for å vise støtte til minoritetsbefolkninga, samt kunne bli bevisst på korleis rasisme blir erfart i Noreg.

Aida (21): «Det viktigaste var vel eigentleg berre å vise at rasisme, for å vere heilt ærleg, vise at det eksisterer og på ein måte vise at det er viktig å ikkje berre vere ikkje-rasist, men at vi må vere faktisk anti-rasist for å kunne på ein måte bidra til at det kan døy litt meir ut. Det er så sjukt teit at dette i det heile tatt er ei greie som vi må demonstrere for. Det var eigentleg berre for min del å få ut informasjon om det, vise at det eksisterer».

Ved å sette i gang ein debatt om rasisme blir det også sentralt å belyse korleis deltakarane vil beskrive korleis rasisme opplevast i Noreg. BLM-demonstrasjonen var eit utgangspunkt for å kunne belyse problemet som etniske minoritetar opplever og dermed kunne endre kunnskapsproduksjonen om tematikken. Ein del av utfordringa med rasisme er korleis det er grunna i fordommar og overlegenheit, men også ignoranse om korleis ein bidrar til å oppretthalde og reprodusere rasistiske haldningar. Opplevinga av rasisme er vanskeleg å skulle fastsetje i eit rammeverk, ettersom det førekjem i varierende formar, både i direkte og i subtile formar. Eitt av spørsmåla som blei stilt til deltakarane var om korleis dei ville beskrive korleis diskriminering eller rasisme er i Noreg.

Soran (25): «Det er litt sånn som støv under senga, man veit ikkje at det er der før man verkeleg tar ein titt. Og sjølv om du prøvar å vaske det bort, så kjem det til å dukke opp igjen, på same stadar som regel. Så eigentleg berre at det er veldig ubevisst, veldig, veldig ubevisst. Som kjem fram på måtar som ofte er nesten meir skadeleg enn direkte rasisme. Men eg hadde heller tatt ein dude som kallar meg ein "ørken-neger" og som eg på ein måte viste heilt og openbart kva halding han har, enn ein som smilar pent til meg og på utsida behandlar meg bra, men på innsida tenker at: "Soran kunne aldri ha jobba for meg, fordi eg veit ikkje kva han kan finne på fordi han er brun i huda og kjem frå Midtausten". Fordi du veit kor du har dei, dei er direkte om haldinga si og om meininga si om deg. Det er ein meir forutsigbar person å forholde seg til enn den som eigentleg beveger seg rundt som ein slange da. Så det er der eg tør å påstå at rasisme er i Noreg då, fordi mengda av det er ikkje i nærleik av korleis kanskje er andre stadar. Men rasisme er rart altså, det kjem litt ut av det blå, det på ein måte sårar mykje meir».

Soran (25) belyser korleis rasisme er underliggande og tilstedeverande i det norske samfunn, men som har ein tendens til å bli bagatellisert på grunn av sin subtile karakter. Dette skildrar eit tydeleg mønster i datamateriale var at deltakarane vektla subtile former for rasisme, særleg tilfelle med mikroaggresjon kor det er vanskeleg å skjønne om det er med intensjon å vere rasistisk. Tilfelle med mikroaggresjonar er korte og daglegdagse verbale, åtferdsmessige eller miljømessige, anten det er forsettleg eller utilsikta, kommuniserer fiendtlege, nedsettande eller negative fornærmingar av rase eller mot farga menneske (Sue mfl., 2007). Denne forma for kvardagsrasisme var det deltakarane understreka som problematisk i måten rasisme blir forstått i Noreg:

Izara: (23): «Men ein ting som eg føler mange ignorerer, er kvardagsrasisme i Noreg, om korleis svarte og mange utanlandske folk blir behandla i Noreg. Politibrutalitet er ein ting vi må diskutere i Noreg, men det er ikkje "the number one problem", men heller korleis vi blir behandla i kvardagen. Som blikka vi får, korleis folk held avstand, korleis dei går over gata når dei ser ein svart person gå i same retning, korleis eg blir følgt rundt i butikken, korleis eg ikkje finn produkt til håret mitt, korleis eg ikkje kan søke med det fulle namnet mitt på jobbar fordi det er for utanlandsk. Det er sånn kvardagsrasisme som er veldig frustrerande i Noreg, som eg trur i alle fall BLM kom for det er då folk gjekk rett på og spurte "kvifor fan skjer det her?". For vi diskuterer ikkje rasisme i Noreg».

Izara (23) skildrar korleis kvardagslege og subtile former for rasisme og diskriminering blir ignorert i oppfatninga av tematikken i tradisjonell konseptualisering av tema som forskjellsbehandling på grunnlag av hudfarge. BLM som ei transnasjonal rørsle vil kunne ha ulik konseptualisering og vektlegging på problematikken som inneberer i rasisme mot etniske minoritetar. For at diskusjonen om rasisme skal fremme ein hensiktsmessig utvikling av antirasisme vil kunnskap om korleis rasisme er utfolda særeigen i Noreg vere nødvendig (Sue mfl., 2007). I offentleg debatt er det ein tendens å rette merksemd mot openberre former for rasistisk motiverte truslar, vald og hatytring. Der det er ein støtte og sympati for offeret og ein forakt av utøvaren. I tillegg blir den generelle framstillinga av rasisme prega av særleg grove tilfeller, som eksempelvis med George Floyd og det rasistisk motiverte drapet på Benjamin Hermansen og Johanne Zhangjia Ihle-Hansen.

Det er ei særleg tydleg frustrasjon blant deltakarane at andre former for rasisme ikkje er like synleggjort, derav, mikroaggresjonar er ein av dei mest vanlege formane for rasisme. Ein

problematisk konsekvens som kjem av dette, er at rasisme og diskriminering blir usynleggjørt for dei som ikkje blir opplever dette. Konsekvensvis, medfører utfordringar for etniske minoritetar som har erfaringar med verbal, fysisk eller strukturell rasisme å skulle bevise opplevinga når det er uklart om det er med hensikt å vere rasistisk. Slik som Soran (25) og Izara (23) skildrar at dei ubeviste handlingane medført av fordommar og ignoranse er særleg problematisk og frustrerande formar for rasisme. Det problematiserer truverdigheita om korleis situasjonen kan tolkast både for seg sjølv og egne kjensler, men også ovanfor majoritetsgruppa. Fleire deltakarar påpeiker tilfelle kor dei opplever fordommar og nedverdiggande oppførsel av nokon, som blir møtt med motstridande oppfatningar av situasjonen. Mangel på forståing og anerkjenning av rasisme skapar utfordringar for korleis det kan handterast som eit problem i samfunnet. Sentralt for auke imøtekomminga er kunnskap om tematikken, kor fleire av deltakarane understreka at ein representativ opplæring må starte tidleg.

Ebo (30): «Korleis skal vi kjempe mot rasisme og synet verda har på det? Det har vore der i mange tiår. Korleis vil du ikkje forandre på det? Det er enkelt, du må starte ovanfrå og ned, og frå bakken og opp. Så dei må begynne vektlegginga meir i skulane, lære meir om svart historie også, ikkje berre delen om slaveri og at det blir sett ned på, lær om dei gode tinga i tillegg. Vi har komen ein lang veg frå slaveri. Kvifor lærer vi ikkje at verdas økonomi og naturlege ressursar kjem frå Afrika. Rasisme i Noreg, folk sei det ikkje eksisterer. Eg trur ikkje det er riktig, for nokon som helst, kvit eller svart, å sei at rasisme ikkje eksisterar berre fordi du personleg ikkje opplevd det. Vi må lære, vi må undervise menneske om forskjellige ting, med vel vitande om at det er denne verda vi lev i. Det er sånn det er. Vi møter menneske frå ulike stadar, det betyr ikkje at nokon er mindre verdt enn andre berre på grunn av fargen på huden, det er kun ein farge, ingenting anna».

Slik som Ebo (30) presiserer behovet for å lage ein representativ kunnskapsproduksjon om rasisme. I likskap til andre deltakarar var dette ein sentral faktor for mobilisering til demonstrasjonen. Grunnlaget for å endre korleis rasisme blir framstilt i samfunnet bygger på at kvardagslege og subtile former for rasisme og diskriminering må anerkjennast for å kunne å kunne gå fram med hensiktsmessig antirasisme i Noreg. Slike tilfelle som BLM aukar den offentleg bevissthet og kan potensielt endre folke sine meiningar om eit tema (Goodwin, Jasper & Polletta, 2000: 72). Mellom mai og august 2020 auka dekninga om rasisme kraftig, særleg knytt til George Floyd og Black Lives Matter. 55 % av denne dekninga handla særleg om USA

og andre land, medan 45% av sakene var retta mot den norske konteksten (Retriever, 2020). Dei kulturelle endringane som BLM vil kunne skape, inneberer både påverknad på offentleg diskurs, normer og personlege haldning- og åtferdsendring. Ofte er dei mest varige konsekvensane av rørsler kulturelle, og kan innebere innverknad på måten vi lever på ved å gjere noko åtferd sosialt uakseptabelt (Amenta og Polletta, 2019).

4.0 Politisk endring

Sosiale rørsler blir på mange måtar automatisk politisk fordi det har potensiale til å skape mykje merksemd med protestar, presse fram offentleg debatt og tvinge politikarar og statlege leiarar sin respons på folket si misnøye. Samtidig vil ikkje det sei at rørsle er utelukkande politisk retta, men heller søker å endre sosiale eller kulturelle delar av samfunnet. I det store og det heile er det eit vekselverkande forhold mellom det politiske, sosiale og kulturelle som utgjer eit dynamisk samfunn. Framgangsmåten for ei sosial rørsle kan vere viktig å velje sin arena for kampens plassering (Elliot-Negri, mfl. 2021). Ein tendens hos deltakrane bygde på dette skilje mellom å vere deltakande i politikk eller å vere politisk engasjert gjennom aktivisme. Hamza (26) forklarar det på denne måten når det blei spurt om han er politisk:

Hamza (26) : «Ja. Eg lika å skilje mellom dei. Engasjert i politikk eller politisk engasjert, heldt eg på å sei. Veldig engasjert i politikk og fordi eg jobba ein del med born og ungdom, og fordi eg har hatt det livet eg har hatt, så det har liksom gjort meg obs på ein del ting som eg ønsker å gjere betre. Og eg ønsker at andre skal sleppe å gå gjennom det, og andre skal liksom lære av det då. Og bruke det til å skape endring».

Det Hamza (26) forklarar er i likskap til mange av deltakarane at noko som presiserer eit skilje mellom å vere engasjert i politikk i ein form av aktivisme, der det ikkje handlar om å ta eit politisk standpunkt i forhold til partipolitikk. Ein tendens som supplerer dette er at når det blei snakk om politikk i intervjuet, var det mange som tok avstand til å vere politiske fordi dei ikkje hørde til eit spesifikt politisk parti. Aida (21) forklarar det på denne måten: «Det er vanskeleg fordi eg vil på ein måte ikkje at Black Lives Matter skal vere noko politisk, det bør jo eigentleg handle om det menneskelege. [...] Det blir feil om nokon av partia står for at alle skal vere like mykje verdt og andre driter i det». Samtidig, blir det vektlagt at politiske kanalar kan nyttast som eit verkemiddel for å skape endringane ein ønsker.

Seline (24): Det å jobbe mot rasisme for meg er noko veldig personleg og men dei er også noko veldig politisk som ikkje heilt nødvendigvis går an å skilje så det var på ein måte begge delar, både personleg og politisk. Det er det som gjorde at det kjennast veldig sterkt.

For mange av deltakarane var det å skulle bruke politiske kanalar for å få problematikken om rasisme og diskriminering på agendaen det same som å skulle skilje mellom ein politisk agenda og grunnleggande menneskerettar. Dette problematiserer også deltakarane ved å kritisere ein manglande respons frå dei politiske leiarane, og dermed ikkje viste ei tydeleg støtte til deltakarane sine meiningar og at desse blei høyrde. Følgjande blir det påpeikt ei mangel på tiltru til myndigheitene om deira innsats for å forhindre og motverke rasisme og diskriminering i samfunnet. Ein gjennomgåande respons frå deltakarane var at engasjementet og aktivismen ikkje blei adressert av representantar av regjeringa. Ein av deltakarane skildrar si oppleving med demonstrasjonen på denne måten:

Aatifa (23): «Aldri sett så mange menneske halde kjeft. I ei god veke. Det var litt morosamt korleis ingen av dei gadd å gjere noko. Eg var fornærma av at Erna ikkje gadd å gjere noko med det, enn å kritisere at folk møtte opp -når ho braut sine egne reglar. Du kunne sagt noko, for du veit kvifor folk gjer det her. Dei gjer det ikkje berre for å gjere det, dei vil ikkje bryte reglane for å gjere det. Dei gjer det fordi det her er noko vi må snakke om».

Det Aatifa (23) går inn på er at den manglande responsen gir ein dårleg indikasjon på at politiske leiarar anerkjenner og bekreftar problemstillinga som BLM reiser. Det er gjennomgåande i datamateriale at deltakarane meiner at myndigheitene ikkje gjer nok for å motverke rasisme og diskriminering i landet, og at det er eit manglande tema på dagsorden. Izara (23) omtalar det på denne måten: «eg trur ikkje at dei (myndigheitene) tenker på det som eit problem eller anerkjenner det som eit problem. I alle fall den regjeringa som sitter no». For deltakarane er det eit tydeleg fokus på å skulle endre korleis rasisme og diskriminering blir tatt hand om i samfunnet, særleg korleis politikarane og myndigheitene ikkje tydeleg anerkjenner problematikken.

Fihir (24): «Eg meiner at regjeringa kan gjere mykje for å forandre på situasjonen, for å forbetre livet for svarte og innvandrарar i Noreg. Dersom man har ein «common ground» og kjem til ei einighet, og ikkje gjer liva til menneske politiske. Vi kan løyse

mykje om vi faktisk set oss ned og høyrer på menneske sine historier med respekt og tillit».

Det Fihir (24) påpeiker er at politiske verktøy er viktige for å kunne skape endringar som er for heile samfunnet. Då er man avhengig av å ha politikarar som støttar under deltakarane sitt engasjement og at problematikkar som blir tatt opp knytt til rasisme og diskriminering blir vurdert i eit samfunnsperspektiv. Den sosiale rørsla blir i seg sjølv eit politisk verkemiddel ved å skape merksemd og sette tematikken på agendaen og tvingar samfunnet til å ta stilling til problemet. Gamson og Meyer poengterer at moglegheiter opnar vegen for politisk handling, men rørsler skapar også moglegheiter (McAdam mfl., 35). Slik som Fihir (24) understrekar, er det viktig med å vise at det deltakarane tar opp blir lytta til. Det store engasjementet tvinga fram politisk og offentleg debatt, som er eit viktig utgangspunkt for å få skape rom for stemma som BLM-rørsla representerer.

5.0 Oppsummering

For mobilisering til demonstrasjonen er fellesnemnaren «Black Lives Matter» sentral for oppslutninga av deltakarar som tok til gatene for å demonstrere. Dei individuelle motiva som ligg til grunn for oppmøte viser derimot variasjonar blant deltakarane. For deltakarane har det vore viktig at Black Lives Matter som ei sosial rørsla kan romme fleire forskjellige motiv og formål. Variasjonen av drivkraft for mobilisering er ikkje uvanleg i store demonstrasjonar, men det er interessant å undersøke kva som mobilisert norske borgarar til å delta i ein demonstrasjon om rasisme og diskriminering. Solidaritet og fellesskap var noko flest av deltakarane framheva som sentral, anten dei var nyfikne på kven som ville møte opp, dei som var overraska over fellesskapet som blei til under demonstrasjonen og dei som deltok i solidaritet med formålet. I tillegg var der mange som deltok for å auke bevisstheit om problematikken ved rasisme og diskriminering for å kunne vise korleis det opplevast og er relevant også i Noreg. Dette strekte seg frå å ville forandre korleis det er lov å snakke med venner og familie til å endre skuleundervisning og pensum. Ved å skape ein debatt om tematikken var viktig for mange for å kunne gå fram med hensiktsmessig antirasisme i Noreg. Dette var også viktig for mange som deltok for å fremme politisk engasjement og fremme endring av urett behandling av etniske minoritetsgrupper gjennom politiske kanalar. Mange va skuffa over manglande engasjement og initiativ frå politikarar til å forandre på situasjonen og vise støtte til deltakarane under

demonstrasjonen. Dei ulike motiva til deltakarane illustrerer eit nyansert bilete av motivasjonen som ligg bak deltaking i BLM-demonstrasjonen. Ved å gå tilbake til å sjå kva som mobiliserte deltakarane gir det innsikt i kva agenda deltakarane ønskte å skape og kva endringar dette kunne føre til.

Kapittel 6

Kjensler og identitet

1.0 Introduksjon

I første analysekapittel vart det presentert kva som ligg til grunn for perspektivet til deltakarane om å delta i BLM-demonstrasjonane i norske byar. Kapittelet belyste at unge og eldre menneske med ulik bakgrunn og motiv samlast for å delta i ein BLM-demonstrasjon for å sette antirasisme på agendaen i det norske samfunn. Dette kapittelet vil vidare behandle føresetnadane for deltaking til å undersøke kva som opplevast under demonstrasjonen. Kapittelet vil først ta for seg korleis dei forskjellige meiningsgrunnlaga for dei individuelle deltakarane blir samla til ei felles tilhøyrse under fellesnemnaren Black Lives Matter. Med utgangspunkt i kjenslers betydning under sosial mobilisering vil det avslørast korleis ulike individuelle erfaringar fekk moglegheit til å bli inkludert i eit felles narrativ for uttrykk av rasisme. Ved å kople identitet og kjensler saman er hensikta å undersøke i kva grad forventningane og motivasjonen til BLM blir sett i lys av ulike aspekt ved identitet.

Vidare vil det bli tatt for seg ulike aspekt ved identitet og korleis det skapte fellesskapet formar ein kollektiv identitet, som i stor grad blir forma gjennom meiningsfulle kjensler. Formålet med kapittelet i heilheit er å undersøke korleis sosial mobilisering formar ein kollektiv eining i demonstrasjonen og som i fellesskap har potensiale til å skape endringar som går utover dei som deltar i demonstrasjonen. Avslutningsvis, vil kapittelet ta for seg korleis kjensler og identitet som er eigenskapar som er sentral for tilhøyrse i ei sosial rørsle, også kan bidra til å forklare korleis det skjer ei ei nedtrapping av sosialt engasjement når desse eigenskapane avtar i styrke. Formålet er å undersøke i kva grad ein kollektiv identitet er sentral for ideen om å kunne skape endringar knytt til rasisme og diskriminering i Noreg, noko som reflekterer føresetnadane for mobilisering til demonstrasjonen.

2.0 Kjensler

Ved å undersøke rolla av kjensler i mobilisering av dei individuelle deltakarane vil det innebere å gå inn på ulike tilfelle som viser i kva grad kjensler spela ei sentral rolle i tida før, under og etter demonstrasjonen. I konteksten av avhandlinga blir kjensler brukt for å omtale erfarte kjensler som deltakarane skildra i intervjua, som inneberer dei samansette sinnsreaksjonane som mellom anna glede, sinne, frustrasjon, medkjensle og sympati. Kjensler er ikkje berre ein del av våre reaksjonar på hendingar, men dei formar også -i form av djupe affektive tilknytningar- måla for våre handlingar (Jasper, 1998: 398). Det er som vist i første analysekapittel er det fleire faktorar som spelar ei rolle i motivasjonen til å delta i demonstrasjonane, men det er viktig å anerkjenne kva rolle kjensler spelar i mobilisering. Deltakarane sitt engasjement var i heilheit eit mål om å sette lys på problematikken med rasisme og diskriminering i Noreg, ein tematikk som medførte ein emosjonell påverknad på dei individuelle deltakarane.

Vektlegginga av kjensler i demonstrasjonar har i tidlegare forskning blitt forkasta som irrasjonell i tråd med den sosioøkonomiske vektlegginga (Buechler 2004). I dei siste tiåra har forståinga av kjensler, som eit sentralt verkemiddel for mobilisering og engasjement i demonstrasjonar, gitt eit nytt perspektiv på samansetninga og kontinuiteten i sosiale rørsler. Sosiale rørsler og organisasjonar brukar si makt, ressursar og kreativitet til å få individuell sorg og kjensler om til kollektive krav og skapar moglegheiter for å handle på dei (van Troost, mfl., 2013: 186). Det er verdt å framheve korleis kjensler spelar ei sentral rolle i prosessen frå å vere individuelle deltakarar -kor personlege erfaringar og kjennskap til rasisme, gjennom demonstrasjonen utforma ein arena møtt med tusenvis av deltakarar kunne kjenne seg igjen i. Slike kjensler formar vegen for handling ved å gi motivasjon og mål, ved at individuelle kjensler overførast til kollektiv handling (Aminzade and McAdam, 2001).

2.1 Kjensler under demonstrasjonen

For halvparten av deltakarane vi intervjuar var deltaking i BLM-demonstrasjonen deira første gang til å delta i sosial mobilisering. Aida (21) understrekar kor merkverdig det var at så mange under 18 år møtte opp på demonstrasjonen i Bergen. Ho fortel at «det ga sterkt inntrykk at der var barn ned i åtte år som knelte og hadde lagd sine egne plakatar; det ga mest inntrykk på

meg fordi du er så ung og vet at folk kan vere imot deg på grunn av hudfargen din». Ettersom drapet på George Floyd utløyste store reaksjonar på verdsbasis var kjensla om at ei endring var på veg sentral for mobilisering til BLM-demonstrasjonen, særleg for førstegangsdeltakarane. Eira (20) forklarar at grunnen til at ho valde å delta i ein demonstrasjon var fordi ho følte seg meir og meir frustrert for kva ho kunne gjere ettersom drapet på George Floyd ikkje var det første, men del av ei rekke med mange drap. Ho poengterer frustrasjonen som kom av å vere mørkhuda sjølv og dermed bli stempla i same kategori som dei som blir drepen på grunn av hudfargen sin. Når ho fekk vite at det var ein demonstrasjon så kunne ho endeleg også i Noreg vise hennar støtte. I likskap med Eira (20) var det hjå mange av deltakarane kjensler av frustrasjon og sinne over erfart kjennskap til rasisme som mobiliserte til deltaking i BLM-demonstrasjonen.

Abel (18): «Den verste hendinga var sånn då eg var mellom 8-10 år gammal og eg gjekk heim frå skulen med nokre vennar og vi såg ein hund. Og vi spurte «er det ein rottweiler?». Og karen svarte «ja». også husker eg at eg sa «er ikkje dei ulovleeg i Noreg?». Og han svarte «jo, og negere og». Berre sånn, rett til trynet til ein 10-åring. Den hendinga er stuck med meg. Så då George Floyd skjedde og dei protestane begynte tenkte eg litt tilbake på det og var sånn: eg skal dit!»

Abel (18) viser med si oppleving at drapet på George Floyd vekte minner om traumatiske erfaringar med rasisme. Den personlege erfaringa med rasisme som han viser til, aukar deltakarane si kjensle av BLM si betydning for deira eigne liv. Abel (18) underbygger ein tendens for mobilisering som er for mange av deltakarane knytt til å overføre det amerikanske fokuset på BLM-røsla i eit rammeverk som er tilpassa den norske konteksten. Ein føresetnad for dette er at problemstillingar som BLM tar opp, blir personlege for deltakarane og dermed relaterbare for dei tusenvis av dei oppmøtte menneska. Videoen av drapet på George Floyd var eit eksempel på eit «moralsk sjokk» kan mobilisere personar som ikkje kjenner til kvarandre eller organisasjonen (Jasper og Poulsen, 1995, Jasper, 1997). I perioden kor sosialt engasjement spreidde seg globalt i solidaritet til George Floyd, var det også for norske borgarar ein mobiliserande faktor for sterke kjensler knytt til tema.

Melina (20): «Eg har aldri vore så sint og lei meg i heile mitt liv. Og berre sånn, ja det var så urettferdig og brutalt. Det satt noko i gang i meg då, ei stemme eg ikkje visste eg hadde eigentleg. Eg har alltid vore interessert i sånn, interessert blir feil å seie -men opptatt av urettferdigheit og vore veldig engasjert i det, men det her var noko nytt altså».

Intervjuar: «Då rann begeret over liksom?»

Melina (20): «Ja. Verkeleg.»

I likskap med Melina (20) følte mange av deltakarane ei aukande spenning for å skape ei forandring som motiverte til å engasjement. Desto viktigare blei det knytt til ein lokal kontekst ved at så mange medborgarar møtte opp. I tillegg til å kunne vise tyngde og relevans av ein BLM-demonstrasjon i Noreg, både for individuelle deltakarar i demonstrasjonen og for resten av det norske samfunn. George Floyd var ein katalysator som låg til grunn for sosial mobilisering, samtidig som det var kjensler av å vere vitne til sosial mobilisering i seg sjølv sentral for å overføre det til den norske konteksten. BLM-rørsle kan inkluderast som ein av desse kritiske hendingane, som kan bli belyst av Andersson (mfl., 2012) sitt teoretisk perspektiv på betydninga av sosiale rørsler og hendingar som påverkar samfunnet. Dette blei forsterka av ein utbreidd «rhetoric of change» (Gamson og Meyer, 1996) som underbygde sosial mobilisering, og auka og intensiverte den emosjonelle dynamikken som var avgjerande for å mobilisere deltaking. Ein slik dynamikk var truleg også viktig for å mobilisere mange unge menneske som ikkje var medlemmar av eller engasjert i politiske organisasjonar (Ellefsen & Sandberg, 2022). Bashiir (24) er ein av desse som aldri har deltatt i demonstrasjonar tidlegare, men som valde å delta på BLM-demonstrasjonen i Oslo. Han grunngjer si deltaking på denne måten:

Bashiir (24): «Desse tinga har jo skjedd i fleire bølger før. Du har desse skytingane i USA kvart år, eller ofte då, og det er mykje snakk om det, men så skjer det ikkje så mykje. Men denne gongen følte eg at no kjem det faktisk ei bølge, no er det faktisk liksom noko som er på gong. Og dette var ein av grunnane til at eg valde å støtte det sjølv, for eg tenkte det her er tida for at det kanskje kan gjerast ein skilnad. Det var jo ikkje demonstrasjon berre i Noreg, det hadde jo vore i USA, det hadde vore i mange forskjellige land, og då tenkte eg sånn “okei det her er ei større rørsle no, så no er det berre å komme seg ut».

Deltakarane og deira støttespelarar er ei mangfaldig koalisjon, som gir eit visst nivå av håp om at ting denne gongen vil endre seg meir vesentleg enn etter utallige andre politi- og rasistisk motiverte drap i USA (Bell mfl., 2021: 42). Oppblomstringa rundt BLM skapte ein veksande entusiasme, optimisme og håp som kom av at bølga av mobilisering spreidde seg nærmare Noreg. Kjensler kan endre personar som tidlegare ikkje var interessert i politikk til utfordrande

deltakarar i protestar; det kan få uengasjert aktivistar til å engasjere seg på nytt, og få engasjerte deltakarar til å endre sakene dei prioriterer (Boudreau, mfl., 2009). Kjensler er ofte utfordrande å skulle forklare betydninga av for andre ettersom menneske kan ha same kjensleregister av glede, frustrasjon og sorg, men kan oppleve situasjonar på vidt forskjellige måtar. Dei er vanskelege å studere ettersom dei overgår det som kan skildrast, men er avgjerande for å forstå kva som ligg til grunn for sosial mobilisering (Ellefsen & Sandberg: 2022: 10).

3.0 Emosjonell bearbeiding etter demonstrasjonen

Ein demonstrasjon kan vere ein arena for levande augeblikk av frigjering og glede, og fordi desse kjenslene vanlegvis er fråverande i våre daglege liv, kan demonstrasjonar opplevast som personleg transformerande (Routledge og Simons, 1995). Eit eksempel på dette er Chadia (31), som i etterkant av deltakinga i demonstrasjonen begynte å skrive om sine erfaringar med rasisme. Ho deler sine tankar og erfaringar på sosiale medium og innlegg i aviser, som blir møtt med overrasking av kjende som var uvitande om at ho satt med desse historiene. Samtidig var det også mange som ga tilbakemeldingar om at dei hadde opplevd liknande. For henne var demonstrasjonen eit personleg vendepunkt, kor ho blei bevisst på den rasistiske og diskriminerande erfaringane ho hadde hatt gjennom livet sitt. Mange av desse hendingane var fortrent slik at ho hadde gløymt dei, men som kom tilbake som minner om hennar livserfaringar. Ho valde å dele sine historier med andre og blei møtt med personar med like opplevingar med sterke ønske om å snakke med henne.

Chadia (31): «For å komme dit eg er no så handla det om at eg faktisk måtte bearbeide og retraumatisere meg sjølv. Eg måtte gjennom ei berg og dalbane av innsikt for å kunne klare å finne ord og snakke om det. Ved å lese andre sine historier har eg fått anerkjent at det har påverka dei enormt. Om dette påverkar meg sånn at eg driv å bli kjent med meg sjølv på nytt ved å gå gjennom dette -om det er mi personlege erfaring, så er det sikkert den er same erfaring til veldig mange. Om eg opplever det, om eg føler det, så er det ei heil verd som også gjer det same.»

Chadia (31) valde å skrive og dele sine erfaringar for å skape merksemd rundt opplevingar med rasisme og diskriminering i Noreg. Etter å ha deltatt i demonstrasjonen brukte ho stemma si til å fortelje om viktigheita med ein slik demonstrasjon og det viser korleis deltakinga har påverka

ho til å fortsette kampen. Ved å ta del i ein stor demonstrasjon som har vist seg å vekke sterke kjensler som kan påverke framtidig engasjement for individ i protest og aktivisme (van Troost, mfl., 2013). Særleg for unge og førstegangsdeltakarar blir dei kjenslene som er viktige for mobilisering endå meir tydelege under påverknad av ein særeigen setting i deltaking av ein demonstrasjon. Mange følte på ein lettelse etter å ha deltatt i demonstrasjonen på ulike måtar. Mellom anna korleis det potensielt ville vere ein konflikt mellom demonstrantane og politiet, ettersom folk var redd for at det skulle bli ein opprørsk stemning som var tilfelle under fleire av BLM-demonstrasjonane i USA. Deltakarane påpeikte at i motsetning til uroa dei følte på i forkant av demonstrasjonen, var opplevinga av politiets nærvær at dei var der for å hjelpe og oppretthalde orden under demonstrasjonen. Demonstrasjonen blei gjennomført fredeleg og utan konfrontasjon med politiet. Dette viser at frykta blei tilsidesett til fordel for kjensler som styrka deltaking i demonstrasjonen. Den emosjonelle opplevinga av å delta i demonstrasjon bidrog til å gjere deaktiverande kjensler til aktiverande, for eksempel ved å erstatte skam og resignasjon, som lammar handling, med stoltheit og sjølvtilitt (Goodwin og Jasper, 2006, referert i Ellefsen & Sandberg, 2022: 15). Ei viktig emosjonell påskjønning for å ha tatt del i ein sosial protest og for å fortsette å identifisere seg med rørsla, er stoltheita den kan gi.

Maren (23): «Så det var ei veldig spesiell oppleving å vere med på og man følte seg litt sånn sterk, synes eg, av å vere der, og kunne bygge opp folk av ulike etniske opphav og kunne bygge det opp, det berre kjennast sånn... «Yes!». Og eg håpar sjølvsagt at dei også følte seg empowered. Fordi eg føler nå at eg støttar dykk, og at eg kan vere med på å bygge dette opp og vise til neste generasjon at sånn skal det ikkje vere. Sjølv om det har vore det til no, men at man ikkje er fødd rasist, det er noko man lærer».

Slik som Maren (23) belyser er opplevinga av demonstrasjonen inspirerande til å oppretthalde engasjementet i BLM. Kjensler formar korleis rørsler forfølger sine mål, og kjensler som folk føler på blir forvandla av rørsler og deira deltaking i dei (Jasper, 1998 referert i Ellefsen & Sandberg, 2022: 2). Drivkrafta var eit sterkt ønske om å gjere noko for å motverke rasisme dei sjølv eller venner opplevde (Wang, mfl., 2021).

Aliyah (16): «Det har blitt viktigare etter BLM. Før så var eg ikkje så.. eg lot liksom rasisme gå. Eg sa ingenting. Om eg kjente nokon som sa n-ordet som ikkje var mørke, eller om nokon sa noko om utlendingar i Noreg, så sa eg ikkje noko på det. Eg var veldig stille om mine eigne meiningar, fordi eg følte dei ikkje var sterke, men etter BLM så har eg liksom begynt diskutere meir då og prøve å få challenge dei».

I likskap med Aliyah (16) påpeikte fleirtalet av deltakarane at mobiliseringa inkluderte langsiktige endringar i måten dei klarte å motstå kvardagslege møter med fordommar og rasisme og vere betre informert om rasisme. Det er fleire positive kjensler som fortsette etter demonstrasjonen var over. Stoltheit knytt til deltaking og kjensle av «empowering» førte til at fleire av deltakarane følte seg motiverte til å fortsette engasjementet i BLM. Den store oppslutninga av deltakarar skapte ei kjensle av sjølvtilitt og agens som kan føre til fleire demonstrasjonar (Jasper, 2011). Deltakinga i BLM-demonstrasjonen blei påverka av individuelle og kollektive endringar i positiv grad, ikkje berre personleg, men også i samfunnets generelle rammeverk. blei kjent på både personleg, men også i forhold til samfunnets generelle rammeverk.

4.0 Kollektiv tilhøyrse

I demonstrasjonen vart ein konfrontert med tematikken om rasisme og diskriminering som har blitt opplevd ulikt i dei forskjellige liva dei har levd. Følgjande vil kjensler som oppstår under mobilisering kunne utforme seg forskjellig for dei ulike deltakarane, men samtidig vere grobotn for ei sterk tilhøyrse til kvarandre. I kontrast til individuell identitet baserer seg på tilskrivne eigenskapar som seksuell preferanse, nasjonalitet eller kjønn, er ein kollektiv identitet bygd på ei samling av gruppedlemmar på grunnlag av felles medlemskap (Jasper, 1998: 415). Meir spesifikt er ein kollektiv identitet ikkje berre teikninga av ein kognitiv grense, men mest av alt er det ei kjensle. Mangfaldet av personar som deltok i BLM-demonstrasjonen legg lite føresetnadar for å tilhøyre ein kollektiv identitet forut for demonstrasjonen, men der den politiske aktiviteten i seg sjølv tilbyr ein solidaritet (Polletta & Jasper, 2001: 291). Slik som Shermake (19) fortel var det viktigaste for henne med demonstrasjonen var «samhald og det å vere saman med folk som du ikkje kjenner, men som står for same ting og knyter på ein måte eit band». Kollektiv identitet er sterkt assosiert med anerkjenning og skaping av tilknytning (Pizzorno, 1996, referert i della Porta & Dani, 1998). Abel (18) skildra opplevinga av BLM-demonstrasjonen på denne måten:

Abel (18) «Du følte på ein måte ein liten connection til alle du såg der. Det var familiært på ein måte og litt betryggande. Du bare følte eit kameratskap med alle dei rundt deg som du kunne sjå skjønnte kva greia var».

Kjensler er eit av produkta av kollektiv handling, spesielt interne ritual som minner deltakarane om deira grunnleggande moralske forpliktelser, vekker sterke kjensler og forsterkar ein kjensle av solidaritet med gruppa, slik som Jasper (1998: 418) omtalar som eit *we-ness*. Nokre av desse kjenslene er midlertidige reaksjonar på hendingar; andre er langvarige affektive band (Jasper, 1998: 420). For at individuelle kjensler skal bli omgjort til kollektiv handling, må eit delt referansepunkt artikulertast -eit som kan gi «felles emosjonell betydning» (Woods mfl., 2012: 571). Felles erfaringar og sosiale identitetar basert på etnisitet eller delte verdiar kan ofte bidra i ein slik prosess. Morowa (26) deltok for første gang i ein demonstrasjon i heile sitt liv, kor ho fortel kor viktig det var for ho å vere der og vise si støtte. Ein sentral motivasjon for å delta var for henne var å vise si støtte fordi det påverkar ho på ein eller annan måte fordi «det første folk ser er jo hudfargen min». Ho fortel om ei oppleving som særleg var ein av grunnane til at ho ville delta:

Morowa (26) «Sånn som på barneskulen, eg huska veldig godt at det var ein gut i klassa som mobba meg veldig mykje og kalla meg brun bæsje, neger og «du er så svart» og heile den pakka der, og eg sa jo ifrå til læraren. Ho kom med eit skikkeleg, heldt eg på å sei, dumt svar til meg. Ho sa til meg: «men du er jo neger». Eg huska det så godt, det sitter fortsatt. Man bli jo ganske sint då. Så nei, eg dro, heldt eg på å sei, på demonstrasjonen for at eg måtte støtte my people».

Eksempelet Morowa (26) trekk fram, var i likskap til fleire av deltakarane at personlege erfaringane med rasisme ikkje har vore lett å uttrykke til andre, særleg i eit samfunn med fleirtal av etnisk norske. Ho forklarte at det er ein del av problemet med rasisme at det ikkje blir omtalt som eit pågåande problem i det norske samfunn, som medfører at tilfelle der deltakarar har opplevd rasisme blir møtt med mangel på forståing. For deltakarar som ikkje hadde møtt kvarandre før, blei det under demonstrasjonen bygd eit fellesskap som grunna i mellom anna kjensler av frustrasjon, frykt og smerte over erfaringar med rasisme og diskriminering. Dette førte til ei forståing og medkjensle for erfaringar som er utfordrande å skulle snakke om med andre, særleg personar utan minoritetsbakgrunn. Eitt aspekt i møte med andre som deltar i ein demonstrasjon retta mot antirasisme, validerer og underbygger kjensler knytt til erfaring og kjennskap med rasisme. Deltakar Eira (20) fortel det på denne måten:

Eira (20): «Mange av talene gjorde veldig stort inntrykk på meg. Man blir lei seg når du høyrer kva dei har gått gjennom og ser kor mykje desse situasjonane har påverka dei -og kanskje du kjenner deg sjølv igjen i mykje at det dei fortel om. Det er ikkje sunt å

vere sint, men man når til slutt grensa si. Og det gjer man alle, vi er alle menneske. Og det er ei grense kor mykje man kan tole av slike ting. Og det såg eg også at folk var sinte og folk var lei».

Eira (20) belyser kor viktig BLM-demonstrasjonen blei som arena der ho kunne få utløp for kjensler ho har knytt til erfaring og kjennskap med rasisme. Prege av den emosjonelle atmosfæren under demonstrasjonen ga den kollektive identitet eit utløp for kjensler som har vore der i lang tid. Mellom anna gjennom taler og appellar, og i møte med andre deltakarar i folkemassen, blei det emosjonelle samholdet prege av ei blanding mellom medkjensle, håp, frustrasjon og sinne. Kjensler av optimisme for å skape ei endring blei forsterka under demonstrasjonen, men medaljens baksida illustrerer at deltakarane var prege av kjensler av smerte, sorg og sinne knytt til nødvendigheita for å gjennomføre desse endringane. Kafeen (27) viser til eit tilfelle under demonstrasjonen som ga mest inntrykk: han såg to menn som kom gåande i toget og så stoppa dei framfor han og gråt. Han fortel om hendinga på denne måten: «fordi du kunne sjå kor smertefullt det var for dei, og når du har opplevd det sjølv så følte du det også». Kjensler er tydeleg sentrale for tidleg mobilisering og organisering, men dei er "endå meir openbare i rørsla sine pågåande aktivitetar" ettersom rørsler og demonstrasjonar i seg sjølv er "ein distinkt setting der kjensler kan skapast eller forsterkast" (Jasper, 1998: 417). For mange av deltakarane var demonstrasjonen ein arena kor ein blei møtt med forståing og støtte for erfaringar av rasisme. I likskap med andre deltakarar blei samholdet mellom kvarandre forsterka av ein underliggende forståing og frustrasjon knytt til kjennskap til rasisme og diskriminering.

Aarya (23): «Fordi folk var sånn her: vi kjempar for den same saka. Fordi det var, ja folk var openbart sinte og frustrerte, og lei seg. Folk var ekstremt følsomme, eg trur eg også var veldig følsom den dagen. Men folk var fortsatt der for kvarandre, dei stod i det med kvarandre. Vi kunne sjå om nokon var ekstra lei seg eller var ekstra påverka av noko, man stod med den personen. Det var liksom ein tilknytning til kvarandre».

Gjennom demonstrasjonen kopla BLM personleg kjennskap med rasisme til erfaringar frå eit mykje større kollektiv og rørsle. Ved å vere del av minoritetsbefolkninga i ein majoritet av kvite etnisk norske, var det under demonstrasjonen ein felles emosjonell betydning av fellesskapet i BLM med fokus på antirasisme. BLM-demonstrasjonen tok negative individuelle opplevingar inn i eit større rammeverk kor det ikkje lenger er personlege utfordringar, men uttrykk for rasisme (Ellefsen & Sandberg, 2022). Desse kjenslene ga grobott for optimisme og

motivasjon til å skape endringar og plasserer den norske konteksten i ei global sosial rørsle. Dette forsterkar den sosiale rørsla sitt overordna mål om å skape endringar retta mot rasisme og diskriminering ved å oppleve den stemninga og engasjementet som var under demonstrasjonen. Ruth (21) skildrar stemninga under demonstrasjonen på denne måten:

Ruth (21): «Det var ei heilt spesiell stemning. Det var ein veldig kampånd, og ein veldig liksom ... åh, det er litt vanskeleg å beskrive, men det var veldig fellesskapsånd, veldig kampånd, man følte veldig på dei sakene som har ført til demonstrasjonen og man følte veldig at det her er noko stort, det her kjem til å skape forandring, faktisk forandring!»

Denne kampånden som Ruth (21) understrekar er i likskap med fleire andre deltakarar. Ved å bygge kvarandre opp og vise støtte for dei andre deltakarane sine kjensler, blei den kollektive identiteten om å skape endringar forsterka. Det tar med seg ei kjensle av felles hensikt og delt engasjement for ei sak, som gjer det mogeleg for individuelle deltakarar å betrakte seg sjølv somt tilknytt til andre aktørar, ikkje nødvendigvis identiske, i ei breiare kollektiv mobilisering (Touraine, 1981, refert i della Porta & Dani, 1998). I tillegg vil den kollektive identiteten som bindar deltakarane i den lokale demonstrasjonen forsterke sitt medlemskap i BLM som ein global sosial rørsle. Ifølgje Collins (1990: 28) er kjensler «solidaritetsens «lim» - og det som mobiliserer konflikt», kor kjensler ikkje berre føl våre djupaste ønsker, men utgjer dei og gjennomsyrrer våre idear, identitetar og interesser (Jasper, 1998: 398). Gjennom demonstrasjonen blei det skapt rom for både kjensler av håp og sinne, slik at dei kvar for seg og saman utforma den emosjonelle energien som deltakarane opplevde. Sett i lys av den emosjonelle tilknyttinga deltakarane fekk til kvarandre, spelar kjensler ei sentral rolle for å forstå denne prosessen kor dei individuelle deltakarane blir inkorporert i eit fellesskap. Følgjande blir kjensler som oppstår før, under og etter demonstrasjonen sentral for å forstå korleis den kollektive identitet blir eit sentralt verktøy for å endre visse aspekt av eit samfunn gjennom sosiale rørsler (Jasper, 1998: 399).

5.0 Nedtrapping av engasjement

Parallelt med positive kjensler av håp, optimisme og stoltheit, følgjer også negative kjensler knytt til skuffelse og frustrasjon om mangel på endring. Fleire av deltakarane påpeikte ein blanding av positive og negative kjensler, med stort samfunnsengasjement i tida rett etter

demonstrasjonen som etter kvart mista sin intensitet, i alle fall i offentlegheit. Sondre (22) fortalde si meining på denne måten når han blir spurt om engasjementet i BLM er vedvarande etter demonstrasjonen:

Sondre (22): «Både ja og nei. Eg tenkte at denne demonstrasjonen her blei så stor at eg håpte vel eigentleg at kampen fortsette, at vi ikkje ga oss før vi vant gjennom med kampen, på ein måte. Engasjementet har jo døydd ned rundt saka. Men det har framleis opna veldig mange auge, og eg trur ganske mange har endra haldning om saka. Eg trur kanskje at om så man ikkje vant gjennom denne gongen så har man i alle fall fleire allierte til neste gong fordi man har nådd gjennom til folket».

Store demonstrasjonar som tiltrekker seg merksemd og eitt breitt utval av deltakarar produserer både eksterne og interne konsekvensar, og lar aktivistar kommunisere politiske budskap, samtidig som dei genererer djuptfølte kjensler og politiske identitetar' (Juris, 2008: 66), men kor lenge desse kjenslene av tilhøyrsløse varte varierte mykje (Ellefsen & Sandberg, 2022). Det var mange av deltakarane som understreka eit tap av energi og engasjement rundt BLM, både fordi det var overveldande og retraumatiserande med så intens fokus på rasisme, samt av å ikkje merke tydeleg endring.

Hamid (25): «Det føles jo som at det var ein stor dag, men det kjennast jo heilt... Eller det føles ut som at ikkje.... For det er liksom sånn det kjennast jo ut som at det har ikkje noko å sei».

Intervjuar: «At det er på ein måte gløymt?»

Hamid (25): «Ja. Det kjennast jo viktig ut der og då, men det kjennast ut som at det er gløymt no, og at det er ikkje nok på dagsordenen».

For mange av deltakarane var det ein nedtrapping av engasjement etter kvart som mangelen på resultat førte til skuffelse. Kjensler bidrar ikkje berre med å forklare opphavet og utfolding til sosiale rørsler, men også deira fortsetting eller tilbakegang (Jasper, 1998: 416). Vektlegging av kognitive faktorar for å forklare nedgang i sosialt engasjement, eksempelvis mangel på suksess, endring i målsetningar i rørsla eller hos individuelle medlemmar tar ikkje kjensler som flauhet, skuffelse eller frustrasjon i betraktning (Lofland, 1996: 237-242 referert i Jasper, 1998: 416). For å ekskludere kjensler frå nedtrapping av sosialt engasjement, ekskluderer også kjenslene som glede, håp, entusiasme, stoltheit og affektive tilknytning til gruppa som kan vere store nok

til å motivere deltaking utan å vere avhengig av kognitiv tru på om suksess er mogeleg eller ikkje (Jasper, 1998: 416). I følgje Bell (1992:xvi) deltok mange svarte borgarrettsdeltakarar i protestar for å oppnå verdigheit i livet gjennom strevet og moralske uttrykk, ikkje nødvendigvis fordi dei forventa å oppnå likestilling. Dersom kjensler er involvert i prosessen kor personar blir å ta del i sosiale rørsler, er dei endå meir openberre i dei pågåande aktivitetane i rørsla (Jasper, 1998: 417).

Yordanos (23): «Eg trur den månaden der var kanskje den mest slitsame månaden. Fordi det var berre kasta på oss heile tida, vi såg protestane i USA heile tida, det var ekkelt og frustrerande. Eg trur vi alle var mentalt utslitte. Eg trur det var litt, ikkje dårleg stemning, men litt slapp og litt sliten og litt frustrert. For vi alle viste innerst inne, kor mye kunne dette forandre? Eg trur også at vi var glade fordi det er ein begynnelse i hvert fall».

Yordanos (23) viser til at engasjementet er fysisk og psykisk utmattande. I perioden var det svært stort engasjement rundt rasisme og diskriminering som er tema som er sårbart, tungt og traumatiserande for fleire. Samtidig, er det i kjølvatnet av slike hendingar som gir ei ekstra påverknadskraft for sosial mobilisering. Det er viktig å presisere at det hyppige engasjementet etter George Floyd kan belyse korleis sosiale rørsler utviklast i store bølge- og dalbanar. Oppslutninga rundt BLM-demonstrasjonane var eksplosivt og altomfattande i ei kort periode, noko som er viktig for å skape såpass stor merksemd om tematikken som det var utover sommaren 2020. Konsekvensvis er at det blir svært tydelig i ettertid av ein demonstrasjon kor tidkrevande endringar kan vere. Mange av deltakarane poengterte difor ein skuffelse til manglande resultat, som resulterte i at rørsla til ein viss grad blei opplevd ut som ein trend.

Hamza (26): «Man blir happy når man ser så mange som deltar. Men så samtidig det med at det var ein trend, at det er litt sånn- det kjem til å bli borte, og det er ikkje den kampen man tar ein og ein, eller den eine store demonstrasjonen som er det viktige. Det er det kvardagslege arbeidet man gjer. På skulen eller i idrettslaget ditt eller på t-banen, det daglegdagse arbeidet der, som eg synes er viktig. Så ja, eg blei liksom ikkje møtt med ein sånn 'yes, nå er vi endeleg ferdige' liksom, det er ein kamp som er...»

Intervjuer: «Konstant?»

Hamza (26): «Ja. Vi er ikkje dei første, og vi er definitivt ikkje dei siste».

Det Hamza (26) viser til understrekar behovet for kontinuitet etter deltaking i demonstrasjonen. Kollektiv identitet er avgjerande for mobilisering og for å oppretthalde tilknytning og deltaking i den sosiale rørsle. Dog, kan kollektiv identitet også bidra til å forklare korleis det skjer ei utvandring frå ei rørsle. Ei av hovudårsakene til nedtrapping av sosiale rørsler er at den kollektive identiteten sluttar å følgje med rørsle. Det skjer ved at deltakarane sluttar å tru på at rørsle «representerer» dei lenger (Polletta & Jasper, 2001: 292). Med utgangspunkt i Jaspers (kjelde) formulering er det ikkje ein grense mellom identitet og kollektiv identitet som ein sirkel ein kan ta eit steg inn i og deretter gå ut av seinare. For fleire av deltakarane understreka dei å ha merka ei endring i seg sjølv som inkluderer å motstå kvardagslege møter med rasisme og fordommar. Amira (23) fortel at ho etter å ha deltatt i BLM-demonstrasjonen har høgare forventningar til kunnskap om rasisme i Noreg og stiller større krav til personane ho møter på. På denne måten, vil personlege påverknad gjennom deltaking innebere mellom anna eit større fokus på å spreie kunnskap om rasisme generelt, samt eigen kjennskap til rasisme og erfaring.

Fellesskapet og affektive tilknytningar som blir danna under demonstrasjonen er viktige for tilhøyrslar og utforming av ein kollektiv identitet. Dette er også noko som gjer at engasjementet under demonstrasjonen ikkje er tydeleg vedvarande i ettertida av demonstrasjonen. Opplevinga av den emosjonelle og fysiske tilknytninga til meddeltakarane er vanskeleg å skulle gjenskape utanom tilstedeværelsen i demonstrasjonen. BLM-demonstrasjonen belyste engasjement og aktivisme som fremma ein antirasistisk agenda. Det er sjeldan at sosiale rørsler oppnår radikal sosial endring, men det er ikkje ein utelukkande tilnærming til å vurdere i kva grad rørsle er suksessfull eller ikkje. Radikal sosial endring er ikkje motivasjonen for dei fleste til å delta i demonstrasjonar, men heller eit fokus på å skape ei bevisstgjerung om tematikken i det norske samfunn.. Den kollektive identiteten har potensiale til å påverke individ og skape langsiktige endringar. I tillegg til personleg endring vil engasjementet i demonstrasjonen legge press på myndigheiter og skape merksemd om rasisme i ein norsk kontekst som kan påverke samfunnsnormer og diskursar.

6.0 Oppsummering

Under fellesnemnaren «Black Lives Matter» blir individuelle deltakarar del av og utgjer ein kollektiv identitet. I datamateriale blir det tydeleg at kjensler er viktige på alle stadium av demonstrasjonen; først ved at kjensler av frustrasjon og sinne er sentrale for mobilisering til

demonstrasjonane, særleg for etniske minoritetsgrupper med erfaring og kjennskap til rasisme. Dette gjer at negative individuelle opplevingar blir inkorporert i eit større rammeverk av kollektiv identitet, kor det ikkje lenger er personlege utfordringar, men uttrykk for rasisme. Deretter er kjensler av solidaritet og fellesskap under demonstrasjonen noko som etablerer affektive band mellom deltakarane under BLM sitt fokus på antirasisme. Fellesskapet som blir danna under demonstrasjonen er viktige for tilhøyrse og utforming av ein kollektiv identitet. Til slutt er opplevinga under demonstrasjonen ein felles emosjonell betyding for dei som deltok, noko som er sentral for vedvarande engasjement etter demonstrasjonen er gjennomført. Nedtrapping av engasjementet blir påverka av den manglande tilknytninga i den kollektive identiteten og det blir vanskelegare å oppretthalde aktivisme. Ved å undersøke rolla av kjensler i mobilisering av dei individuelle deltakarane er det tydeleg intervjua at kjensler spela ei sentral rolle i tida før, under og etter demonstrasjonen. Intervjua med deltakarane viser at kjensler i tråd med kollektiv identitet har betyding for heilskapen av mobilisering og opplevinga av demonstrasjonane

Kapittel 7

Retten si rolle

1.0 Introduksjon

I dei to første analysekapittel har eg gått inn på deltakarane sin motivasjon for å delta i BLM-demonstrasjon og vidare korleis dette er knytt til identitetsforståing. Neste del av avhandlinga vil bestå av to kapittel, der det første er eit analysekapittel kor eg trekk linjer mellom motivasjon og identitet til eit rettssosiologisk perspektiv. Kapittelet vil forsøke å svare på tredje forskingsspørsmål i kva grad retten si rolle i motverking av rasisme og diskriminering reflekterast i deltakarane sin motivasjon for sosial mobilisering. Kapittelet vil starte med å undersøke kvifor det for deltakarane blir fjernt å skulle formidle budskapet med BLM-demonstrasjonane gjennom rettslege vegar ettersom det er ein manglande innsikt i kva rettslege verkemiddel som er tilgjengelege for sosial mobilisering. Deretter vil kapittelet vise eksempel på kvifor retten blir tilsidesett til fordel for sosiale og politiske formål for motverking av rasisme og diskriminering. Dette er prega av ei auka grad av rettsleggjing i samfunnet, kor det er utfordrande for deltakarane å skulle manøvrere eit spesialisert rettssystem- og praksis. Avslutningsvis vil kapittelet vise til viktige med å gjere rettslege verkemiddel tilgjengeleg.

2.0 Avstand til retten

Retten sin sosiale funksjon er å ivareta forutsigbarheit på mange samfunnsområde ved bruk av rettsreglar, kor det er viktig for samfunnsorganisering at vi har felles lovreglar og normer som vi i utgangspunktet kan stole på at etterlevast (Sand, 2017). Lov, reglar og normer må i tråd med velferdsstaten gjennomgå vurdering i rettslege rammeverk, desse er der også for beskyttelse av borgarane sin individuelle og samfunnsmessige rettssikkerheit. Rettssikkerheitsgrunnlaget står sentralt i velferdsstaten kor det gjennom direkte og indirekte styring skal sikre likskap for lova. Dette inneberer ein rettssikkerheit som gir rom for å ta nytte av rettane ein har som borgar i det norske samfunn, men også ein beskyttelse mot at staten kan gjere inngrep i individuelle sine handlingsrom. Forholdet mellom korleis retten er utforma for å fungere i samfunnet, er ikkje nødvendigvis slik den blir oppfatta av dei rettslege subjekta. I

eit kritisk perspektiv på rettspositivisme, belyser deltakarane at rettslege verkemiddel ikkje blir nytta og at retten sin verknad ikkje er gitt at den er til fordel for sosial mobilisering.

Som vist i første analysekapittel 5, tok ikkje retten særleg del i mobilisering eller formål med BLM-demonstrasjonane. Det var ei tydeleg vektlegging på framgangsmåtar som er politisk, sosialt og kulturelt retta. I datamateriale er det ein tendens til at deltakarane vektlegg dei rettslege rammeverk som sentrale i BLM-rørsla sitt formål om å skape endringar i rasisme og diskriminering i den amerikanske konteksten, men det er ikkje like tydeleg at det er viktig i ein norsk kontekst. Senait (23) forklarar skiljet på denne måten: «BLM er ei sosial rørsle som er meint å forandre tankegangen til menneske [i Noreg], men i USA er fleire av måla med BLM å fastslå lover». Senait (23) illustrerer ein tendens hjå deltakarane kor det verkar fjernt å kunne gå rettslege vegar for å motverke rasisme og diskriminering i ein norsk kontekst. Ei føresetnad for å kunne vurdere ei rettsleg retning for sosial mobilisering er ei kjennskap om at det rettslege verkemiddel er tilgjengeleg og handterbare for dei som deltar i demonstrasjonane. Zainab (23) belyser ein mangel på innsikt i kva grad retten er gunstig å ta nytte av:

Zainab (23): «I seinare tid har eg fått med meg at der er noko som heiter likestillings- og diskrimineringsombodet, men det handlar jo om alt då. Men eg har eigentleg aldri tenkt over diskrimineringslova, fordi det blir nemnt veldig sjeldan. Men kanskje det burde ha vore mykje meir».

Det Zainab (23) poengterer i likskap med andre deltakarane, at det i generelt liten grad har lite innsikt i rettslege rammeverk og er ukjende med framgangsmåten i rettslege prosessar som omfattar rasisme og diskriminering. Deltakarane representerer eit utståande perspektiv på den rettslege verknaden i samfunnet. I tilfelle med BLM-demonstrasjonane er det ikkje ein særleg kopling mellom sosial mobilisering og retten. Avstanden mellom partane kan vere grunna i ein tilsynelatande manglande innsikt i korleis vekselsverkaden mellom samfunnet og retten er viktige for ei felles utvikling. Chadia (31) fortel i likskap til Zainab (23) at ho manglar kjennskap til loven, men at det er vanskeleg å skulle sette seg inn i kva rettar ein har. Mellom anna så nemner ho at ho ikkje følte ho kunne bli beskytta av diskrimineringslova for rasismen ho blei utsett for under oppveksten, fordi ho var usikker på om den i det heile tatt trådde i kraft før eller etter 90-talet. Ein konsekvens av å ikkje kjenne til kva som inneberer i dei rettslege grensene for rasisme og diskriminering er at mange av tilfellene unnlatar konsekvensar.

Chadia (31): «Eg trur det som er viktigare for meg no er å gjere det eg ikkje har gjort før. Eg gjorde det ikkje på arbeidsplassen eg var på, eg gjorde ikkje då eg opplevde det

som 17-åring og folk skrev skikkeleg stygge ting om meg på nettet. Eg har aldri anmeldt ei rasistisk grov oppleving. Det er det einaste eg angrar på».

Det Chadia (31) belyser er i likskap til fleire andre deltakarar som indikerer at kunnskapen og innsikta i rettspraksis er manglande, i tillegg til at det verkar utfordrande å skulle få innsikt på eiga hand. I tråd med det Chadia (31) si erfaring, kan det i datamateriale bli forstått at mangelen på forståinga av eigen rettssikkerheit gjer at terskelen for å rapportere hendingar blir høg. Etersom man er usikker på om opplevinga var *alvorleg* nok, belyser det ein problematisk oppfatning av rettssikkerheit i praksis. Hovudsakleg går det igjen hos informantane at dei ikkje trur at det dei har opplevd har vore alvorleg nok eller at dei ikkje har blitt møtt med forståing i tidlegare tilfelle, særleg i grunnskulen, så det ikkje er noko poeng i å ta det opp. Som vist i punkt 5.4 vektlegg deltakarane som ein stor del av motivasjon til mobilisering å auke kunnskapen om dei kvardagslege og subtile formene for rasisme og diskriminering som blir erfart. Opplevinga av mikroagresjonar er ofte situasjonar som er uklare å skulle definere individuelt, og terskelen for å ta det vidare er dermed endå høgare. Denne utforminga av rasisme skapar problem både for å forstå kor alvorleg det er for offeret, samt korleis dette kan forhindrast til å fortsette utan å bli konfrontert på det. Det at deltakarane ikkje tilstrekkeleg har kunnskap om eigen rettssikkerheit og korleis dette kan bli forstått i dagleg praksis skapar utfordringar for korleis ein kan ta nytte av rettslege verkemiddel i møte med rasisme. Vidare medfører det at deltakarane ikkje føler seg beskytta av rettsstaten ved at det er ein avstand mellom kva deltakarane erfarer som rasisme og kva som blir vektlagt i lova.

For deltakarane blir det fjernt å skulle formidle budskapet med BLM-demonstrasjonane gjennom rettslege vegar dersom det er ein manglande innsikt i kva rettslege verkemiddel som er tilgjengelege. I tillegg til at mengda av reglar kan oppfattast som omfattande og uforståeleg for ufaglærte, er konsekvensane at rettslege verkemiddel blir ein ugjennomtrengeleg jungel av reglar (Graver, 2020: 55). Det rettslege språket skal ideelt være sakleg og rasjonelt, derav har det over tid blitt danna eit eget juridisk språk. Språkets sjølvstendigjering innanfor jussen fører til at språket blir frigjort frå dei faktiske forhold i samfunnet (Sand, 2012: 133). Jussens spesialisering gjennom eigne omgrep og uttrykk, gjer at språket formast ut frå ein intern språkstruktur, kor juristane bestemmer premissane. Manøvrering av det rettslege rammeverket blir for deltakarane ei utfordring og blir dermed ikkje eit verkemiddel som blir vurdert for sosial mobilisering. I lys av Habermas' teoretiske perspektiv (Dahlberg-Larsen, 2013) er det ei todeling av samfunnet i form av system- og livsverd. Systemverda er ei funksjonell vektlegging på korleis samfunnet blir styrt ut frå politiske og økonomiske handlingsrasjonalitet, medan

livsverda representerer fridom for menneske til å danne sin eigen identitet og utvikle normer i takt med samfunnets utfolding (Dahlberg-Larsen, 2013: 302-303). Habermas presiserer at eit velfungerande samfunn krev ein viss balanse mellom system- og livsverda. BLM-demonstrasjonane belyser ein problematisk avstand mellom rettssikkerheita mot rasisme og diskriminering og deltakarane viser med sin mangel på innsikt og bevisstheit i sine rettsgrunnlag.

3.0 Årsaker til at rettsleg veg ikkje blir brukt

Kjennskapen deltakarane har til retten er påverka av fleire faktorar som spelar inn i forståinga av det rettslege rammeverket. Ein sentral kjelde til informasjon om retten er populærkultur (Friedman, 2016). Populære dommar eller rettssaker som får mykje merksemd i (sosiale) media er ein faktor som kan belyse korleis rettssaker formar narrativ og forståing om retten si rolle i samfunnet. For å nemne dei som blir tatt opp mest i datamateriale er Benjamin Hermansen som blei drepen av nynazistar i 2001; Obiora-saken som døde under arrestasjon av politiet i Trondheim 2006; Mustafa Hasan sitt søksmål mot Utlendingsnemnda for opphaldsløyve i 2020; og rettssaka til George Floyd mot politibetjentane i 2021. I kva grad rettssaker påverkar oppfatninga av retten generelt er vanskeleg å skulle sei noko om, men slike rettssaker spelar ei sentral rolle for kunnskapsproduksjon om korleis retten blir antatt å operere i samfunnet. Davina (29) viser til eit tilfelle i Kristiansand kor det var tre jenter som blei utsett for både fysisk og psykisk mobbing på eit rasistisk grunnlag, til den grad at dei måtte flytte frå heimen sin. Davina (29) fortel at ho ikkje føler det er til noko hjelp å anmelde eller rapportere rasisme, ettersom ho ikkje har høyrte om tilfelle kor det har gjort noko godt. Ho understrekar det at i denne saken, til trass for at dei rapporterte tilfella til skulen, kommunen og politiet fekk dei ikkje hjelp. Ei verknad av media er at dei sakene som får merksemd i media som i stor grad har innflytelse på korleis rettslege prosessar blir framstilt og kva kjennskap lesarane får om sakene. Dei sakene som får medieoppslag har derfor stor påverknadsmakt til å auke eller minske avstanden til rettssystemet blant befolkninga.

I tillegg har media påverknadskraft i informasjonsspreiing og formulering av narrativ som er viktig i vurderinga av retten si rolle i førebygging og motverknad av rasisme. Deltakarane problematiserer sine forhold til rettssystemet ved å påpeike at det blei laga ut frå dei føresetnadane og samfunnsrammene som var gjeldande i den tidsperioden. Amadi (29) fortel

det på denne måten: «Vi er i eit system som er laga for etnisk norske menneske. Det er ikkje plass, det er ikkje laga plass for oss». Verknaden av lover er vanskeleg å skulle måle, men det Amadi (29) peiker på er at han ikkje føler seg inkludert i rettssystemet. Når deltakarar blir spurt i intervjuet om i kva grad dei føler seg beskytta av rettssystemet, så er det svært få som har kjennskap til korleis ein rettsleg prosess vil gå fram dersom det skulle bli ønskeleg å gå den vegen etter ei hending.

Aroos (24): «Eg føler meg ikkje beskytta før det skulle ha skjedd noko, men eg blir sikkert beskytta om det skulle ha skjedd noko. Då blir man sikkert ivaretatt og sånn. Men eg føler at det arbeidet burde skje før det inntreff. Det føler eg ikkje blir gjort».

Det Aroos (24) snakkar om er ikkje ein mistillit til rettssystemet i heilheit, men korleis det i spesifikke hendingar er vanskeleg å vite korleis ein går fram eller kva ein har rett på. Eit perspektiv på lova si verknad er lysbrytarteorien som for mange, særleg juristar, trur gjerne berre det blir gitt ei lov eller ein juridisk innsats på eit område, så får dette automatisk den tilsikta verknaden (Mathiesen, 2011: 73). I kontrast til eit rettspositivistiske perspektiv på lover, er det i midlartid langt frå realiteten at lover har ein magisk kraft der det i nokre tilfelle er meir hensiktsmessig å undersøke manglar i lovgivnaden sine tilsikta verknader (Mathiesen, 2011: 74). Lover kan vere vage, tekniske og kompliserte. Juridisk logikk, strukturen til argument, behandling av presedens: desse er ofte lært kunnskap for advokatar, men ikkje for resten av oss (Friedman, 2016). Rettspositivismen står sterkt i det norske samfunn, kor det for det meste er ein generell, diffus kjensle av legitimitet som beskyttar rettssystemet. Lova skal bidra til å bygge ned samfunnsskapt funksjonshemmande barrierar, og hindre at nye skapast, men det blir ikkje forklart korleis dette skal gå fram. Eksempelvis pålegg lova forbod mot å diskriminere, men sei ingenting om korleis ei bedrift skal handtere ein situasjon når ein tilsett legg inn ei klage om diskriminering (Friedman, 2016).

Christie (1977) eksemplifiserer dette ved å bruke konflikt som eksempel på korleis rettssystemet har blitt spesialisert og profesjonalisert i vestleg kontekst. Juristar er profesjonelle til å stele konflikter, ettersom dei er trena opp til å førebyggje og løyse konflikter, derav konflikter som tidlegare var andre menneske sin eigedom, har blitt overtatt av juristane (Christie, 1977). Juristar blir dermed spesialistar som er villige til å ta konfliktane, samtidig som menneske er villig til å gi dei frå seg, noko som speglar endringar i den grunnleggjande samfunnsstrukturen (Christie, 1977). Ei av verknadane av at juristane tar eigarskap over konfliktane er at erfaringane med rasisme blir rettsleggjort i den grad at nye samfunnsområde

blir regulert av rettssystemet. Ein del av BLM-demonstrasjonen var å auke kunnskapen om korleis rasisme blir erfart i ein norsk kontekst, kor det er ein føresetnad at retten er imøtekomande til desse oppfatningane. Grensa for kor rasisme og diskriminering går i ulike situasjonar er uklar for deltakarane, derav, blir det utfordrande å skulle ta vidare i eit ukjent system og praksis. I eit samfunn med aukande rettsleggjing, kor juristane i større og større grad får makt til å ta over konfliktane blir det ikkje for deltakarane ei vurdering å gå ein rettsleg veg med BLM-demonstrasjonane.

4.0 Manglande kunnskap om kva rettslege verkemiddel som er tilgjengelege

For at retten skal ivareta sin funksjon og oppfattast som legitim må dei rettslege normene reflektere det samfunnet det er ein del av, og dei verdiane som er aksepterte. Retten sitt dilemma og tvityde inneberer at retten sin funksjon er å skape stabiliserte og generaliserte (felles) normative forventingar som bidrar til normativ forutbergegnelighet, rettsikkerheit og forutsigbarheit for borgarane, samtidig som grunnlova gir Stortinget kompetanse til kontinuerleg endring av loven, og mogleggjer dermed kontinuerleg rettsleg endring av samfunnet (Sand, 2017). Det peiker dermed på eit paradoks om at retten er eit reiskap for forandring, samtidig som rettsstaten skal sørge for stabilitet. I tilfellet som BLM-demonstrasjonane illustrerer, er det ein avstand mellom deltakarane og retten prega av ein mangel på innsikt og ein tilbakehaldenheit til å skulle manøvrere den juridiske sfæren. Konsekvensvis, blir rettslege verkemiddel blir tilsidesett til fordel for sosiale og politiske formål. Synet på kva som skal til for å motverke rasisme blir skildra av Beydaan (21) på denne måten:

Beydaan (21) «Eg føler først og fremst så burde alle saman gå inn i seg sjølv også prøve å sjå kva slags fordommar eg har og kvifor har eg dei fordommane liksom. Eg føler det er ein veldig individuell kamp. Fordi det hjelp ikkje om vi har lover og reglar. Og eg føler til sjuande og sist så handlar det berre om medmenneskelegheit».

Beydaan (21) peikar på eit skilje mellom lover og reglar og menneskelege aspekt. Det viser til korleis ho opplev ein individuell kamp, med å gå inn i seg sjølv og sjå på kvifor ein tenker om andre slik ein gjer. Denne oppfatninga av individualisme kan indikere ein mangel på inkludering og forståing for subjektets posisjonaltet i det rettslege systemet. Beydaan (21) understrekar eit behov for å vektlegge menneskelege eigenskapar, som i stor grad blir

underbygd av motivasjon for mobilisering og den felles tilhørsla som blei skapt under BLM-demonstrasjonane. Retten blir i kontrast til menneskelege verdiar oppfatta som ein distansert og ikkje-emosjonell institusjon som ikkje omhandlar medmenneskelege og personlege faktorar. Dette underbygger Habermas' poeng om skilje mellom system- og livsverd. Avstanden deltakarane belyser det Habermas kritiserer den moderne stat si auka rettseggjering, derav, livsverda blir kolonisert av systemverda (Dahlberg-Larsen, 2013: 302-303). Rettsleggjeringa som tilsidesett menneskelege faktorar kan indikere ein avstand mellom retten, prega av ein mangel på inkludering og forståing for subjektets posisjon i det rettslege systemet. Ved at retten blir oppfatta som ein autonom og apolitisk institusjon (Conaghan, 2013: 15) av deltakarane undergrev moglegheita til å ta nytte av rettslege verkemiddel under ein demonstrasjon kor deltakarane vektlegg sosiale, politiske og kulturelle endringar. Til ein viss grad kan det handle om mangel på representasjon, deriblant at den juridiske profesjon er ein elite (Olaussen, 2015: 158). Det kan vere problematisk at rekruttering til den juridiske profesjonen har sosial skeivskap. Dette kan medføre spørsmål om vi bør ha tillit til at det ikkje er stor sosial skeivskap i kven som sikrast rettssikkerheit (Olaussen, 2015: 134). Eksempelvis, står det sterkt i USA at der er spesialiserte retningar innanfor den juridiske profesjon som baserer seg på borgarrettane.

Retten kan både vere i framsete for å etablere endringar i samfunnspraksis, eller innrette eiga praksis etter endringar i samfunnet. Eksempelvis etablerte FNs rasediskrimineringskonvensjon i 1965 avskaffing av alle former for rasediskriminering som gjeld som norsk lov, som eit resultat av sosiale rørsler på 60-70 talet, særleg inspirert av borgarrettsrørsla i USA. I tiåra fram til i dag har lova blitt endra i tråd med utviklinga av samfunnet, som har ved siste endring i 2017 blitt ei samanslåing av lova til likestillings- og diskrimineringslova med formål om å fremme likestilling gjennom å styrke diskrimineringsvernet (NHO, 2017). Assad (24) belyser ein manglande kunnskap om rettsleg praksis, men som har blitt meir viktig for å han lære etter deltaking i BLM-demonstrasjonen. Han forklarar behovet sitt for å lære meir om det rettslege fordi det kjem til å komme nye situasjonar kor menneske blir utsett for rasisme «fordi drapet på George Floyd ikkje var første gang og kjem heller ikkje til å bli siste gang». Han ønsker derfor å vite «litt meir enn eg kan frå før, spesielt innanfor det rettslege». I likskap med andre deltakarar belyser Assad (24) ein avgrensa kunnskap om rettslege rammeverk, men han viser eit eksempel på at BLM-demonstrasjonane har auka bevisstheit om at kunnskap om rettslege verkemiddel kan vere nyttig å ha innsikt i.

Vekselverknaden mellom retten og samfunnet bygger på ei føresetnad om at dei ulike områda har rom for å kunne påverke kvarandre. På den eine sida, for å kunne fremme verdiar som vektlegg habilitet og likskap for lova består dei rettslege institusjonane av eit rettsapparat og ein juridisk profesjon som har behandla retten som eit eige område med uavhengig av dei politiske myndigheitene (Graver, 2020: 49). På den andre sida, er det problematisk at den dominerande tendensen til å behandle retten som eit systematisk rammeverk av normer som kan bli forstått uavhengig av den breiare konteksten den opererer i (Conaghan, 2013: 15). Verknaden av å få ei auka grad av innsikt om at rettslege verkemiddel er tilgjengelege må til for å kunne bli tatt nytte av. Slik som ein ser med #MeToo-protestane viser ei bevisstgjerung av rettspraksis at loven kan få ein annan posisjon i samfunnet enn den har hatt tidlegare. Deltakar Babeena (18) forklarar det på denne måten:

Babeena (18): Det kan ha å gjere med at det er mange som har brydd seg om det i lang tid, men det ikkje er noko som har kickstarta det, og då det først skjedde noko så har det ligge der og eigentleg berre venta på at noko skulle skje.

Intervjuar: Trur du at noko liknande kan skje etter BLM, at folk blir meir bevisste og endrar haldning?

Babeena (18): Ja, eg trur at det er akkurat det som har skjedd. I alle fall i mitt miljø, at folk etter det har blitt meir bevisste på at, folk tenkte ikkje noko på det før BLM, men med ein gong det blei snakka om så såg man det i kvardagen mykje meir.

Babeena (18) illustrerer med #MeToo-opptøyane eit eksempel på korleis rettsleg praksis blei meir tilgjengeleg, ved at kunnskapen om retten blir forståeleg på eit folkeleg nivå. Følgjande blir den tidlegare avstanden mellom dei som kan ta nytte av rettslege verkemiddel og rettsutøvarane blir redusert. Ved å auke kunnskapen om rettspraksisen blir det følgjande eit tilgjengeleg verkemiddel som aktivt kan bli tatt nytte av for dei som blir ramma. Det sentrale poenget er at ei bevisstgjerung av rettspraksis kan føre til at offeret i større grad kan vere sikker på eigen rettssikkerheit og beskyttelse gjennom rettslege verkemiddel. Slik som ein ser under #MeToo rørsle, kan BLM-demonstrasjonen påverke korleis rettspraksis blir endra gjennom sosialt engasjement. Påverknadskrafta som samfunnet har i utforminga av retten er ein dynamisk prosess, som viser eksempel på korleis sosialt engasjement og politisk verksomheit er sentrale verkemiddel både individuelt og samfunnsmessig. Samtidig, er man også avhengig av gjennomslag i retten for å kunne skape endringar i rettsleg praksis som legg grunnlaget for korleis samfunnspraksis blir styrt. På ein og same tid opererer det retten ut frå rammeverket

basert på eit stabilt rettssikkerheitsgrunnlag og ein dynamisk samfunnsutvikling. Retten sitt potensiale til å bidra i sosial mobilisering og å gå hand i hand med sosiale, politiske og kulturelle formål, går ut frå ein føresetnad om at den tilsynelatande avstanden deltakarane indikerer til rettslege verkemiddel blir redusert.

5.0 Oppsummering

I dette kapittelet har eg forsøkt å reiegjere for kvifor det for deltakarane blir fjernt å skulle formidle budskapet med BLM-demonstrasjonane gjennom rettslege vegar. Dette bygger på mellom anna ein manglande innsikt i kva rettslege verkemiddel som er tilgjengelege for sosial mobilisering. Vidare har det gjennom eksempel på deltakarane sine erfaringar med mikroaggresjon og manglande inkludering bidratt til å forklare kvifor retten blir tilsidesett til fordel for sosiale og politiske formål for motverking av rasisme og diskriminering. Dette er prega av ei auka grad av rettsleggjering i samfunnet, kor det er utfordrande for deltakarane å skulle manøvrere eit spesialisert rettssystem- og praksis. Avslutningsvis er det belyst med eksempel på viktigheita med auka bevisstheit om rettssikkerheitsgrunnlaget og eksempelet med #MeToo viser at det har ein effekt for haldningsendringar.

Kapittel 8

Avslutning

Denne avslutninga vil oppsummere dei ulike funna i analysen i eit forsøk på å vurdere retten si rolle i vegen vidare for motverknad av rasisme og diskriminering i det norske samfunn. I dette kapitlet vil dei empiriske funn bli sett i lys av forskingsspørsmåla. Dei tre forskingsspørsmåla omhandla (1) Kva motiv ligg bak deltaking i BLM-demonstrasjonane i Noreg? (2) I kva grad er BLM som sosial rørsle eit sentralt verktøy for å kunne mobilisere deltakarane i ein felles eining mot rasisme og diskriminering? (3) I kva grad reflekterast retten si rolle i motverking av rasisme i deltakarane sin motivasjon? Dei analytiske funna som er presentert i avhandlinga har vist deltakarane sine perspektiv på BLM-demonstrasjonane i ein norsk kontekst. Dette har blitt fokusert på i tre ulike analysekapittel for å vise ulike ledd i prosessen av å delta i sosial mobilisering; bakgrunn for sosial mobilisering, kjenslers betydning og kollektiv identitet; retten si rolle.

I forkant av avhandlinga si analyse er det reiegjort for dei metodiske vala som vart tatt for å gjennomføre innsamling og behandling av datamateriale. I denne avhandlinga er det nytta ein induktiv metode for kunne vektlegge deltakarane sine perspektiv på BLM-demonstrasjonane. Deretter blei datamateriale bearbeida parallelt med eit teoretisk utval for å underbygge funna i datamateriale som er blitt behandla i analysen. Dei overordna tematikkane om sosiale rørsler, utviklinga i samfunnsforskning om rasisme og diskriminering og retten i eit vekselsverkande forhold med samfunnet, blei påpeikt for å vise korleis avhandlinga vil bidra til forskingsfeltet.

Avhandlinga sin overordna ambisjon har vore å undersøke deltakarane sine erfaringar med BLM-demonstrasjonane. Formålet har vore å framheve prosessen av sosial mobilisering som inneberer før, under og etter demonstrasjonen. I hovudsak har dette blitt gjort for å vise kva deltakarane vektlegg som sosiale, kulturelle og politiske motiv for mobilisering. Vidare blir det undersøkt korleis kjenslers betydning for individuelle og kollektiv tilhøyrslar til rørsle blir meningsfulle opplevingar under demonstrasjonen. Desse to delane av demonstrasjonen har i stor grad vektlagt empiriske eksempel, for å kunne gjere trekningar frå biografiske eigenskapar til dei strukturelle eigenskapane som utgjør BLM som rørsle. Dette har lagt føresetnadane for å kunne vurdere effektane etter demonstrasjonen i lys av eit rettssosiologisk perspektiv.

Første analysekapittel har tatt for seg bakgrunnen for mobilisering ved å presentere sosial, kulturell og politisk endring som dei hovudsaklege kategoriane som kjem fram i datamateriale. Hensikta med å framheve eit utval av motiv som deltakarane representerer har vore å vise at ei overordna ramme, som Black Lives Matter presenterer, er utforma av eit mangfald av individuelt engasjement. Fokuset på sosiale endringar var ein sentral faktor for mobilisering til BLM-demonstrasjonane i heilheit. På bakgrunn av ein mangel på representasjon og anerkjening av rasisme som eit problem i det norske samfunn var det viktig for deltakarane å overføre den overordna tematikken som BLM representerer til ein norsk kontekst. Dette var i stor grad driven av å oppdatere kunnskapsproduksjonen om rasisme og diskriminering som eit pågåande problem i Noreg, samt kunne opplyse om korleis denne problematikken blir erfart.

Vidare er viser funna i analysen at fokuset for deltakarane var i stor grad retta mot ei haldningsendring knytt til korleis rasisme og diskriminering blir forstått i ein norsk kontekst. Ofte er dei mest varige konsekvensane av rørsler kulturelle, og kan innebere innverknad på måtane vi lever på ved å gjere noko åtferd sosialt uakseptabel medan anna åtferd blir forventa eller i det minste akseptert (Amenta og Polletta 2019: 279). Grunnlaget for å endre korleis rasisme blir framstilt i samfunnet bygger på at kvardagslege og subtile former for rasisme og diskriminering må anerkjennast for å kunne gå fram med hensiktsmessig antirasisme i Noreg. Potensiale for å utnytte endre maktbalansen er tidspressa når status quo blir utfordra i det vakuumet som opprettast via demonstrasjonane. Den sosiale rørsla blir i seg sjølv eit politisk verkemiddel ved å skape merksemd og sette tematikken på agendaen og tvingar samfunnet til å ta stilling til problemet. Kapittelet har vektlagt korleis dei individuelle deltakarane kan ha ulike motiv, som i tillegg kan bestå av fleire målsetningar, men som til saman utgjer det eit samansurium av personlege og kollektive mål for den sosiale rørsla. Under fellesnemnaren «Black Lives Matter» blir det dermed rom for å tileigne sosiale, kulturelle eller politiske motiv, som er kontekstuellt retta mot sosiale endringar som er ønskeleg å oppnå ein norsk kontekst.

Andre analysekapittel har vidare i prosessen av sosial mobilisering presentert kva rolle kjensler spelar under deltaking i sosial mobilisering. Forut for demonstrasjonen blir det bygd opp forventningar, usikkerheit og spenning for kva som vil komme til å skje under ein demonstrasjon. Erfaringane som deltakarane blir presentert i analysekapittelet har belyst kor sentrale kjensler er personleg for deltakarane sin oppleving under demonstrasjonen. I tillegg er

dei essensielle for relasjonen som blir forma mellom deltakarane som utgjer ein kollektiv identitet basert på fellesskapet som blir danna. Funna i analysen viser at det sosiale engasjementet er i stor grad avhengig av dette samhaldet for å skape påverknad som går utover dei som deltar i demonstrasjonen. Samt at ein reduksjon av tilhøyrse til ein rørsleidentitet kan forklare nedtrapping av ei sosial rørsle.

I datamateriale får ein innsikt i dei kollektive identitetane som konstruerast i og skaper rørsle, men manglar kunnskap om når og korleis dei kollektive identitetane blir innvevd i det politiske eller juridiske (Amenta & Polletta, 2019: 291). Funna i analysen viser at kjensler har ei meiningsfull påverknad på deltakarane sine erfaringar under BLM-demonstrasjonane. I forhold til erfaringar med rasisme og diskriminering, bidrog den emosjonelle opplevinga av å delta i demonstrasjon til å gjere deaktiverande kjensler til aktiverande. For eksempel ved å erstatte skam og resignasjon, som lammar handling, med stoltheit og sjølvtilit. Under demonstrasjonen blei mobiliseringsgrunnlaget forsterka av kjensler av optimisme for å skape ei endring, samtidig som medaljens baksida illustrerer at deltakarane var prega av kjensler av smerte, sorg og sinne knytt til nødvendigheita for å gjennomføre desse endringane. Deltakarane viser til at opplevinga under demonstrasjonen ein felles emosjonell betyding for dei som deltok, noko som er sentral for vedvarande engasjement etter demonstrasjonen er gjennomført. Følgjande blir nedtrapping av engasjementet påverka av den manglande tilknytninga i den kollektive identiteten og det blir vanskelegare å oppretthalde aktivisme.

Det tredje analysekapittelet har presentert prosessen etter ein demonstrasjon er gjennomført. I denne delen er det vist korleis grunnlag for mobilisering, kjensler og kollektiv identitet kan bli vurdert i eit rettssosiologisk perspektiv i etterkant av demonstrasjonane. Retten sin innverknad på samfunn blir i dette tilfellet utgjort av diskrimineringslova (Rogstad & Midtbøen, 2009: 17), der ei evaluering av lova og i kva grad dei tilsikta verknadane blir oppfylt (Mathiesen, 2011: 44). Friedman (2016: 15) påpeiker at generelt har folk eit sporadisk og misvisande syn på retten sitt arbeid, eigne rettar og lovverket. Populærkultur og media er sentrale påverkarar på den generelle oppfatninga av retten, som også har innverknad i lover sine tilsikta og utilsikta konsekvensar. Det vil ikkje sei at lover ikkje aldri vil oppnå dei tilsikta verknadane, men at det i fleire tilfelle vil oppnå eit fullstendig resultat. Å spørje kva verknad ei lov har hatt, er ikkje det same som å spørje om lova «oppfylte sin hensikt» (Friedman, 2016).

Funna i analysen peikar på at deltakarane har tiltru til at likestillings- og diskrimineringslova i seg sjølv er eit viktig grunnlag for å sette eit standpunkt for kva som er ønskeleg og uønskeleg handling i samfunnet. Men deltakarane problematiserer at ein manglande innsikt i rettspraksis fører til at det blir vanskeleg å vite i kva grad dei er beskytta av lova i kvardagen. Konsekvensvis, blir det problematisk å skulle ta nytte av rettslege verkemiddel i motverking av rasisme og diskriminering dersom ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om i kva grad ein er beskytta av lova. Særleg på grunn av tilfelle med subtile former for rasisme som for eksempel mikroaggresjon. Ei sentral forutsetning for å auke moglegheita for å ta nytte av rettslege verkemiddel blir då å forsterke bevisstheit om rettssikkerheitsgrunnlaget både i eit individ- og samfunnsmessig nivå.

